



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 4.8.2020

Til medlemmane i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** 4/20

**TID:** 11.08.2020 kl. 09:30

**STED:** Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

### SAKSLISTE:

#### UTV. SAKSNR. TITTEL

PS 26/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.JUNI 2020
PS 27/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 28/20	PRESENTASJON ÅRSOPPGJERSREVISJON 2019 – AUKRA KOMMUNE
PS 29/20	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2019 – AUKRA KOMMUNE

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert å melde på tlf. 71 11 14 52, evt. mobil 99160260.

E-post: [sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)

Varamedlemmer vert innkalt etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)  
leiar

Sveinung Talberg (s)  
rådgjevar

### Kopi:

Ordførar

Kommunedirektør

Møre og Romsdal Revisjon



**AUKRA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1547/04  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Sveinung Talberg  
Dato: 18.06.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 26/20	Kontrollutvalet	11.08.2020

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.JUNI 2020**

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 16.juni 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen frå 16.juni 2020 vert valt:

1. ....
2. ....

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt.  
Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Sveinung Talberg  
Rådgevar



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 3/20  
Møtedato: 16.06.2020  
Tid: Kl. 09.30 – kl. 13.00  
Møtestad: Fjernmøte i Teams  
Sak nr: 17/20 – 25/20  
Møteleiar: Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)  
Møtande medlemmer: Oddbjørg Sporsheim, nestleiar (V)  
Kristian Onsøyen (Sp)  
Grant Solem (Frp)  
Anita Hoøy Rekkavik (Ap)  
Forfall: Ingen  
Ikkje møtt: Ingen  
Møtande vara: Ingen  
Frå sekretariatet: Sveinung Talberg, rådgjevar  
Frå revisjonen: Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor  
Ronny Rishaug, oppdragsansvarlig regnskapsrevisor  
June B. Fostervold, regnskapsrevisor  
Av øvrige møtte: Odd Jørgen Nilssen, ordførar  
Ingrid Husøy Rimstad, kommunedirektør – sak 19/20, 20/20, 21/20,  
24/20 (Informasjonssikkerheit)  
Aaslaug Søreide, servicesjef - sak 24/20 (informasjonssikkerheit)  
Erna Lovise Varhaugvik, økonomisjef – sak 19/20, 20/20, 21/20

Leiaren ønska velkommen og leia møtet. Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.

### TIL HANDSAMING:

#### UTV. SAKSNR. TITTEL

PS 17/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.MAI 2020
PS 18/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 19/20	FINANSRAPPORT PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 20/20	ØKONOMIRAPPORT PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 21/20	BUDSJETTKORRIGERING PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 22/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023 – 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN
PS 23/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023 - 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN

PS 24/20      OPPFØLGINGSLISTE

PS 25/20      EVENTUELT

<b>PS 17/20</b>	<b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.MAI 2020</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 12.mai 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen frå 12.mai 2020 vert valt:

1. Anita Høy Rekkavik
2. Kristian Onsøyen

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Leiar fremma forslag om at protokollen frå møtet 12.mai 2020 vert godkjent og at Anita Høy Rekkavik og Kristian Onsøyen blir valt til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta einstemmig vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av leiar.  
(5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 12.mai 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen frå 12.mai 2020 vert valt:

1. ....
2. ....

<b>PS 18/20</b>	<b>REFERAT OG ORIENTERINGAR</b>
-----------------	---------------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

#### **Referatsaker:**

RS 25/20      **Orienteringssaker**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 07.05.2020 (vedlagt)

RS 26/20      **PS 24/20 Rapportering finansforvaltning pr 31.12.2019**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 07.05.2020 (vedlagt)

## **Orienteringssaker:**

OS 08/20      **RS 19/20 - Orienteringar frå kontrollutvalet i Aukra til kommunestyret**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 07.05.2020 (vedlagt)

OS 09/20      **PS 36/20 - Økonomiavdelinga - auke i stillingar**  
Saksframlegg til Aukra Formannskap 08.06.2020 (vedlagt)

Anita Hoøy Rekkavik synte til sak 62/18 i Aukra kommunestyre 9.10.2018 der det vart vedteke at rekrutteringsplana for Aukra kommune 2015 –2018 vert revidert og fornya. Tidsfrist 1. halvdel av 2019.

Kontrollutvalet ber om ein status på dette arbeidet frå kommunedirektør.

OS 10/20      **Verksemdsbesøk hos Aukra omsorgssenter – utsett**

Sekretær orienterte om at kommunedirektør har meldt at dette kan vere mogleg å få til i samband med møtet 22.09.20 ut frå restriksjonane med Covid-19.

OS 11/20      **Uttale frå kontrollutvalet 15.05.20 – Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune** (vedlagt)

Utvalet uttalte at dei vil følgje med på den politiske handsaminga av saka ut frå det som er meldt tidlegare om at Kontrollutvalet forutset at forskrifta ivaretek Kommuneleova § 8.3 om dekning av utgifter og økonomisk tap, samt forskrifta si § 1, 2. avsnitt om tydeleggjering av kven og kva som skal godtgjerast.

OS 12/20      **Orientering om kontrollutvalet og sekretariatet si verksemd og rolle – opplæringsbolk 2** (vedlagt)

Saka vert utsett til møtet 22.09.20 då det oppsto tekniske utfordringar med visninga i samband med gjennomgangen.

OS 13/20      **Orientering frå FKT sitt årsmøte 03.06.20**

Grant Solem, som representerte utvalet på det digitale årsmøtet, orienterte utvalet om årsmøteavviklinga og sakene som var til handsaming. Ingen spesielle kommentarar.

OS 14/20      **Permisjon frå politiske verv**

Kontrollutvalsmedlem Kristian Onsøyen orienterte utvalet om at han hadde søkt kommunestyret om 12 månaders permisjon frå politiske verv i Aukra kommune. Kristian Onsøyen har den 12. juni 2020 søkt om permisjon frå sine politiske verv. Han skal gjere militærtjeneste i 12 månader frå og med den 7. august 2020. Saka kjem opp i Aukra kommunestyre 18.06.20, sak 47/20.

Sekretær og medlemmar av utvalet gjorde greie i sakene og orienterte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek finansrapport pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Økonomisjef orienterte om status. Det er ingen brudd med finansreglementet. I høve rammer og risiko i finansreglementet er det ikkje vesentleg store avvik på den negative avkastninga ein rapporterer 30.04.20 i høve den porteføljen ein har til forvaltning på ca. 400 mill. kr. Andelen aksjar er moderat og ein ville sett eit større negativt avvik dersom denne andelen til forvaltning var større. Ved utgangen av mai har finansmarknaden teke seg positivt opp att og det er difor ein rapporterer eit anslag på null kroner i avkastning dette året.

Avdragstida på lån er no på gjennomsnitt ca. 11 år, mens ein i kommunen sine vedtekne handlingsreglar har fastsett 15 år som avdragstid. Kommunedirektøren kommenterte at det ikkje er aktuelt å vurdere endring av denne handlingsregelen i noko retning no.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek finansrapport pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek økonomirapport pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Kontrollutvalet uttrykkjer ein viss uro over utviklinga i driftsøkonomien og brudd på vedtekne økonomiske handlingsreglar i kommunestyresak 93/18 den 13.12.18, og vil følgje dette opp gjennom økonomirapporteringa for 2.tertial 2020.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Økonomisjefen orienterte om status. Med dei forutsetningane ein ser pr. 30.04.20 vil årsresultatet til Aukra kommune bli 33,7 mill. kr svakare enn forutsett i opprinneleg budsjett. Med det driftsnivået ein har no er det på sikt vanskeleg å oppretthalde avsetninga til disposisjonsfondet (fastlandssambandet/Kjerringsundet) som i dag. Ein kan stå ved eit vegskilje no der ein bryt fleire av dei handlingsreglane ein har for ein berekraftig økonomi.

Leiar spurde om dette hadde med endra føresetnader i eigedomsskattereglane å gjere. Økonomisjefen svara at det hadde det ikkje. Ein kan ikkje sjå at Aukra kommune er påverka av dette då eigedomsskatten som skriv seg frå anlegget på Nyhamna er regulert i petroleumsskattelova og ikkje i eigedomsskattelova. Men ein er samtundes spent på om «Statnettdommen» kan ha effektar på eigedomsskatten i Aukra kommune.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek økonomirapport pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Kontrollutvalet uttrykkjer ein viss uro over utviklinga i driftsøkonomien og brudd på vedtekne økonomiske handlingsreglar i kommunestyresak 93/18 den 13.12.18, og vil følgje dette opp gjennom økonomirapporteringa for 2.tertial 2020.

<b>PS 21/20</b>	<b>BUDSJETTKORRIGERINAGR PR. 30.04.2020 – AUKRA KOMMUNE</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek budsjettendringar pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Økonomisjefen orienterte om status. Med dei forutsetningane ein ser pr. 30.04.20 vil årsresultatet til Aukra kommune bli 33,7 mill. kr svakare enn forutsett i opprinneleg budsjett. Med det driftsnivået ein har no er det på sikt vanskeleg å oppretthalde avsetninga til disposisjonsfondet (fastlandssambandet/Kjerringsundet) som i dag. Ein kan stå ved eit vegskilje no der ein bryt fleire av dei handlingsreglane ein har for ein berekraftig økonomi. Etter endringane i budsjettet vil kommunen ha brudd på punkt 2,3 og 5 i vedtekne økonomiske handlingsreglar for å trygge berekraftig økonomisk utvikling.

I investeringsbudsjettet er det ingen vesentlege endringar.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek budsjettendringar pr. 30.04.2020 – Aukra kommune, til orientering.

<b>PS 22/20</b>	<b>RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023 – 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin statusrapport til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel blir teke med i det vidare arbeidet til den endelege rapporten som skal foreligge innan utgangen av juni 2020.

Rapporten dannar grunnlag for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid og forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 som vil bli lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 22.09.20 og med innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak innan utgangen av 2020.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Forvaltningsrevisor viste ein presentasjon over dei funn som no er gjort. Ein er enno ikkje kome så langt i arbeidet at ein har ein førebels rapport og hatt faktasjekk med kommunedirektør. Det er sendt ut skjema i samband med spørjeundersøking og nokre svar er kome inn.

Det vart fokusert på følgjande risikoområde forvaltningsrevisor har sett på følgjande:

### Barnevern – barn med problem

Leiar for den interkommunale barnevernstenesta orienterte kontrollutvalet i møte 18.02.20. Der kom det fram at ein opplever auke i henvendingar til barnevernet frå barnehagar og skular som går på område vald og trugslar. Barnevernet saknar eit apparat for å handtere desse sakene.

### Grunnskule – spesialundervisning

Andelen elevar med spesialundervisning er høgare i Aukra enn i Kostragruppe 16 og landet. Årstimar til spesialundervisning er lavare i Aukra enn i Kostragruppe 16 og landet. Årstimar til spesialundervisning har gått ned i Aukra dei siste åra. Tilstandsrapporten for grunnskule 2019-2020 i Aukra syner at lærartettleiken 1.-7.-8. og 10. klasse var høgare enn kommunane i Kostragruppe 16. Funna gjev grunnlag for å stille fleire interessante spørsmål.

### Helse – institusjon

Kontrollutvalet gjennomførte i 2019 ein forvaltningsrevisjon på området der fleire anbefalingar som kommunestyret vedtok på grunnlag av funn i rapporten vart oversendt kommunedirektør. Revisor ser at fleire av desse anbefalingane enno ikkje er effektuert. Kontrollutvalet følgjer opp dette gjennom eiga sak på oppfølgingslista.

### Offentlege anskaffingar – innkjøpsområdet

Kontrollutvalet gjennomførte i 2018 ein forvaltningsrevisjon på området der fleire anbefalingar som kommunestyret vedtok på grunnlag av funn i rapporten vart oversendt kommunedirektør. Revisor ser at fleire av desse anbefalingane enno ikkje er effektuert. Kontrollutvalet følgjer opp dette gjennom eiga sak på oppfølgingslista. Kontrollutvalet har i brev av 23.04.20 sendt kommunestyret ei orientering der ein uttrykkjer bekymring for framdrifta av arbeidet med å effektuere anbefalingane. Dette området er også sett fokus på gjennom rekneskapsrevisor sin interimrapport til kontrollutvalet.

### Selskap som kommunen er eigar/medeigar i

For å vurdere risikoen i selskap kommunen eig eller er medeigar i, kan det vere særleg aktuelt å sjå på styringssystema, om ein har eit innkjøpsreglement, økonomireglement, etikkreglement mv. Vidare kva tiltak ein har for å ivareta arbeidsmiljø og Lov om offentlege anskaffingar. Det er særleg aktuelt å sjå på selskap kommunen og kommunen sine innbyggjarar får tenester frå.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin statusrapport til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel blir teke med i det vidare arbeidet til den endelege rapporten som skal foreligge innan utgangen av juni 2020.



Rapporten dannar grunnlag for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid og forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 som vil bli lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 22.09.20 og med innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak innan utgangen av 2020.

<b>PS 23/20</b>	<b>RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023 - 2.DIALOGMØTE MED REVISJONEN</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin statusrapport til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet til den endelege rapporten som skal foreligge innan utgangen av juni 2020.

Rapporten dannar grunnlag for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid og forslag til plan for eigarskapskontroll 2020-2023 som vil bli lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 22.09.20 og med innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak innan utgangen av 2020.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Forvaltningsrevisor viste ein presentasjon over dei eigarskap det kan vere aktuelt å sjå nærare på. Utgangspunktet er å sjå på korleis kommunen ivaretek si eigarskapsrolle i selskap. Eigarskapsmeldinga til kommunen og note til årsrekneskapet er sentrale dokument i så måte. Det er på same grunnlag som i sak 22/20 viktig at kommunen ivaretek sine interesser slik at kommunen og innbyggjarar mottek tenester i henhold til dei avtalar kommunen har med selskapa. For å vurdere risikoen i selskap kommunen eig eller er medeigar i samt kjøper tenester frå, kan det vere særleg aktuelt å sjå nærare på Romsdalhalvøya Interkommunale renovasjonsselskap IKS (RIR) og Molde og Romsdal Havn IKS.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin statusrapport til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet til den endelege rapporten som skal foreligge innan utgangen av juni 2020.

Rapporten dannar grunnlag for kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid og forslag til plan for eigarskapskontroll 2020-2023 som vil bli lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 22.09.20 og med innstilling til kommunestyret for endeleg vedtak innan utgangen av 2020.

<b>PS 24/20</b>	<b>OPPFØLGINGSLISTE</b>
-----------------	-------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet beheld alle sakene på oppfølgingslista

I møtet vart det gjort følgjande orientering frå servicesjef som medfører endring på oppfølgingslista:

### **Informasjonssikkerheit**

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

**16.06.2020:** Kontrollutvalet fekk ein statusrapport frå kommunedirektøren v/Aaslaug Søreide i møtet. Kontrollutvalet hadde etter møtet 12.05.20 sendt inn to spørsmål som vart svart ut i møtet og ettersendt skriftleg. Ein gjengir følgjande hovudpunkt:

#### **Tidsplan?**

Arbeidet med implementeringa av informasjonssikkerheit og oppfølging av dette arbeidet er no organisert i eit sentralt prosjekt leia av den interkommunale faggruppa for informasjonssikkerheit i ROR-IKT. Prosjektet hadde sitt oppstartsmøte den 2. juni 2020 og prosjektgruppa skal bruke tida framover for å utarbeide ein prosjektplan inkludert handlingsplan med tidslinje. I dette prosjektet skal ein ta føre seg heile regelverket, sjå på kva vi har på plass og kva vi manglar. Dette inkluderer også plan for opplæring av tilsette. Aukra kommune har, som nevnt i førre kontrollutvalsmøte, det meste av formkrava på plass. Det står igjen ein del implementering av formkrava i organisasjonen. Ein overordna oversikt over kva som er gjort i Aukra kommune og kva som står att er gjengeve i svaret. Detaljane er ikkje presentert i svaret.

#### **Implementert av GDPR?**

Tilsette har kompetanse på personvern og informasjonssikkerheit for sitt område. Ein skiljer her på kompetansen som alle tilsette skal ha og den kompetansen nøkkelpersonane må ha. Vidare fokus i svaret er på nøkkelpersonane og kva kompetanse dei treng. Nøkkelpersonane skal i tillegg til å ha kompetanse på dagleg informasjonssikkerheit og personvern, ha kompetanse og ha eit forhold til prosedyrane under «Styrande», «Kontrollerande» og «Gjennomførande». Desse nøkkelpersonane må ha ein mykje større kunnskap om personvern og informasjonssikkerheit enn ein «vanleg tilsett». Tilsette har kunnskap om korleis personopplysningar som dei behandlar skal oppbevarast, endrast og sikrast, om det å låse PC-skjerm når dei forlet arbeidsplassen, melde avvik, adgangskontroll i bygga dei jobbar i, sikra utskrift med meir. Dette har dei fått opplæring om dette tidlegare. Plan for opplæring av nøkkelpersonar vil bli gitt av prosjektet og Aukra skal gjennomføre dei tiltaka som vert igangsett gjennom prosjektet.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet gjekk fekk ei orientering frå kommunedirektør på saka «Informasjonssikkerheit». Elles ingen oppdatering av dei andre sakene som leiar fremma forslag om vart ståande.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag framsett i møte frå leiar. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding til vedtak**

Følgjande sak vert ført opp på oppfølgingslista: .....

Følgjande sak får endra status på oppfølgingslista:.....

Følgjande sak vert avslutta på oppfølgingslista: .....

**Kontrollutvalet sin representasjon i åpne og lukka møter i Aukra kommune**

Slik kommunelova er utforma i § 23-2 er det kontrollutvalet som organ som kan vere tilstades i lukka møter i folkevalde organ. Samtidig har kontrollutvalets leiar eller den han bemyndigar, møte- og talerett i kommunestyret når utvalets saker skal handsamast. For at leiar eller andre i kontrollutvalet kan ha mulighet til å opptre på vegne av kontrollutvalet i åpne og lukka møter i andre politiske organ, må utvalet fatte vedtak om dette. Dette vedtaket bør innarbeidast i kontrollutvalet sitt reglement ved neste revisjon av reglementet.

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sin leiar har med heimel i kommunelova § 23-2, 4.ledd rett til å vere tilstades åpne og lukka møter i folkevalde organ i Aukra kommune. Utvalsleiar kan la eitt av dei andre medlemmane utøve denne retten på sine vegne.

Kommunestyret kan sjølv bestemme at denne retten til å vere tilstades i møter ikkje gjeld i lukka møter i kommunestyret.

Det skal framgå av protokollen frå det enkelte møte at kontrollutvalet sin representant har vore tilstades på møtet.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet sin leiar har med heimel i kommunelova § 23-2, 4.ledd rett til å vere tilstades åpne og lukka møter i folkevalde organ i Aukra kommune. Utvalsleiar kan la eitt av dei andre medlemmane utøve denne retten på sine vegne.

Kommunestyret kan sjølv bestemme at denne retten til å vere tilstades i møter ikkje gjeld i lukka møter i kommunestyret.

Det skal framgå av protokollen frå det enkelte møte at kontrollutvalet sin representant har vore tilstades på møtet.

**Møteoffentlegheit**

Kontrollutvalet v/leiar og kontrollutvalssekretær har fått ei melding frå eit formannskapsmedlem om merknader til protokollen frå møte i formannskapet i Aukra 08.06.20. Vedkomande hadde fått permisjon første timen av møtet, frå kl. 12-13. Vedkomande møtte opp kl. 13, men vart avvist frå møtelokalet av møteleiar og måtte vente utanfor lokalet til kl. 14 uten å fått ei grunngjeving for dette.

Det framgår av protokollen at det ikkje var sak 30/20, som var sak unnateke offentlegheit, som var til handsaming på det tidspunktet då formannskapsmedlemmet ville inn i møtelokalet. Det var sak 37/20 som var til handsaming.

Kontrollutvalet syner til kommunelova § 11-5 om møteoffentlegheit der det står at alle har rett til å vere til stade i møter i folkevalde organ dersom ikkje noko anna følgjer av denne paragrafen. Eit folkevald organ kan vedta å lukke eit møte på dei vilkår som går fram av § 11-5.

I § 3 til kommunestyret sitt reglement i Aukra kommune, som ein også kan tolke å gjelde for møter generelt, står det følgjande:

Dersom eit varamedlem lovleg har teke sete i møtet og seinare kjem den som han møter for eller eit varamedlem som står lenger framme i nummerrekka; då skal den førstnemnde vere med i møtet til dei er ferdig med den saka som var påbyrja då den andre kom.

En kan med andre ord ikkje tiltre ei sak før den er ferdigbehandla, men på den andre sida kan ein ikkje nekte eit medlem eller andre tilhøyrarar adgang til eit åpe møte så lenge det ikkje vert handsama saker som gjer at møtet skal lukkast.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalget skal føre tilsyn med alle forvaltningsorgan, unnateke kommunestyret sjølv. Kontrollutvalet vil påpeike at det er viktig at alle organ følgjer dei reglane som er fastsett i kommunelov og egne vedtekne retningslinjer for møteavvikling og møteoffentlegheit.

### **Kontrollutvalet si handsaming og vedtak**

Ordførar orienterte kontrollutvalet om at han har årsaka handteringa i møtet overfor formannskapsmedlemmet, at det var ein feil og beklagar det som skjedde i møtet då representanten ikkje slapp inn i møtelokalet. Ordførar var einig i kontrollutvalssekretær sine vurderingar som framgår av saksutgreiinga.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalget skal føre tilsyn med alle forvaltningsorgan, unnateke kommunestyret sjølv. Kontrollutvalet vil påpeike at det er viktig at alle organ følgjer dei reglane som er fastsett i kommunelov og egne vedtekne retningslinjer for møteavvikling og møteoffentlegheit.

### **Tilskot og midlar frå havbruksfondet**

Anita Hoøy Rekkavik sa i møtet at ho registrerer at det er forslag om endringar i tildelingar frå staten når det gjeld midlar frå havbruksfondet og som i forslaget medfører mindre midlar til kommunane. Havbruksfondet består at midlar frå konsesjonar knytt til oppdrettsanlegg lokalisert til sjøområda i den einskilde kommune.

Ordførar sa at forslag om endringar i kriteria for tilskot til kommunane no er eit forslag som kjem opp politisk på sentralt hald og som kommunen vil bruke sitt medlemsskap i interesseorganisasjoner til å påverke utfallet i. Dette er ei inntektskjelde kommunen må ta stilling til i samband med budsjetthandsaminga for 2021.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet vil følgje opp temaet gjennom handsaming av tertialrapportane i 2021.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Leiar fremma forslag om at kontrollutvalet vil følgje opp temaet gjennom handsaming av tertialrapportane i 2021.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av leiar.  
(5 voterande)

## **Henvending til kontrollutvalet**

Leiar og sekretær orienterte om ei henvending utvalet har fått frå ein nabo til tiltakshavar i tilknytning til ei byggesak. Innhaldet i henvendinga kan vere interessant som innspel for utvalet på eit overordna og prinsipielt nivå gjennom ein forvaltningsrevisjon.

## **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Den konkrete saka har preg av å vere ei enkelt klagesak som kontrollutvalet ikkje skal befatte seg med, men som kontrollutvalet v/sekretær gjennom veiledningsplikta i forvaltningslova § 11 vil gje den som henvendte seg informasjon om kvar ein kan henvende seg med ei eventuell klage.

## **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Leiar fremma forslag om at den konkrete saka har preg av å vere ei enkelt klagesak som kontrollutvalet ikkje skal befatte seg med, men som kontrollutvalet v/sekretær gjennom veiledningsplikta i forvaltningslova § 11 vil gje den som henvendte seg informasjon om kvar ein kan henvende seg med ei eventuell klage.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av leiar.  
(5 voterande)

Oddvar Hoksnes

leiar

Oddbjørg  
Sporsheim  
nestleiar

Kristian Onsøyen

medlem

Grant Solem  
medlem

Anita Hoøy Rekkavik  
medlem

Sveinung Talberg  
sekretær



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 27/20	Kontrollutvalet	11.08.2020

### REFERAT OG ORIENTERINGAR

#### Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

#### Bakgrunn for saka

#### Referatsaker:

- RS 27/20      **PS 26/20 - Rapportering finansforvaltning pr 30.04.2020**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 28/20      **PS 27/20 - Økonomirapportering pr. 30.04.20**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 29/20      **PS 28/20 - Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.20**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 30/20      **PS 29/20 - Rammesak - budsjett 2021**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 31/20      **PS 30/20 - Økonomiavdelinga - auke i stillingar**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 32/20      **PS 31/20 - Forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 33/20      **PS 32/20 - Politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- RS 34/20      **PS 47/20 - Permisjon frå politiske verv - Kristian Onsøyen**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)

#### Orienteringssaker:

- OS 15/20      **RS 26/20 - Møteprotokoll Kontrollutvalet 12.05.20**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)
- OS 16/20      **RS 28/20 - Revisjon - Aukra kommunes årsregnskap 2019**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)

OS 17/20      **RS 29/20 - Revisjon Aukra kommunes årsregnskap 2019 - svar fra  
kontrollutvalgssekretariatet**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.06.2020 (vedlagt)

Sveinung Talberg  
Rådgjevar

## Referatsaker

Saknr	Arkivsak	Tittel
20/20	20/00007-12	Særutskrift - Val av representantar og vararepresentantar til styret i Kjerringsundet AS
21/20	20/00103-8	Protokoll Eldrerådet 05.05.2020
22/20	20/00103-12	Protokoll Eldrerådet 27.05.2020
23/20	20/00104-2	Protokoll Ungdomsrådet 28.04.2020
24/20	20/00105-9	Protokoll Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 27.05.2020
25/20	20/00141-13	Eldrerådet si årsmelding 2019
26/20	20/01212-2	Møteprotokoll Kontrollutvalet 12.05.20
27/20	20/01755-1	Statusbrev pr mai 2020 Samhandlingsprosjekt Utvikling av rehabiliteringstjenestene i Møre og Romsdal.
28/20	20/00145-4	Revisjon - Aukra kommunes årsregnskap 2019
29/20	20/00145-5	Revisjon Aukra kommunes årsregnskap 2019 - svar fra kontrollutvalssekretariatet

**OS 15/20**

**OS 16/20**

**OS 17/20**

Referatsakene vart tatt til vitande



**From:** Nilssen, Odd Jørgen  
**Sent:** Monday, June 15, 2020 10:21 AM  
**To:** Böttcher, Martina Susanne; Jansen, Synnøve  
**Cc:** Rimstad, Ingrid Husøy  
**Subject:** VS: Revisjon Aukra kommunes årsregnskap 2019 - Ikke ferdig innen fristen 15.juni 2020

Greitt at denne eposten også blir teke med

Odd Jørgen Nilssen  
Ordfører  
Aukra kommune  
Epost: [odd.nilssen@aukra.kommune.no](mailto:odd.nilssen@aukra.kommune.no)  
Tlf.: 71 17 15 54 mobil: +47 41 63 08 40



Aukra kommune

---

**Fra:** Talberg, Sveinung <[sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)>  
**Sendt:** 15. juni 2020 09:34  
**Til:** Ronny Rishaug <[Ronny.Rishaug@mrrevisjon.no](mailto:Ronny.Rishaug@mrrevisjon.no)>; Rimstad, Ingrid Husøy <[ingrid.husoy.rimstad@aukra.kommune.no](mailto:ingrid.husoy.rimstad@aukra.kommune.no)>; Nilssen, Odd Jørgen <[odd.nilssen@aukra.kommune.no](mailto:odd.nilssen@aukra.kommune.no)>  
**Kopi:** June Beøy Fostervold <[june.fostervold@mrrevisjon.no](mailto:june.fostervold@mrrevisjon.no)>; Hoksnes, Oddvar <[oddvar.hoksnes@gmail.com](mailto:oddvar.hoksnes@gmail.com)>  
**Emne:** SV: Revisjon Aukra kommunes årsregnskap 2019 - Ikke ferdig innen fristen 15.juni 2020

Kontrollutvalget har tatt høyde for dette, og satt opp et møte Tirsdag 11.08.20 for behandling av årsregnskapet 2019. Da vil formannskapet kunne ha saken i møtet 24.08.20 og kommunestyret 03.09.20.

Med hilsen

*Sveinung Talberg*  
Rådgiver

**Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal**  
Postadresse: Rudhusplassen 1, 6413 Molde  
Besøksadresse: Havnegt. 35, Molde  
Tlf.: 71 11 00 00 sentralbord  
Tlf.: 71 11 14 52 direkte  
Mobil: 991 60260  
Epost: [sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)  
[postmottak@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:postmottak@kontrollutvalgromsdal.no)  
Nettside: [kontrollutvalgromsdal.no](http://kontrollutvalgromsdal.no)

---

**Fra:** Ronny Rishaug <[Ronny.Rishaug@mrrevisjon.no](mailto:Ronny.Rishaug@mrrevisjon.no)>  
**Sendt:** 12. juni 2020 15:55  
**Til:** Rimstad, Ingrid Husøy <[ingrid.husoy.rimstad@aukra.kommune.no](mailto:ingrid.husoy.rimstad@aukra.kommune.no)>; Nilssen, Odd Jørgen <[odd.nilssen@aukra.kommune.no](mailto:odd.nilssen@aukra.kommune.no)>  
**Kopi:** June Beøy Fostervold <[june.fostervold@mrrevisjon.no](mailto:june.fostervold@mrrevisjon.no)>; Talberg, Sveinung

<[sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)>; Hoksnes, Oddvar <[oddvar.hoksnes@gmail.com](mailto:oddvar.hoksnes@gmail.com)>

**Emne:** Revisjon Aukra kommunes årsregnskap 2019 - Ikke ferdig innen fristen 15.juni 2020

Hei

Som vi tidligere har kommunisert til kontrollutvalget og økonomisjef, så mente vi at behandling av Aukra kommune sitt årsregnskapet for 2019 i kontrollutvalget før sommeren var usikkert. Og vi ser nå at revisjonen av årsregnskapet for 2019 ikke blir ferdig innen fristen 15.juni. Dette medfører at vi på mandag må utstede en negativ beretning til kommunen, men denne vil bli kalt tilbake når vi avgir vår endelige revisjonsberetning.

Årsaken til at revisjonen ikke er ferdige er flere. Regnskapet/årsmelding ikke ferdige innen fristen, korona-situasjonen og ressursituasjonen hos revisjonen.

Vi arbeider nå med revisjonen av kommunen og vil avlegge beretningen så raskt som vi kan for videre politisk behandling i kommunen.

mvh

**Møre og Romsdal Revisjon SA**

Ronny Rishaug

*oppdragsansvarlig revisor*

Aukra kommunestyre vedtek oppstart av prosjekt 620102 *Energibrønnar kulturhus og basseng* og prosjekt 625 004 *kople kommunehuset til energisentralen* innan for ei samla økonomisk ramme på 5,2 millionar kroner.

Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre prosjektet.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Aukra kommunestyre vedtek oppstart av prosjekt 620102 *Energibrønnar kulturhus og basseng* og prosjekt 625 004 *kople kommunehuset til energisentralen* innan for ei samla økonomisk ramme på 5,2 millionar kroner.

Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre prosjektet.

**RS 27/20**

#### **26/20 Rapportering finansforvaltning pr 30.04.2020**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	32/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	26/20

#### **Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:**

##### **Møtebehandling**

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte.

##### **Votering**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

##### **Kommunestyrets vedtak**

Rapporten vert teke til vitande.

#### **Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 32/20**

##### **Møtebehandling**

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte.

## **Votering**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

## **Formannskapetets innstilling**

Rapporten vert teke til vitande

## **Kommunedirektøren si tilråding:**

Rapporten vert teke til vitande

**RS 28/20**

## **27/20 Økonomirapportering pr. 30.04.20**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	33/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	27/20

## **Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:**

### **Møtebehandling**

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte.

### **Votering**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

### **Kommunestyrets vedtak**

Rapporten vert teken til vitande.

**Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 33/20**

### **Møtebehandling**

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte

### Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt

### Formannskapetets vedtak/innstilling

Rapporten vert teken til vitande.

### Kommunedirektøren si tilråding:

Rapporten vert teken til vitande.

## 28/20 Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.20

**RS 29/20**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	34/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	28/20

### Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:

#### Møtebehandling

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte.

Aukra Venstre, Aukra SP og Aukra KRF sette fram følgjande fellesforslag:

20 Gossen barne- og ungdomsskole får utvida kokkestillinga frå 50% stilling til 100% stilling med ein kostnad på kr 285.000. I tillegg vert det bevilga pengar til auke i råvarekostnader på kr 250.000

21 Julsundet skole får utvida kokkestillinga frå 50% stilling til 100% stilling med ein kostnad på kr 250.000. I tillegg vert det bevilga pengar til auke i råvarekostnader på kr 190.000.

Kostnad på totalt kr 940.000 vert tatt av disposisjonsfondet.

Aukra kommunestyre ønsker å få lagt fram ei evaluering av kokketenestane i barnehagar og skoler hausten 2021.

Kommunestyremedlem Katrine Rindarøy (AP) sette fram følgjande forslag:

Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole gis økte rammer for å dekke opp kokk i 100% stilling for hver av skolene, samt tilhørende matbudsjett. Det utarbeides sak for inndekning av midler.

Kommunestyremedlem Katrine Rindarøy (AP) trekte sitt forslag.

## Votering

Fellesforslaget frå Aukra V, Aukra SP og Aukra KRF vart vedtatt som nytt punkt 3 med 19 mot 2 stemmer. Dei som stemte imot var:

- Atle Ræstad (H)
- Kevin Solem (AP)

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt

## Kommunestyrets vedtak

1. Bevillingsoversikt drift blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:

Driftseining/avdeling med endring (tal i heile 1000 kroner)	Tidlegare vedtak i eigne politiske saker	Endringar i denne saka	Sum endringar
Endring i frie disponible inntekter og finans		16 592	16 592
<b>Budsjettområder:</b>			
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	11 122	687	11 809
10.3 Økonomiavdelinga		890	890
22 Barnebo barnehage		565	565
30 Institusjonstenester		1 500	1 500
62 Tekniske tenester	3 130	1 000	4 130
89 Sentralt ansvar for lønsbuffer, motpot kalkrenter og avkriving og premieavvik pensjon		-1 800	-1 800
<b>Samla endring</b>	<b>14 252</b>	<b>19 434</b>	<b>33 686</b>
Dekning - redusert netto avsetning til disposisjonsfond			-33 686

2. Bevillingsoversikt-investering blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:
  - Utlån gjennom Husbanken si låneordning og finansiering med bruk av lån, blir auka med kr. 9,2 mill. til kr. 10 mill. i investeringsbudsjett.
  - Motteke avdrag frå låntakarane og kommunene sine avdrag til Husbanken blir endra til kr. 1,9 mill.
3. 20 Gossen barne- og ungdomsskole får utvida kokkestillinga frå 50% stilling til 100% stilling med ein kostnad på kr 285.000. I tillegg vert det bevilga pengar til auke i råvarekostnader på kr 190.000

21 Julsundet skole får utvida kokkestillinga frå 50% stilling til 100% stilling med ein kostnad på kr 250.000. I tillegg vert det bevilga pengar til auke i råvarekostnader på kr 250.000.

Kostnad på totalt kr 940.000 vert tatt av disposisjonsfondet.

Aukra kommunestyre ønsker å få lagt fram ei evaluering av kokketenestane i barnehagar og skoler hausten 2021.

Prosjekt	Budsjettkorrigerering Tiltak (i 1000 kr)	Rebudsjettering ubrukte løyver 2019	Tilrådde løyver i denne saka	Sum tilrådde endringar
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	165		165
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng		3 600	3 600
625001	Tiltak kommunehuset	289		289
625004	Koble kommunehuset til energisentralen		1 550	1 550
683019	Fiberutbygging	350		350
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	600		600
257000	Kulturhus og basseng	6 125		6 125
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage			0
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	1 000	1 130	2 130
624006	Renovering Bergtun	80		80
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	75		75
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	4 800		4 800
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	500		500
653211	Garderobe brann	400		400
662550	Etterbruk Rothaugen		-1 500	-1 500
669002	Nybygg Aukratun	2 260		2 260
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	3 290		3 290
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Helle	1 360		1 360
689001	Lager vatn og avløp Nyland	1 590		1 590
Nytt	Ventilasjon Julsundet skole		120	120
Nytt	Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune		150	150
	<b>SUM</b>	<b>22 884</b>	<b>5 050</b>	<b>27 934</b>
	Mva-kompensasjon			-5 052
	Bruk av disposisjonsfond			-22 882
	<b>Sum finansiering</b>			<b>22 884</b>

**Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 34/20**

### Møtebehandling

Kommunedirektøren si tilråding

### Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

## Formannskapetets innstilling

1. Bevillingsoversikt drift blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:

Driftseining/avdeling med endring (tal i heile 1000 kroner)	Tidlegare vedtak i eigne politiske saker	Endringar i denne saka	Sum endringar
Endring i frie disponible inntekter og finans		16 592	16 592
<b>Budsjettområder:</b>			
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	11 122	687	11 809
10.3 Økonomiavdelinga		890	890
22 Barnebo barnehage		565	565
30 Institusjonstenester		1 500	1 500
62 Tekniske tenester	3 130	1 000	4 130
89 Sentralt ansvar for lønsbuffer, motpot kalkrenter og avkriving og premieavvik pensjon		-1 800	-1 800
<b>Samla endring</b>	<b>14 252</b>	<b>19 434</b>	<b>33 686</b>
Dekning - redusert netto avsetting til disposisjonsfond			-33 686

2. Bevillingsoversikt-investering blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:
  - a. Utlån gjennom Husbanken si låneordning og finansiering med bruk av lån, blir auka med kr. 9,2 mill. til kr. 10 mill. i investeringsbudsjett.
  - b. Motteke avdrag frå låntakarane og kommunene sine avdrag til Husbanken blir endra til kr. 1,9 mill.



Prosjekt	Budsjettkorrigerings Tiltak (i 1000 kr)	Rebudsjettering ubrukte løyver 2019	Tilrådde løyver i denne saka	Sum tilrådde endringar
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	165		165
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng		3 600	3 600
625001	Tiltak kommunehuset	289		289
625004	Koble kommunehuset til energisentralen		1 550	1 550
683019	Fiberutbygging	350		350
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	600		600
257000	Kulturhus og basseng	6 125		6 125
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage			0
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	1 000	1 130	2 130
624006	Renovering Bergtun	80		80
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	75		75
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	4 800		4 800
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	500		500
653211	Garderobe brann	400		400
662550	Etterbruk Rothaugen		-1 500	-1 500
669002	Nybygg Aukratun	2 260		2 260
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	3 290		3 290
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Helle	1 360		1 360
689001	Lager vatn og avløp Nyland	1 590		1 590
Nytt	Ventilasjon Julsundet skole		120	120
Nytt	Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune		150	150
	<b>SUM</b>	<b>22 884</b>	<b>5 050</b>	<b>27 934</b>
	Mva-kompensasjon			-5 052
	Bruk av disposisjonsfond			-22 882
	<b>Sum finansiering</b>			<b>22 884</b>

### Kommunedirektøren si tilråding:

1. Bevillingsoversikt drift blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:

<b>Driftseining/avdeling med endring (tal i heile 1000 kroner)</b>	<b>Tidlegare vedtak i eigne politiske saker</b>	<b>Endringar i denne saka</b>	<b>Sum endringar</b>
Endring i frie disponible inntekter og finans		16 592	16 592
<b>Budsjettområder:</b>			
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	11 122	687	11 809
10.3 Økonomiavdelinga		890	890
22 Barnebo barnehage		565	565
30 Institusjonstenester		1 500	1 500
62 Tekniske tenester	3 130	1 000	4 130
89 Sentralt ansvar for lønsbuffer, motpot kalkrenter og avkriving og premieavvik pensjon		-1 800	-1 800
<b>Samla endring</b>	<b>14 252</b>	<b>19 434</b>	<b>33 686</b>
Dekning - redusert netto avsetting til disposisjonsfond			-33 686

2. Bevillingsoversikt-investering blir vedteke slik det går fram i denne saka, og med desse endringane innarbeidd:
- a. Utlån gjennom Husbanken si låneordning og finansiering med bruk av lån, blir auka med kr. 9,2 mill. til kr. 10 mill. i investeringsbudsjett.
  - b. Motteke avdrag frå låntakarane og kommunene sine avdrag til Husbanken blir endra til kr. 1,9 mill.

Prosjekt	Budsjettkorrigerings Tiltak (i 1000 kr)	Rebudsjettering ubrukte løyver 2019	Tilrådde løyver i denne saka	Sum tilrådde endringar
255012	Skjøtsel av Horrem kvernhus	165		165
620102	Energibrønner til kulturhus og basseng		3 600	3 600
625001	Tiltak kommunehuset	289		289
625004	Koble kommunehuset til energisentralen		1 550	1 550
683019	Fiberutbygging	350		350
255013	Treningspark i tilknytning til tursti ved Aukraskolane	600		600
257000	Kulturhus og basseng	6 125		6 125
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage			0
620101	Energibrønner og varmpumpe ved Furutun barnehage	1 000	1 130	2 130
624006	Renovering Bergtun	80		80
645204	Opparbeiding - Falkhytten sentrum	75		75
648117	Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg	4 800		4 800
648121	Tverrlia - ny linje - planlegging	500		500
653211	Garderobe brann	400		400
662550	Etterbruk Rothaugen		-1 500	-1 500
669002	Nybygg Aukratun	2 260		2 260
683018	Vegutbetring og veglys Hollingsætervegen	3 290		3 290
683021	Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Helle	1 360		1 360
689001	Lager vatn og avløp Nyland	1 590		1 590
Nytt	Ventilasjon Julsundet skole		120	120
Nytt	Bistand til utarbeiding av avløpsrammeplan for Aukra kommune		150	150
	<b>SUM</b>	<b>22 884</b>	<b>5 050</b>	<b>27 934</b>
	Mva-kompensasjon			-5 052
	Bruk av disposisjonsfond			-22 882
	<b>Sum finansiering</b>			<b>22 884</b>

## 29/20 Rammesak - budsjett 2021

**RS 30/20**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	35/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	29/20

### Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:

#### Møtebehandling

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte.

#### Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

#### Kommunestyrets vedtak

- Prognoser ut frå opplysningar i Kommuneproposisjonen for 2021 viser at Aukra kommune vil få ein reduksjon i sine frie disponible inntekter, i forhold til det som er lagt inn i vedteken økonomiplan. Fordeling til drift blir derfor halde uendra, på kr. 310,8 mill., i forhold til planvedtaket for 2021.
- Arbeidet med kvalitetssikring av dei ulike rammene i budsjett 2021 held fram.
- Ved omfordeling mellom budsjettområda vil demografisk utvikling bli lagt vekt på.
- Økonomiplana sitt investeringsbudsjett blir lagt til grunn, samstundes som eventuelle vedtekne endringar i 2020 blir innarbeidde og tekne omsyn til.

## **Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 35/20**

### **Møtebehandling**

Økonomisjef Erna L. Varhaugvik orienterte.

### **Votering**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

### **Formannskapetets innstilling**

- Prognoser ut frå opplysningar i Kommuneproposisjonen for 2021 viser at Aukra kommune vil få ein reduksjon i sine frie disponible inntekter, i forhold til det som er lagt inn i vedteken økonomiplan. Fordeling til drift blir derfor halde uendra, på kr. 310,8 mill., i forhold til planvedtaket for 2021.
- Arbeidet med kvalitetssikring av dei ulike rammene i budsjett 2021 held fram.
- Ved omfordeling mellom budsjettområda vil demografisk utvikling bli lagt vekt på.
- Økonomiplana sitt investeringsbudsjett blir lagt til grunn, samstundes som eventuelle vedtekne endringar i 2020 blir innarbeidde og tekne omsyn til.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

- Prognoser ut frå opplysningar i Kommuneproposisjonen for 2021 viser at Aukra kommune vil få ein reduksjon i sine frie disponible inntekter, i forhold til det som er lagt inn i vedteken økonomiplan. Fordeling til drift blir derfor halde uendra, på kr. 310,8 mill., i forhold til planvedtaket for 2021.
- Arbeidet med kvalitetssikring av dei ulike rammene i budsjett 2021 held fram.
- Ved omfordeling mellom budsjettområda vil demografisk utvikling bli lagt vekt på.
- Økonomiplana sitt investeringsbudsjett blir lagt til grunn, samstundes som eventuelle vedtekne endringar i 2020 blir innarbeidde og tekne omsyn til.

## 30/20 Økonomiavdelinga - auke i stillingar

RS 31/20

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	36/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	30/20

### Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:

#### Møtebehandling

Kommunedirektør Ingrid Husøy Rimstad orienterte.

#### Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

#### Kommunestyrets vedtak

Midlertidig etablert stilling på økonomiavdelinga blir omgjort til fast 100 % stilling frå 01.01.2021 og innarbeidd i kommande budsjett og økonomiplan for 2021 til 2024.

### Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 36/20

#### Møtebehandling

Kommunedirektøren si tilråding

#### Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt

#### Formannskapetets innstilling

Midlertidig etablert stilling på økonomiavdelinga blir omgjort til fast 100 % stilling frå 01.01.2021 og innarbeidd i kommande budsjett og økonomiplan for 2021 til 2024.

## Kommunedirektøren si tilråding:

Midlertidig etablert stilling på økonomiavdelinga blir omgjort til fast 100 % stilling frå 01.01.2021 og innarbeidd i kommande budsjett og økonomiplan for 2021 til 2024.

**RS 32/20**

## 31/20 Forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	37/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	31/20

### Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:

#### Møtebehandling

Aukra V og Aukra SP sette fram følgjande fellesforslag:

Punkt 2 vert tatt ut.

Ny § 10 som lyder slik:

*«Godtgjersle til varaordfører blir 12 % av ordfører si godtgjersle i budsjettåret.*

*Godtgjersla omfattar deltaking på alle møte. Det omfattar å møte i staden for ordfører ved ordfører sitt fråvær. Det omfattar også å erstatte ordfører under ordinær ferie og fråvær ved sjukdom under 3 dagar.*

*Ved lengre sjukefråvær og permisjon, skal varaordfører ha ordfører si godtgjersle etter 3 yrkedagar. Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.*

*Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.»*

Aukra Venstre sette fram følgjande forslag:

Aukra Venstre fremmer rådmannen sitt forslag i § 4 – utmåling av satsar for møtegodtgjersle.

Aukra KRF sette fram følgjande forslag:

Til § 4

Det vert satt like sats på møtegodtgjersle for alle typer politiske møter i Aukra kommune. Denne vert satt til 0,145 (prosentvis av ordfører si godtgjersle). Dette betyr at medlemmer i gruppe A og medlemmer i gruppe B får 0,145 i godtgjersle for deltaking på politiske møter.

Audhild Mork (AP) sette fram følgjande forslag:

Eldrerådet i Aukra og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert plassert i gruppe A, og får godtgjering på lik linje med medlemma og leiar i gruppa A.

Det vart halde gruppemøte.

Audhild Mork (AP) trekte sitt forslag.

Aukra Venstre trekte sitt forslag.

Aukra KRF trekte sitt forslag.

Aukra AP og Aukra KRF sette fram følgjande fellesforslag:

Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert plassert i gruppe A 0,145 og får godtgjering på lik linje med medlemmar i gruppe A. Leiar i eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert plassert i gruppe A, og får godtgjering 0,184 av ordførar si godtgjering.

## **Votering**

Det vart punktvis avstemming.

Punkt 1:

Aukra AP og Aukra KRF sitt fellesforslag vart satt opp mot formannskapet si innstilling punkt 1.

Fellesforslaget vart vedtatt med 14 mot 7 stemmer. Dei som stemte imot var:

- Odd Jørgen Nilssen (H)
- Baard André Fanghol (H)
- Anita Oterhals Eide (H)
- Atle Ræstad (H)
- Frode Bjerkan (H)
- Nina Marken Bergtun (FRP)
- Ole August Iversen (SV)

Punkt 2:

Aukra Venstre og Aukra SP sitt fellesforslag vart satt opp mot formannskapet si innstilling punkt 2.

Fellesforslaget vart vedtatt med 19 mot 2 stemmer. Dei som stemte imot var:

- Audhild Mork (AP)
- Jørgen Sporsheim (AP)

Punkt 3:

Aukra Venstre og Aukra SP sitt fellesforslag vart satt opp mot formannskapet si innstilling punkt 3.

Fellesforslaget vart vedtatt med 11 mot 10 stemmer. Dei som stemte i mot var:

- Audhild Mork (AP)
- Katrine Rindarøy (AP)
- Odd Arve Orten (AP)
- Kevin Solem (AP)
- Jørgen Sporsheim (AP)
- Nina Marken Bergtun (FRP)
- Ingunn Hjelmås (KRF)

- Helge Kjøll jr. (KRF)
- Marie Hoksnes (KRF)
- Oddvar Hoksnes (KRF)

Punkt 4:

Formannskapet si innstilling punkt 4 vart samrøystes vedtatt.

## Kommunestyrets vedtak

Aukra kommunestyret vedtek forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune med desse endringane:

1. Til § 4: Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert plassert i gruppe A 0,145 og får godtgjering på lik linje med medlemmar i gruppe A. Leiar i eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert plassert i gruppe A, og får godtgjering 0,184 av ordførar si godtgjering.
2. Punkt 2 vert tatt ut
3. Ny § 10 som lyder slik:  
*«Godtgjersle til varaordførar blir 12 % av ordførar si godtgjersle i budsjettåret.*

*Godtgjersla omfattar deltaking på alle møte. Det omfattar å møte i staden for ordførar ved ordførar sitt fråvær. Det omfattar også å erstatte ordførar under ordinær ferie og fråvær ved sjukdom under 3 dagar.*

*Ved lengre sjukefråvær og permisjon, skal varaordførar ha ordførar si godtgjersle etter 3 yrkedagar.*

*Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.*

*Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.»*

4. Til § 18 tredje ledd bokstav g lyder som følgjande:  
*«Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt i tidsrommet kl. 08.00 – 16.00 dersom ikkje anna kan dokumenterast, men i hovudsak ikkje utover 7,5 timar kvar dag».*

**Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 37/20**

## Møtebehandling

Formannschaftsmedlem Heidi Løklingholm (SP) sette fram følgjande forslag:

Punkt 2 vert tatt ut.



Aukra KRF, Aukra AP, Aukra Høgre sette fram følgjande forslag:

Punkt 2. Som tilrådinga frå kommunedirektøren

Aukra KRF, Aukra AP, Aukra Høgre og Aukra SP sette fram følgjande forslag:

Aukra kommunestyre vedtek forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune med desse endringane:

1. Til § 4 Formannskapet anbefaler at alle råd og utval som mottek møtegodtgjersle blir tatt med i tabellen. Godtgjering per møte for leiarane i gruppe B aukast frå 0,094 % til 0,145 % av ordførar si godtgjersle. Godtgjering per møte for medlemmane i gruppe B aukast frå 0,080 % til 0,100 % av ordførar si godtgjersle.
2. Ny § 10 som lyder slik:  
Godtgjersle til varaordførar blir 12% av ordførars godtgjersle. Godtgjeringa dekker deltaking i alle møter der varaordførar er politisk valt, kontortid, faste møter med ordføraren, representasjon og oppgåver som ordførarens vara.

Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar eller tapt arbeidsforteneste, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

Dersom varaordførar trer inn som stadfortredar ved ferie, permisjon eller sjukdom over 3 dagar skal varaordførar ha same godtgjersle som ordførar.

## **Votering**

Det vart punktvis avstemming.

Forslaget frå Heidi Løklingholm (SP) vart satt opp mot fellesforslaget frå Høgre, AP og KRF. Fellesforslaget frå Høgre, AP og KRF vart vedtatt med fem mot to stemmer:

- Anita Oterhals Eide (H)
- Heidi Løklingholm (SP)

Fellesforslaget frå Høgre, AP, KRF og SP punkt 1 og punkt 3 vart satt opp mot kommunedirektøren si tilråding.

Fellesforslaget frå Høgre, AP, KRF og SP punkt 1 og punkt 3 vart samrøystes vedtatt.

Tilrådinga frå kommunedirektøren punkt 4 vart samrøystes vedtatt.

## **Formannskapets innstilling**

Aukra kommunestyret vedtek forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune med desse endringane:

1. Til § 4 Formannskapet anbefaler at alle råd og utval som mottek møtegodtgjersle blir tatt med i tabellen. Godtgjering per møte for leiarane i gruppe B aukast frå 0,094 % til 0,145 % av ordførar si godtgjersle. Godtgjering per møte for medlemmane i gruppe B aukast frå 0,080 % til 0,100 % av ordførar si godtgjersle.

2. Til § 6: Kommunedirektøren anbefalar at dei folkevalte får utbetalt møtegodtgjersle for kvar enkelt møte dersom det er fleire møter på samme dag.

3. Ny § 10 som lyder slik:

Godtgjersle til varaordførar blir 12% av ordførars godtgjersle. Godtgjeringa dekkjer deltaking i alle møter der varaordførar er politisk valt, kontortid, faste møter med ordføraren, representasjon og oppgåver som ordførarens vara.

Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar eller tapt arbeidsforteneste, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

Dersom varaordførar trer inn som stadfortredar ved ferie, permisjon eller sjukdom over 3 dagar skal varaordførar ha same godtgjersle som ordførar.

4. Til § 18 tredje ledd bokstav g lyder som følgjande:

*«Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt i tidsrommet kl. 08.00 – 16.00 dersom ikkje anna kan dokumenterast, men i hovudsak ikkje utover 7,5 timar kvar dag».*

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Aukra kommunestyret vedtek forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune med desse endringane:

1. Til § 4: Kommunedirektøren anbefalar at alle råd og utval som mottek møtegodtgjersle blir tatt med i tabellen. Dette gjeld utbetalningar i gruppe B.

2. Til § 6: Kommunedirektøren anbefalar at dei folkevalte får utbetalt møtegodtgjersle for kvar enkelt møte dersom det er fleire møter på samme dag.

3. Ny § 10 som lyder slik:

*«Godtgjersle til varaordførar blir 12 % av ordførar si godtgjersle i budsjettåret.*

*Godtgjersla omfattar deltaking på alle møte. Det omfattar å møte i staden for ordførar ved ordførar sitt fråvær. Det omfattar også å erstatte ordførar under ordinær ferie og fråvær ved sjukdom under 3 dagar.*

*Ved lengre sjukefråvær og permisjon, skal varaordførar ha ordførar si godtgjersle etter 3 yrkedagar.*

*Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.*

*Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.»*

4. Til § 18 tredje ledd bokstav g lyder som følgjande:

«Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt i tidsrommet kl. 08.00 – 16.00 dersom ikkje anna kan dokumenterast, men i hovudsak ikkje utover 7,5 timar kvar dag».

## 32/20 Politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023

**RS 33/20**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Administrasjonsutvalet	08.06.2020	11/20
1 Drift- og arealutvalet	10.06.2020	3/20
1 Eldrerådet	27.05.2020	6/20
1 Livsløpsutvalet	04.06.2020	5/20
1 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	27.05.2020	4/20
1 Ungdomsrådet	26.05.2020	7/20
1 Ungdomsrådet	16.06.2020	9/20
2 Formannskapet	08.06.2020	47/20
3 Kommunestyret	18.06.2020	32/20

### Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:

#### Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren

#### Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt

#### Kommunestyrets vedtak

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 47/20

#### Møtebehandling

Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte.

#### Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt

## Formannskapetets innstilling

Aukra kommunestyre vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### Ungdomsrådet har behandla saka i møte 16.06.2020 sak 9/20

#### Møtebehandling

Leiar i ungdomsrådet Enid Melsæter sette fram følgjande forslag:

- Endre punkt 19.5.3 – stryke følgjande setning: «Rådet er vedtaksføre når minst 5 personar møter.» Rådet følgjer politisk reglement punkt 8.14.1 Vedtaksfør. 19.5.5.
- Rådet vert redusert til 7 representantar og 4 vara.

Ungdomsrådsmedlem Ida Eline Hauvik sette fram følgjande forslag:

- Ungdomsrådet vil kalle inn både representantar og vara til alle møter. Sjå punkt 19.5.5. Dette for å sikre oppmøte, alle vert involvert i saker og held seg oppdatert. Vara har da ikkje stemmerett, som punktet beskriv.  
Spørsmål til administrasjon: Får vara utbetalt møtegodtgjering for å delta i alle møter da dette vert fast?

#### Votering

Forslaga frå leiar Enid Melsæter og medlem Ida Eline Hauvik vart samrøystes vedtatt.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

#### Ungdomsrådets uttale

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023, med følgjande endringar:

- Endre punkt 19.5.3 – stryke følgjande setning: «Rådet er vedtaksføre når minst 5 personar møter.» Rådet følgjer politisk reglement punkt 8.14.1 Vedtaksfør. 19.5.5.
- Rådet vert redusert til 7 representantar og 4 vara.
- Ungdomsrådet vil kalle inn både representantar og vara til alle møter. Sjå punkt 19.5.5. Dette for å sikre oppmøte, alle vert involvert i saker og held seg oppdatert. Vara har da ikkje stemmerett, som punktet beskriv.  
Spørsmål til administrasjon: Får vara utbetalt møtegodtgjering for å delta i alle møter da dette vert fast?

### Drift- og arealutvalet har behandla saka i møte 10.06.2020 sak 3/20

#### Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren.

#### Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

### **Drift- og arealutvalets uttale**

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### **Administrasjonsutvalet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 11/20**

#### **Møtebehandling**

Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte

#### **Votering**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

### **Administrasjonsutvalets uttale**

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### **Livsløpsutvalet har behandla saka i møte 04.06.2020 sak 5/20**

#### **Møtebehandling**

Tilrådinga frå kommunedirektøren

#### **Votering**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

### **Livsløpsutvalets uttale**

Aukra kommunestyre vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har behandla saka i møte 27.05.2020 sak 4/20**

#### **Møtebehandling**

Tilrådinga frå kommunedirektøren.

#### **Votering**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

## **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevnes uttale**

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### **Eldrerådet har behandla saka i møte 27.05.2020 sak 6/20**

#### **Møtebehandling**

Medlem i rådet Ole Rakvåg satt fram følgjande forslag:

Foreslår følgende endringer av teksten i dokumentet:

1. side 8, oversikt andre kommunale organ A-Å:  
Eldrerådet blir plassert alfabetisk på egen linje etter administrasjonsutvalget.
2. side 45, avsnitt 17.5 om møtebok/protokoll: tilføye følgende setning:  
«Utsendt protokoll skal godkjennes av leder før protokollen legges ut på hjemmesiden»

#### **Votering**

Forslaget frå Ole Rakvåg vart samrøystes vedtatt

### **Eldrerådets uttale**

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023, med følgjande endringar;

1. side 8, oversikt andre kommunale organ A-Å:  
Eldrerådet blir plassert alfabetisk på egen linje etter administrasjonsutvalget.
2. side 45, avsnitt 17.5 om møtebok/protokoll: tilføye følgende setning:  
«Utsendt protokoll skal godkjennes av leder før protokollen legges ut på hjemmesiden»

### **Ungdomsrådet har behandla saka i møte 26.05.2020 sak 7/20**

#### **Møtebehandling**

Saka vart utsatt.

#### **Votering**

### **Ungdomsrådets vedtak/innstilling**

Rådet var ikkje vedtaksfør og det var difor ikkje gjort vedtak.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Aukra kommunestyret vedtek politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023.

### **33/20 Revisjon av Alkoholpolitisk retningsline**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Livsløpsutvalet	04.06.2020	6/20
2 Formannskapet	08.06.2020	46/20
3 Kommunestyret	18.06.2020	33/20

### **Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:**

#### **Møtebehandling**

Kommunedirektøren si tilråding

#### **Votering**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt

#### **Kommunestyrets vedtak**

1. Kommunestyret vedtek alkoholpolitisk retningsline.
2. Kommunestyret delegerer også desse oppgåvene til kommunedirektøren:
  - a. Kommunedirektøren kan inngå avtalar med kontrollørar i samband med kontroll av sals- og skjenkestader og har ansvar for praktisk administrasjon av dette.
  - b. Kommunedirektøren kan godkjenne mindre endringar i bevilginga som ikkje er av prinsipiell karakter.

**Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 46/20**

#### **Møtebehandling**

## Kommunedirektøren si tilråding:

Som skjønnsmedlemmar for perioden 01.01.2021-31.12.2024 foreslår Aukra kommune følgjande:

- Katrine Rindarøy
- Andreea Alexandra Johansen
- Lone Kristin Roald
- Rita Rognskog
- Kevin Solem
- Inge Sandnes

## 47/20 Permisjon frå politiske verv - Kristian Onsøyen

**RS 34/20**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	18.06.2020	47/20

### Møtebehandling i Kommunestyret 18.06.2020:

#### Møtebehandling

Ordførar Odd-Jørgen Nilssen (H) foreslo kommunestyrepreressant Rita Rognskog (V) som nytt varamedlem nr 3. i kontrollutvalet.

#### Votering

Ordførar Odd-Jørgen Nilssen (H) sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

#### Kommunestyrets vedtak

1. Kristian Onsøyen vert fritatt frå sitt verv som vararepresentant for SP i kommunestyret i perioden han avlegg militærtjeneste i Forsvaret (12 månader frå og med den 7. august 2020). Som følgje av dette rykker alle vararepresentantar i SP opp ein plass i same periode. Ann Elin Leikvoll vert ny 7. vararepresentant.
2. Kristian Onsøyen vert fritatt frå sitt verv som medlem av kontrollutvalet i perioden han gjer militærtjeneste i Forsvaret (12 månader frå og med den 7. august 2020). Som følgje av dette vert første varamedlem Wilhelm Andersen fast medlem i same periode. Varamedlem nr. 2 og 3 rykker opp ein plass, og det vert valt eitt nytt varamedlem nr. 3.

Som nytt 3. varamedlem i kontrollutvalet vert valt: Rita Rognskog (V)



### **Kommunedirektøren si tilråding:**

3. Kristian Onsøyen vert fritatt frå sitt verv som vararepresentant for SP i kommunestyret i perioden han avlegg militærteneste i Forsvaret (12 månader frå og med den 7. august 2020). Som følge av dette rykker alle vararepresentantar i SP opp ein plass i same periode. Ann Elin Leikvoll vert ny 7. vararepresentant.
4. Kristian Onsøyen vert fritatt frå sitt verv som medlem av kontrollutvalet i perioden han gjer militærteneste i Forsvaret (12 månader frå og med den 7. august 2020). Som følge av dette vert første varamedlem Wilhelm Andersen fast medlem i same periode. Varamedlem nr. 2 og 3 rykker opp ein plass, og det vert valt eitt nytt varamedlem nr. 3.

Som nytt 3. varamedlem i kontrollutvalet vert valt:

**Fra:** [Nilssen, Odd Jørgen](#)  
**Til:** [Talberg, Sveinung](#)  
**Kopi:** [Hoksnes, Oddvar](#); [Rimstad, Ingrid Husøy](#); [Rognskog Rita](#)  
**Emne:** SV: Kommunestyret 18. juni 2020 - Protokoll  
**Dato:** 22. juni 2020 11:33:18  
**Vedlegg:** [image002.png](#)  
[image003.png](#)

---

OK.

Vi må då ta opp igjen dette valet til hausten

Odd Jørgen Nilssen  
Ordfører  
Aukra kommune  
Epost: [odd.nilssen@aukra.kommune.no](mailto:odd.nilssen@aukra.kommune.no)  
Tlf.: 71 17 15 54 mobil: +47 41 63 08 40



Aukra kommune

---

**Fra:** Talberg, Sveinung <[sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)>  
**Sendt:** 22. juni 2020 11:31  
**Til:** Nilssen, Odd Jørgen <[odd.nilssen@aukra.kommune.no](mailto:odd.nilssen@aukra.kommune.no)>  
**Kopi:** Hoksnes, Oddvar <[hoksnos@gmail.com](mailto:hoksnos@gmail.com)>; Rimstad, Ingrid Husøy <[ingrid.husoy.rimstad@aukra.kommune.no](mailto:ingrid.husoy.rimstad@aukra.kommune.no)>  
**Emne:** VS: Kommunestyret 18. juni 2020 - Protokoll

I sak 47/20 vart Rita Rognskog vald som 3.varamedlem til kontrollutvalet frå 7.august 2020 og i 12 månader.

Kommuneloven, § 23-1. Kontrollutvalget:

Utelukket fra valg er

- a) ordfører og varaordfører
- b) medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) **medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet.** Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- g) **personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i**
- h) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

Rita Rognskog er nestleiar Skattetakstnemnda, medlem i Krisesenteret for Molde og omegn IKS, medlem av styret i Aukra boligselskap, personlig vara i Styret for Friluftsrådet i Nordmøre og Romsdal og vara i Livsløpsutvalet. Skattetakstnemnda og Livsløpsutvalet er organ med beslutningsmynde. Dei nemde selskapa har Aukra kommune eigarskap i.

Etter kommunelova § 23-1, bokstav c) og g) er ikkje Rita Rognskog valbar til verv i kontrollutvalet.

Med hilsen

*Sveinung Talberg*  
Rådgiver

**Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal**  
Postadresse: Rudhusplassen 1, 6413 Molde  
Besøksadresse: Havnegt. 35, Molde  
Tlf.: 71 11 00 00 sentralbord  
Tlf.: 71 11 14 52 direkte  
Mobil: 991 60260  
Epost: [sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)  
[postmottak@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:postmottak@kontrollutvalgromsdal.no)  
Nettside: [kontrollutvalgromsdal.no](http://kontrollutvalgromsdal.no)

---

**Fra:** Jansen, Synnøve <[synnove.jansen@aukra.kommune.no](mailto:synnove.jansen@aukra.kommune.no)>  
**Sendt:** 22. juni 2020 10:30  
**Til:** Aukra - Alle Kommunestyret med vara <[Kommunestyret\\_med\\_vara@aukra.kommune.no](mailto:Kommunestyret_med_vara@aukra.kommune.no)>; [torill.skuseth@r-b.no](mailto:torill.skuseth@r-b.no); Aukra - Biblioteket Offentlig <[Biblioteket.Offentlig@aukra.kommune.no](mailto:Biblioteket.Offentlig@aukra.kommune.no)>; Aukra - D\_Leiargruppa <[Leiargruppa@aukra.kommune.no](mailto:Leiargruppa@aukra.kommune.no)>; Bolghaug, Marianne <[marianne.bolghaug@aukra.kommune.no](mailto:marianne.bolghaug@aukra.kommune.no)>; Ræstad, Lene Marita Husøy <[lene.marita.raestad@aukra.kommune.no](mailto:lene.marita.raestad@aukra.kommune.no)>; Böttcher, Martina Susanne <[martina.susanne.boettcher@aukra.kommune.no](mailto:martina.susanne.boettcher@aukra.kommune.no)>; Hoksnes, Oddvar <[oddvar.hoksnos@gmail.com](mailto:oddvar.hoksnos@gmail.com)>; Talberg, Sveinung <[sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)>; June Bøy Fostervold <[june.fostervold@mrrevisjon.no](mailto:june.fostervold@mrrevisjon.no)>; Melsæter, Enid (Kontakt) <[Enidfjmelseter@gmail.com](mailto:Enidfjmelseter@gmail.com)>; Astrid Johanne Pedersen <[asjpede@online.no](mailto:asjpede@online.no)>; Hagås, Gunn Berit (Kontakt) <[ahagaas@hotmail.com](mailto:ahagaas@hotmail.com)>  
**Emne:** Kommunestyret 18. juni 2020 - Protokoll

Hei!

Protokollen frå kommunestyret 18. juni 2020 er publisert på Aukra kommune si heimeside.

[Protokoll kommunestyret 18.06.20](#)

Med helsing,

**SYNNØVE JANSEN** *Konsulent*

---

Telefon direkte 71 17 15 14  
Telefon sentralbord 71 17 15 00  
Postadresse Nyjordvegen 12, 6480 Aukra  
[www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no)



Aukra kommune



## Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 28/20	Kontrollutvalet	11.08.2020

### PRESENTASJON ÅRSOPPGJERSREVISJON 2019 – AUKRA KOMMUNE

#### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2019 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen om å melde attende til kontrollutvalet om forbetringpunkt og merknader blir fulgt opp av administrasjonen.

#### Bakgrunn for saka

I henhold til lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 23-2 skal kontrollutvalet påsjå at:

- kommunen sine rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.
- det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak.

Med heimel i kommunelova har Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastsett forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) der kontrollutvalets oppgåver ved rekneskapsrevisjon kjem fram i § 3.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at:

- kommunen sine årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.
- rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.
- rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapa og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalet har fått følgjande orienteringar frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor:

- Kommunikasjons-/revisjonsplan 2019 i kontrollutvalget i Aukra sitt møte 25.09.2019, sak PS 24/19.
- Interimrapport regnskapsrevisjon – revisjonsåret 2019 i kontrollutvalget i Hustadvika sitt møte 18.02.2020, sak PS 03/20.

Etter oppdragsavtalen som er inngått mellom kontrollutvalet i Aukra kommune og Møre og Romsdal Revisjon IKS, skal revisjonen også rapportere attende til kontrollutvalet etter utført årsoppgjersrevisjon.

Utkast til rapport frå årsoppgjørsrevisjonen er motteken av kontrollutvalssekretariatet den 10.07.20. Revisjonen vil ha møte med kommunedirektøren på utkastet før møtet i kontrollutvalet. Endeleg rapport vil foreligge og bli presentert i kontrollutvalets møte Sekretariatet har basert si saksutgreiing på utkast til rapport.

## VURDERING

Revisjonen har no avslutta sin revisjon av årsrekneskapet til Aukra kommune for rekneskapsåret 2019. Revisjonen har avgjeve revisjonsmelding datert 10.07.2020 utan atterhald. Det er likevel under avsnittet «andre forhold» kommentert, utan at det har betydning for revisjonen sine konklusjonar, der ein presiserer at årsrekneskapet og årsmeldinga vart avlagt etter fristane som følgjer av forskrift til kommunelova. Revisjonen har gjennom sitt revisjonsarbeid også observert forbettringsforhold, men som ikkje gjev grunn til atterhald i revisjonsmeldinga. Revisjonen vil i møtet orientere om utført revisjonsarbeid og summere opp forbettringspunkt og merknader.

Kontrollutvalet syner til rapporten frå revisjonen og følgjande forhold:

Årsrekneskap og årsmelding vart oversendt revisjonen 04.05.2020. Endeleg versjon vart oversendt 19.06.2020. Årsrapport vart ettersendt 25.06.2020. Fristane i forskrifta er hhv. 15.02. for avlegging årsrekneskap og 31.03. for avlegging av årsmelding. På denne bakgrunn avga revisjonen ei førebels revisjonsmelding den 15.06.2020 der dei påpeika at kommunedirektøren ikkje har avgjeve eit årsrekneskap og ei årsmelding for 2019 innan dei fristane som gjeld. Revisjonen har følgjeleg ikkje vore istand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innan fristen for å avgje revisjonsberetning som for 2020 er 15.06.2020 grunna Covid-19. Ordinær frist er 15.04.

Revisjonen anmerkar at med bakgrunn i kontroll av notane til årsrekneskapet, så har ein nokre forbettringspunkt som ein vil kommunisere med administrasjonen inneværande år. Kommunen bør også kvalitetssikre årsrekneskapet før det vert avgjeve.

Revisjonen har avdekket 5 feil som ikkje er retta, men som ikkje har vesentleg innverknad på årsrekneskapet.

Revisjonen har gjennom advokatbrev og fullstendigheitserklæring frå kommunen fått kjennskap til 3 hendingar etter balansedagen 31.12.2019. Dette gjeld ei klage på eigedomsskatt, ei arbeidsrettsak som er avslutta der dom ikkje er avsagt og eit motteke forsikringsoppgjer i 2020.

På finansområdet har revisjonen ein del merknader. Dette gjeld klassifisering av omløpsmidlar, bankkontoar som ikkje er rekneskapsført og finansrapportane som ikkje følgjer krava om rapportering i finansreglementet.

Det er også merknader til budsjettering av formidlingslån der det er store avvik og der det ikkje er gjennomført budsjettendringar.

Revisjonen har avgjeve si revisjonsmelding utan atterhald. Under «andre forhold» har revisjonen opplyst at årsrekneskapet er avlagt etter fristen.

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet ber revisjonen om å melde attende til kontrollutvalet om forbedringspunkt og merknader blir følgt opp av administrasjonen. Det forventar ein blir gjort i samband med rapportering frå interimrevisjonen 2020.

Sveinung Talberg  
Rådgjevar



## Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 29/20	Kontrollutvalet	11.08.2020

### ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2019 – AUKRA KOMMUNE

#### Sekretariatet sitt forslag til fråsegn

##### Årsrekneskapet 2019

Kontrollutvalet har i møte 11.08.2020, sak PS 29/20 handsama Aukra kommune sitt årsrekneskap for 2019 i tråd med kommunelovas § 14-6, forskrift om kontrollutval og revisjon i kommuner og fylkeskommuner av 17.06.2019 § 3, 2.ledd og forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 15.12.2000.

Grunnlaget for handsaminga har vore kommunen sitt årsrekneskap for 2019 frå kommunedirektør, kommunedirektørens årsmelding for 2019, presentasjon av årsoppgjørsrevisjon 2019 i sak PS 28/20 og revisor si beretning datert 10.07.2020. I tillegg har revisjonen og kommunedirektør supplert utvalet med muntleg informasjon om aktuelle problemstillingar i møtet. Revisor avga den 15.06.2020 negativ beretning då kommunedirektøren ikkje har avgjeve eit årsrekneskap og årsmelding innan fristen som følgjer av forskrifter. Revisjonen har følgjeleg ikkje vore i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov og forskrifter og avgjeve revisjonsberetning innan fristen 15.06.20.

Årsrekneskapet inneheld dei oppstillingar og notar som er Lov- og forskriftsbestemt. Årsrekneskapet er avlagt 04.05.2020 av kommunedirektør. Frist for å avlegge rekneskapet er 15.02.2020. Siste versjon av årsrekneskap og årsmelding 2019 er motteke 25.06.2020.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2019 syner kr 299 968 481 til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 507 574. Netto driftsresultat var i 2019 på kr 166 436 000, som utgjer 27 % av driftsinntektene. Teknisk beregningsutvalg (TBU) har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi. Netto driftsresultat bør ifølgje TBU minimum utgjøre 1,75 % av driftsinntektene. Dette ville ha utgjort kr 10 768 000. Dette utgjer eit avvik på kr 155 668 000. I 2018 var det eit netto driftsresultat på kr 135 221 000, i 2017 kr 120 941 000 og i 2016 kr 142 023 000. Dei 3 siste åra har netto driftsresultat auka med kr 45 495 000 (38 %).

Aukra kommune har i 2019 hatt eit lågt investeringsnivå samanlikna med tidlegare år. Det vart brukt kr 39 547 000 av eit regulert budsjett på kr 59 150 000 til investering i anleggsmidlar. I 2018 var det brukt 145 148 000 og i 2017 248 084 000.

Aukra kommune si lånegjeld er relativt låg og på veg ned samanlikna med andre kommunar og tidlegare år. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har ein buffer i drifta på kr 22 821 412 i høve berekna minimumsavdrag.

Årets netto avsetning til disposisjonsfondet er på kr 161 167 000. Disposisjonsfondet utgjer pr. 31.12.19 kr 654 304 376. Inkludert i kommunen sitt disposisjonsfond er Fond for

fastlandsløysing med kr 539 900 649 der avsetninga i 2019 utgjorde kr 100 000 000 av ei samla avsetting til disposisjonsfondet på kr 163 512 983.

Etter revisjonen sitt syn er årsrekneskapet avgjeve i samsvar med lov og forskrifter og god kommunal regnskapsskikk, med unntak av at fristen 15.02. for avlegging ikkje er halden.

Etter utvalets gjennomgang av årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si beretning, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapet gjev eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2019.

### **Kontrollutvalet rår tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapet for Aukra kommune for 2019 slik det er avlagt.**

#### Årsmelding 2019

Kontrollutvalet har i møte 11.08.2020, sak PS 29/20 handsama Aukra kommune si årsmelding for 2019 i tråd med kommuneloven § 14-7, forskrift om kontrollutvalg og revisjon i kommuner og fylkeskommuner av 17.06.2019 § 3, 2.ledd og forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 15.12.2000.

Årsmeldinga er oversendt kontrollutvalet 04.05.2020 av kommunedirektør. Fristen for å avlegge årsmeldinga er 31.03.2020.

Årsmeldinga inneheld dei fleste moment som er regulert i kommunelova § 14-7, bortsett frå bokstav c) om verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske tilhøve som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane, bokstav f) om aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26, samt § 31-3 b) om utgreiing av tiltak som er iverksett og tiltak som ein planlegg iverksett for å sikre betryggande kontroll med verksemda.

### **Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsmeldinga for Aukra kommune for 2019 slik den er avlagt.**

#### **Bakgrunn for saka**

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. av 07.06.2019 § 11-2 seier at årsregnskapet for 2019 skal avleggast og vedtakast i 2020 i samsvar med reglane i forskrift 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning. (gamle forskrifter).

I § 10 slås det fast at årsrekneskapet årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret sjølv seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. I samband med Covid-19 er fristen for kommunestyret si handsaming for 2020 sett til 15.09.2020. Årsrekneskapet skal vere avlagt innan 15.februar i året etter rekneskapsåret. Administrasjonssjefen utarbeider årsmeldinga, og fremmar denne for det organ kommunestyret bestemmer. Årsmeldinga skal avgjevast utan ugrunna opphald og seinast innan 31.mars året etter det året årsmeldinga gjeld for. Årsmeldinga skal oversendast til kontrollutvalet før kontrollutvalet avgjev sin uttale til kommunestyret.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) av 21.06.2019 §§ 24-5, 24-6 og 24-7 omhandlar revisjonens innhald ved rekneskapsrevisjon. § 24-8 bestemmer at rekneskapsrevisor skal avgje ei revisjonsberetning til kommunestyret seinast 15. april. Det skal sendast kopi til kontrollutvalet, til formannskapet og til kommunedirektøren.

I henhald til lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) av 21.06.2019 § 23-2 skal kontrollutvalet påsjå at:



- a) kommunen sine rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.
- b) det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak.

Med heimel i kommunelova av 21.06.2019 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastsett forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) der kontrollutvalets oppgåver ved rekneskapsrevisjon framgår i § 3:

*Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at:*

- a) *kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte.*
- b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor.*
- c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

*Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapa og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak.*

Kommunelova §§ 14-6, 14-7 og 31-3 omhandlar for øvrig bestemmelsar om årsrekneskap og årsmelding og kontrollutvalet har orientert sin uttale i henhald til dette.

Vedlagt saka følgjer:

- Uavhengig revisors førebelse beretning, datert 15.06.2020
- Uavhengig revisors beretning, datert 10.07.2020.
- Årsrapport 2019 for Aukra kommune, motteke 25.06.2020.

## VURDERING

### Årsrekneskapet 2019

Kontrollutvalet har i møte 11.08.2020, sak PS 29/20 handsama Aukra kommune sitt årsrekneskap for 2019 i tråd med kommunelovas § 14-6, forskrift om kontrollutval og revisjon i kommuner og fylkeskommuner av 17.06.2019 § 3, 2.ledd og forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 15.12.2000.

Grunnlaget for handsaminga har vore kommunen sitt årsrekneskap for 2019 frå kommunedirektør, kommunedirektørens årsmelding for 2019, presentasjon av årsoppgjørsrevisjon 2019 i sak PS 28/20 og revisor si beretning datert 10.07.2020. I tillegg har revisjonen og kommunedirektør supplert utvalet med muntleg informasjon om aktuelle problemstillingar i møtet. Revisor avga den 15.06.2020 negativ beretning då kommunedirektøren ikkje har avgjeve eit årsrekneskap og årsmelding innan fristen som følgjer av forskrifter. Revisjonen har følgeleg ikkje vore i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov og forskrifter og avgjeve revisjonsberetning innan fristen 15.06.20.

Årsrekneskapet inneheld dei oppstillingar og notar som er Lov- og forskriftsbestemt.

Årsrekneskapet er avlagt 04.05.2020 av kommunedirektør. Frist for å avlegge rekneskapet er 15.02.2020. Siste versjon av årsrekneskap og årsmelding 2019 er motteke 25.06.2020.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2019 syner kr 299 968 481 til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 507 574. Netto driftsresultat var i 2019 på kr 166 436 000, som utgjer 27 % av driftsinntektene. Teknisk beregningsutvalg (TBU) har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi. Netto driftsresultat bør ifølgje TBU minimum utgjøre 1,75 % av driftsinntektene. Dette ville ha utgjort kr 10 768 000. Dette utgjer eit avvik på kr 155 668 000. I 2018 var det eit

netto driftsresultat på kr 135 221 000, i 2017 kr 120 941 000 og i 2016 kr 142 023 000. Dei 3 siste åra har netto driftsresultat auka med kr 45 495 000 (38 %).

Aukra kommune har i 2019 hatt eit lågt investeringsnivå samanlikna med tidlegare år. Det vart brukt kr 39 547 000 av eit regulert budsjett på kr 59 150 000 til investering i anleggsmidlar. I 2018 var det brukt 145 148 000 og i 2017 248 084 000.

Aukra kommune si lånegjeld er relativt låg og på veg ned samanlikna med andre kommunar og tidlegare år. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har ein buffer i drifta på kr 22 821 412 i høve berekna minimumsavdrag.

Årets netto avsetning til disposisjonsfondet er på kr 161 167 000. Disposisjonsfondet utgjer pr. 31.12.19 kr 654 304 376. Inkludert i kommunen sitt disposisjonsfond er Fond for fastlandsløysing med kr 539 900 649 der avsetninga i 2019 utgjorde kr 100 000 000 av ei samla avsetning til disposisjonsfondet på kr 163 512 983.

### **Nokre nøkkeltal**

<b>Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter</b>	2019	2018	2017	Fylkesmannen sitt måltal
Aukra kommune	27,0	22,8	21,4	1,75

Dette viser delen av driftsinntektene som ikkje er brukt i drifta. Tala viser at kommunen ligg godt over fylkesmannen sitt måltal på 1,75%. Aukra kommune leverer det beste netto driftsresultatet i heile landet. Nest beste kommune hadde eit netto driftsresultat på 16 %. Gjennomsnittet i landet er på 1,9 %. Netto driftsresultat er på kr 166 436 000, som er 1 mill. kr over regulert budsjett.

<b>Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter</b>	2019	2018	2017	Fylkesmannen sitt måltal
Aukra kommune	106,7	87,6	73,2	Minimum 4 %

Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss størrelse for å møte uføresette utgifter og svikt i dei frie inntektene. Tala viser at Aukra kommune ligg langt over fylkesmannen sitt måltal. Aukra kommune er den landkommunen i landet med størst disposisjonsfond. Dei 8 kommunane med større disposisjonsfond er alle bykommunar. I prosent av brutto driftsinntekter er Aukra kommune på topp med 106,3 %. Nest beste kommune av dei 9 med størst disposisjonsfond har eit disposisjonsfond på 30,7 % av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet utgjer pr. 31.12.19 kr 654 304 376. Inkludert i kommunen sitt disposisjonsfond er Fond for fastlandsløysing med kr 539 900 649 der avsetninga i 2019 utgjorde kr 100 000 000 av ei samla avsetning til disposisjonsfondet på kr 163 512 983.

<b>Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunekonsern</b>	2019	2018	2017	Fylkesmannen sitt måltal
Aukra kommune	56,9	64,3	75,7	50 %

Dette nøkkeltalet seier noko om kommunen si fordeling mellom gjeld og eigenkapital. Lånegjelda til Aukra er høgare enn fylkesmannen sitt måltal, men likevel på veg ned og pr. 31.12.2019 nesten identisk med fylkesmannen sitt måltal. Gjennomsnittet i landet var på 106,7 % i 2019. Aukra kommune ligg på 60.plass i landet over kommunar med låg netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Den kommunen med lågast netto lånegjeld har 10,7 % i netto lånegjeld av brutto driftsinntekter. For å kunne takle ei auke i lånerenta er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Aukra kommune har både eit særst godt netto driftsresultat og stort disposisjonsfond. Aukra har også i tillegg kortare nedbetalingstid på sine lån, og kunne om det var naudsynt auka avdragstida vesentleg.

Revisor vil i møte presentere informasjonen for kontrollutvalet om utført årsoppgjersrevisjon handsama som eiga sak for kontrollutvalet. Det er ikkje rapportert om vesentlege merknader til årsrekneskapet, men sekretariatet rår til at Kontrollutvalet ber revisjonen om å melde attende til kontrollutvalet om forbetringpunkt og merknader blir fulgt opp av administrasjonen.

Dersom gjennomgangen i møtet bring fram nye opplysningar, kan det gjerast endring i fråsegna.

Etter revisjonen sitt syn er årsrekneskapet avgjeve i samsvar med lov og forskrifter og god kommunal regnskapsskikk, med unntak av at fristen 15.02. for avlegging ikkje er halden.

Etter utvalets gjennomgang av årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si beretning, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapet gjev eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2019.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapet for Aukra kommune for 2019 slik det er avlagt.

#### Årsmelding 2019

Kontrollutvalet har i møte 11.08.2020, sak PS 29/20 handsama Aukra kommune si årsmelding for 2019 i tråd med kommuneloven § 14-7, forskrift om kontrollutvalg og revisjon i kommuner og fylkeskommuner av 17.06.2019 § 3, 2.ledd og forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner av 15.12.2000.

Årsmeldinga er oversendt kontrollutvalet 04.05.2020 av kommunedirektør. Fristen for å avlegge årsmeldinga er 31.03.2020.

Årsmeldinga inneheld dei fleste moment som er regulert i kommunelova § 14-7, bortsett frå bokstav c) om verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske tilhøve som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane, bokstav f) om aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26, samt § 31-3 b) om utgreiing av tiltak som er iverksett og tiltak som ein planlegg iverksett for å sikre betryggande kontroll med verksemda.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsmeldinga for Aukra kommune for 2019 slik den er avlagt.

Sveinung Talberg  
Rådgjevar

**MRR**  
Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kommunestyret i Aukra Kommune

Kopi  
Kontrollutvalget  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

**Uavhengig revisors beretning - foreløpig**

Kommunedirektøren har ikke avgitt et årsregnskap og årsberetning for Aukra kommune for regnskapsåret 2019 innen den frist som følger av forskrift om årsregnskap og årsberetning. Vi har følgelig ikke vært i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innen fristen for å avgi revisjonsberetning 15. juni, jf. Midlertidig lov om unntak fra kommuneloven, IKS-loven og partiloven §5.

Denne revisjonsberetningen vil bli trukket tilbake når vi har kunnet gjennomføre de revisjonshandlinger vi finner nødvendige for å uttale oss om årsregnskapet.

Molde, 15. juni 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Ronny Rishaug

*oppdragsansvarlig revisor*

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til **Kommunestyret i Aukra Kommune**

Kopi:  
Kontrollutvalget  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

## Uavhengig revisors beretning

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### *Konklusjon*

Vi har revidert Aukra Kommunes årsregnskap som viser kr 299 968 481 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 2 507 574. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Aukra Kommune per 31. desember 2019, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Øvrig informasjon*

Kommunedirektøren er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende. Vi henviser for øvrig til avsnittet «Konklusjon om årsberetningen» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## *Kommunedirektørens ansvar for regnskapet*

Kommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll han finner nødvendig for å kunne utarbeide et regnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

## *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av Kommunedirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og kommunedirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

## **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## *Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

## *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokførings-skikk i Norge.

## *Andre forhold*

Uten at det har betydning for våre konklusjoner vil vi presisere at årsregnskapet og årsmeldingen ble avlagt etter fristene i forskrift til kommuneloven som er henholdsvis 15. februar og 31. mars.

Denne beretning erstatter tidligere avgitt beretning, datert 15. juni 2020, som ble avgitt ved utløpet av forskriftens frist for å avlegge revisjonsberetning.

Molde, 10. Juli 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Ronny Rishaug

oppdragsansvarlig revisor



Aukra kommune

---

ÅRSRAPPORT  
2019

MED ÅRSREKNESKAP OG  
ÅRSMELDING





# ÅRSRAPPORT 2019

Aukra kommune

# INNHALD

## 04 KOMMUNEN VÅR

---

- 04 – Konsernkart
- 06 – Administrativ leiling
- 07 – Politisk leiling
- 10 – Innleiing
- 12 – Kommunedirektørens sin kommentar
- 14 – Befolkning
- 16 – Strategi
- 28 – Medarbeidarar og organisasjon

## 34 STAB

---

- 34 – Serviceavdelinga
- 36 – Økonomiavdelinga
- 38 – Organisasjonsavdelinga

## 42 OPPVEKST OG KULTUR

---

- 42 – Oppvekst og kultur
- 54 – Gossen barne- og ungdomsskole
- 56 – Julsundet skole
- 58 – Barnebo barnehage
- 60 – Bergetippen barnehage
- 62 – Innvandring og integrering
- 64 – Kultur

## 68 HELSE OG OMSORG

---

- 68 – Helse og omsorg
- 80 – Institusjonstjenester
- 82 – Heimetenester
- 84 – Helse
- 86 – NAV Aukra

# 87

## TEKNISKE TENESTER

---

87 - Tekniske tenester

# 94

## ANDRE OMRÅDER

---

94 - Barnevernet

# 97

## ÅRSREKNESKAP

---

101 - Investeringsprosjekt  
106 - Økonomisk oversikt  
112 - Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar  
114 - Noter

# 125

## ÅRSMELDING

---

136 - Balansen - diverse nøkkeltal  
138 - Etikk  
139 - Likestilling

# KONSERNKART

## KOMMUNESTYRET

21 representantar

### Formannskapet

7 representantar

### Kontrollutvalet

5 representantar

### Administrasjonsutvalet

### Drifts- og arealutvalet

7 representantar

### Livsløpsutvalet

7 representantar

### Eldrerådet

5 representantar

### Ungdomsrådet

7 representantar

### Rådet for likestilling av funksjonshemma

5 representantar

### Andre mindre råd, utval og nemnder

Dyrevernsnemnda

Forliksrådet

Grendautvalet

Heimevernsnemnda

Klagenemnda

Namneutvalet

Overskattetakstnemnda

Pårørandet Aukraheimen

Skattetakstnemnda

Sogenemnda

Tilflytnings- og innkvarteringsnemnda

Valstyret

Viltnemnda

### Administrativ leiing

#### Kommunedirektør

2 kommunalsjefar


3 stabsavdelingar

11 einingar

### Andre nettverk og samarbeid

- Nettverk av petroleumskommunar
- Norskehavsrådet
- Nettverk av fjord- og kystkommunar
- Nordisk Atlantsamarbeid
- Romsdal Regionråd (ROR)

### Eigardel i aksjar og andelar



### Interkommunale samarbeid

- ACT-team
- Driftsassistanse for vann og avløp
- Eiendomskattetaksering
- Eide vassverk
- Felles legevakt 2 (Aukra, Midsund og Sandøy)
- Felles legeskyssebåt (Aukra, Midsund og Sandøy)
- Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
- Harøysund Næringspark
- Interkommunal barneverntjeneste i Molde, Midsund, Aukra og Eide
- Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal
- Kontrollutvalgssekretariat for Romsdal
- Kulturskolesamarbeid (fagleg)
- Krisesenter
- Kystlab AS
- Møreaksen AS
- Møre og Romsdal Revisjon IKS
- PPT
- Romsdalskart
- ROR-samhandling
- Romsdalsmuseet
- Romsdalsorkesteret
- ROR Innkjøpssamarbeid
- ROR IKT
- Romsdal interkommunale utvalg mot akutt forurensning (RIUA)
- Samspleis AS (samferdselsbygger Nordmøre og Romsdal)
- Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep
- Veterinærvakt Molde, Midsund og Aukra
- Visit Nordmøre og Romsdal AS

# ADMINISTRATIV LEING



**Kommunedirektør**  
INGRID HUSØY RIMSTAD



**Kommunalsjef drift**  
JAN ERIK HOVDENAK



**Kommunalsjef plan og utvikling**  
GEIR J. GÖNCZ



**Serviceavdelinga**  
AASLAUG SØREIDE



**Økonomiavdelinga**  
ERNA L. VARHAUGVIK



**Organisasjonsavdelinga**  
RANNVEIG H. SPORSEIM



**Gossen barne- og ungdomsskole**  
HEIDI FALKHYTTEN



**Innvandring og integrering**  
AUD L. LILLEBOSTAD



**Helse**  
ROALD BORTHNE



**Julsundet skole**  
TERJE GUNDERSEN-RØVIK



**Kultur**  
ANNE JORUNN SANDØY



**NAV Aukra**  
KJERSTIN J. MAURSETH



**Barnebo barnehage**  
SISSEL O. GARSETH



**Institusjonstenester**  
SIRI HALVORSEN



**Tekniske tenester**  
GERD NERBØ



**Bergtippen barnehage**  
SYNNØVE RISHAUG



**Heimetenester**  
NINA KRISTIN TOMREN

Stab ■


Oppvekst og kultur ■

Helse og omsorg ■

Tekniske tenester ■

# POLITISK LEIING

## Aukra kommunestyre

**H****Odd Jørgen Nilssen**  
Ordfører**Ap****Audhild Mork**  
Varaordfører**Sp****Torill Einara Nerbøvik**  
Kommunestyremdl.**H****Anita Oterhals Eide**  
Kommunestyremdl.**Ap****Jørgen Sporsheim**  
Kommunestyremdl.**Sp****Rune Skeide**  
Kommunestyremdl.**H****Baard-André Fanghol**  
Kommunestyremdl.**Ap****Odd Arve Orten**  
Kommunestyremdl.**Sp****Lisa Nautnes**  
Kommunestyremdl.**H****Frode Bjerkan**  
Kommunestyremdl.**Ap****Katrine Rindarøy**  
Kommunestyremdl.**Sp****Heidi Evelyn  
Løklingholm**  
Kommunestyremdl.**H****Atle Ræstad**  
Kommunestyremdl.**Ap****Kevin Solem**  
Kommunestyremdl.**FrP****Nina Marken Bergtun**  
Kommunestyremdl.**KrF****Oddvar Hoksnes**  
Kommunestyremdl.**KrF****Marie Hoksnes**  
Kommunestyremdl.**Sv****Ole August Iversen**  
Kommunestyremdl.**KrF****Ingunn Hjelmås**  
Kommunestyremdl.**KrF****Helge Kjøll jr.**  
Kommunestyremdl.**V****Rita Rognskog**  
Kommunestyremdl.

# POLITISK LEIING

## Nøkkeltal

### KOMMUNESTYRET

2017 Saker: 106 Møter: 9 2018 Saker: 99 Møter: 9

141 saker

10 møter

### FORMANNSKAPET

2017 Saker: 103 Møter: 8 2018 Saker: 102 Møter: 10

123 saker

10 møter

### KONTROLLUTVALET

2017 Saker: 38 Møter: 5 2018 Saker: 39 Møter: 6

37 saker

5 møter

### LIVSLØPSUTVALET

2017 Saker: 57 Møter: 7 2018 Saker: 57 Møter: 8

51 saker

6 møter

### DRIFTS- OG AREALUTVALET

2017 Saker: 27 Møter: 5 2018 Saker: 40 Møter: 7

46 saker

9 møter

### ELDRERÅDET

2017 Saker: 27 Møter: 8 2018 Saker: 26 Møter: 9

34 saker

9 møter

### RÅDET FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONSHEMMA

2017 Saker: 23 Møter: 6 2018 Saker: 29 Møter: 7

26 saker

5 møter

### UNGDOMSRÅDET

2017 Saker: 18 Møter: 7 2018 Saker: 35 Møter: 8

37 saker

8 møter

### OVERSKATTETAKSTNEMNDA

2017 Saker: 0 Møter: 0 2018 Saker: 0 Møter: 0

Ingen møter i 2019

### SKATTETAKSTNEMNDA

2017 Saker: 14 Møter: 3 2018 Saker: 7 Møter: 2

15 saker

1 møte



**VALSTYRET**

2017 Saker: 23 Møter: 5 2018 Saker: 0 Møter: 0

**54 saker**

8 møter

**KLAGENEMNDA**

2017 Saker: 8 Møter: 4 2018 Saker: 2 Møte: 1

**4 saker**

1 møte

**ADMINISTRASJONSUTVALET**

2017 Saker: 13 Møter: 3 2018 Saker: 35 Møter: 9

**24 saker**

4 møter

**ARBEIDSMILJØUTVALET**

2017 Saker: 27 Møter: 4 2018 Saker: 34 Møter: 4

**27 saker**

4 møter

**NAMNEUTVALET**

2017 Saker: - Møter: - 2018 Saker: - Møter: -

Ingen møter i 2019

**VILTNEMNDA**

2017 Saker: 5 Møter: 2 2018 Saker: 4 Møter: 2

**2 saker**


1 møte

**SOGENEMNDA**

2017 Saker: 19 Møter: 9 2018 Saker: 22 Møter: 10

**21 saker**

10 møter



# Innleing

Årsrapporten er rådmannen sin presentasjon av kommunen, og omfanget av tenester og aktivitetar som skjer i kommunal regi. Årsrapporten er bygd opp med eit hovudkapittel om «Kommunen vår», som inneheld rapporteringar på ulike tema på overordna nivå. I tillegg inneheld årsrapporten rapportering frå einingane, eit årsrekneskap og ei årsmelding. I tråd med forskriftene er det også gjort greie for likestilling og mangfald, samt etikk. Rapportering om desse temaane er lagt under Årsmelding, som er i tråd med krav etter kommunelova.

I årsrapporten presenterar vi også endelege resultat frå kommunebarometeret per juli

2019, med kommentarar. Kommunebarometeret er ein måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Kommunane vert rangert etter 152 nøkkeltal på tvers av 12 sektorar. Kommunebarometeret er presentert i kapitla Oppvekst og kultur, Helse og omsorg og under Tekniske tenester.

## BILDEBRUKEN I ÅRSRAPPORTEN

2019 var eit år med mykje vær. Spesielt vinteren. Derfor har vi valt å bruke bilde frå sjøen, anten i full storm eller rolege solnedgangar. Dikta har også knytning mot kommunen eller havet. God lesing.

## Dei beste kommunane i kommunegruppa (kommunebarometeret)

Plass	Kommune	Grunnskole	PLO	Barnevern	Barnehage	Helse	Sosial	Økonomi	Kostnader
27	Bykle	17	103	124	8	2		14	411
119	Sirdal	2	64	45	134	213		75	412
136	Modalen	3	49		2			88	345
252	Suldal	364	154	230	51	41	135	129	349
300	Salangen	226	37	79	344	24	244	4	396
319	Nesseby	388	396	41	49	15	36	62	8
331	Aurland	45	82	262	331	34		48	410
333	Aukra	144	77	256	407	293	99	3	377
378	Eidfjord	197	292		23	47		9	400
418	Forsand	403	129	342	269	164		43	394
113	Granvind	248		204	21	84		58	350
120	Bokn	31	36	3	299	28		136	313
148	Halsa	182	285	294	75	126	79	113	307
159	Gulen	33	228	270	88	299	182	100	286
178	Iveland	184	198	132	86	399	133	42	333
194	Os	221	5	283	245	200	325	162	255
199	Dønna	211	80	345	10	258	128	69	341
202	Høylandet	34	112	357	96	26		167	130
224	Solund	134	310		240	3		149	233
226	Tjelsund	246	377	31	13	398	8	361	189

# Hav – sommer

*Åpent, åpent står havets grind.  
Hjerte, måtte det vare!  
Måtte du vugge for vær og vind  
og la dine sorger fare.  
Måtte du bare duve av sted  
fra blåne til blåne av sommerfred,  
mens glitrende måkeskrik slår ned  
som sølv over berg og tare!*

*Inger Hagerup*



# KOMMUNEDIREKTØRENS KOMMENTAR

Kommunen sine tilsette går over til bruk av digitale plattformer i arbeidet, mykje møteverksemd går føre seg digitalt og dei fleste oppgaver vert òg handsama digitalt. Vi sparer oss reisetid på kortare møter der det er enklare å snakkast via digitale medium. Vi ser òg at innbyggjarane våre tek nettkommunikasjon meir i bruk. Elevane i Aukraskolen er av dei som har best tilgang på PC i kvardagen. I barnehagen får ungane erfaring med IPad i leik. Det er sjølvsagt slik at dette ikkje skal erstatte samhandling og samskaping i fysiske møte. Det vil nok alltid være behov for å kunne kommunisere med kvarandre i same rom – heldigvis.

Koronasituasjonen som vart kjent mot slutten av 2019 – og som totalt forandra verden dei første månadane i 2020 - påverkar også våre tankar og handlingar når dette dokumentet vert utarbeidd. Det er med ei viss uro ein kan tenkje framover, men og med stor tru og tillit til at våre medarbeidarar no kan handtere dei store krisene på ein betre måte enn før. Kontroll i krisetider er noko ein må trene på og beredskap er eit ansvar som kommuneleiinga tek på største alvor. Politikk og administrasjon har ei bevisst haldning til at utføreseielege ting kan skje, og i slike situasjonar må ein vere budd. I veke 44 vart eigenberedskapsveka markert og det er i ettertid godt å vite at ein får øvd seg på ulike situasjonar. I 2019 er kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse revidert. Denne omfattar kartlegging systematisering og vurdering av

sannsynlege konsekvensar og uønskte endringar, samt identifisering av tiltak.

Internkontroll, eller orden i eige hus som det kan forklarast med, er mykje godt arbeid sett i system. Alle leiarar har ansvar for å følgje opp innanfor dette området. Vi er opptatt av god eigenkontroll og vi får tilsyn av ulike slag gjennom året. Ut frå slike kontroller og tilsyn får vi òg ein ekstra kvalitet i arbeidet vårt og korleis vi løyser oppgåvene våre. Av og til kan vi få avvik på rutinar eller på anna, då er det eit gode å ha eit overordna organ som sjå oss i korta og peike på det vi må gjere annleis. Slikt ligg det òg læring i. I 2019 har det vore stort fokus på GDPR, personvernforordninga, som har kravd endringar i måten kommunen lagrar og gjev frå seg opplysningar av personlege karakter.

Netto driftsresultat i Aukra kommune var for 2019 på 164,4 millionar, noko som svarar til 27,0 prosent av kommunen sine samla driftsinntekter. Det høge netto driftsresultatet kjem av kommunen sine inntekter frå eigedomsskatt. I 2019 har fleire einingar fått betydeleg auke i sine rammer. Dette var i utgangspunktet ikkje planlagt i budsjettet. Av ulike orsakar har det vore behov som kommunedirektør har sett nødvendig at politikarane fekk lagt fram for seg, og der det vart vedteke endringar om auke i rammer. Rekneskapen for 2019 og Årsmeldinga orienterer om desse endringane. Ei av dei store endingane i driftskostnader var då kommunen gjekk inn

i eidegdomsselskapet Aukra Industrieigedom AS. Hausten 2019 vart Aukra Industrieigedom etablert med Aukra kommune som eineaksjonær for å drive fram ei mogleg overtaking av Vard sin eidegdom etter vedtak og effektivering av nedlegging av verksemda. Det har vore eit svært omfattande og utfordrande arbeid med å finne ei løysing for framtidig kjøp og drift av eidegdommen til Vard Aukra. I tillegg til aksjekapital har Aukra kommune fasilitert og finansiert prosessen mellom anna med omfattande juridisk bistand.

I årsmeldinga som er lagt fram har leiarane i kommunen gitt orientering om tenesteproduksjonen og tankar om korleis ein ser framover frå den enkelte leiar sin ståstad. Kommunedirektøren kan melde om at det vert arbeid godt innanfor dei ulike tenestemråda – ein stor og kompleks organisasjon som leverer tenester til alle innbyggjarane i kommunen. Vi arbeider heile tida med å ha innbyggjarane i fokus slik at dei skal få levert gode tenester innanfor m.a. helse og omsorg, tekniske tenester og tenester for barn og unge. Vi er opptatt av at innbyggjarane skal trivast, og at dei skal ha val innanfor ulike interessefelt på kulturområdet. Ei rekkje ulike lag og organisasjonar spelar på lag med det offentlege og dei deler raust kompetanse seg imellom. Offentleg og privat samhandling er viktig og vi ser det blir gjort på mange område i kommunen vår.

Årsrapporten orienterer om korleis dei ulike einingane arbeider med tenestene sine, og ikkje minst om oppgåver der fleire einingar samarbeider for felles mål. Dette tener innbyggjarane i Aukra og gjer at sjølv om kommunen er delt i einingar, så skal innbyggjarane oppleve eit heilskapleg tenestetilbod.

Ein større medarbeidarundersøking vart gjennomført i organisasjonen mot slutten av året. Ut frå resultatene her vil leiarar og tilsette planlegge samhandling og opplæring på ulike område. Leiarane i einingane har fått svar på kva medarbeidarane ynskjer fokus på. Analysar og samhandling saman med dei tilsette i kvar eining er gjort. KS har vore med i prosessen før sjølve undersøkinga, og i etterkant har dei bidratt med korleis ein praktisk skal legge til rette for det oppfølgjande arbeidet.

Aukra kommune har 458 tilsette, litt færre enn i 2018. At me har fleire heiltidstilsette er noko av orsaka. Det skal me vere nøgde med. For Aukra kommune som over fleire år har arbeidd med å få til enno betre heiltidskultur, er det òg viktig at vi er saman med andre kommunar i eit KS-prosjekt med heiltidskultur som tema.

Det var stort at politisk vedtak om bygging av kulturhus og basseng vart gjort i 2019, eit lenge etterlengta bygg som skal gje innbyggjarar og dei tilsette gode vilkår for vekst og utvikling. Det er mange frå lag og organisasjonar samt tilsette som vil ha sitt å seie til korleis dette huset skal brukast. Eg er viss på at når det står ferdig i 2022 så vil mange ha fått oppfylt sitt ynskje om eit felles hus. Det blir spanande å følgje bygget når det no etter kvart kjem til syne.

Eit vedtak om nybygg til Barnebo barnehage vart òg ein realitet. Her har dei tilsette vore med på praktisk utforming av bygget. Dette vert eit godt utnytta område for både barn og tilsette. I planlegginga er det lagt vekt på at ein skal få samle drifta slik at ein får meir effektiv utnytting av personalressursar og betre samhandling mellom avdelingane i barnehagen.

Kommunedirektøren legg med dette fram eit dokument som viser heilskap og samheng mellom utførte oppgåver, og som synleggjer kva kostnader dette har. Rekneskaper for 2019 gjev detaljerte opplysningar om kva som er brukt av økonomi i dei ulike einingar og prosjekt. Dei politiske vedtaka har gitt oss rammer og korleis ein overordna skal nytte dei.

Eg vil rette ein takk til politikarar, til leiarar og til tillitsvalde for godt samarbeid. Eg vil varmt takke alle tilsette i kommunen for den betydelege innsatsen som vert gjort. Kommunen kan ikkje drifte godt utan at alle er med!


Ingrid Husøy Rimstad  
kommunedirektør

# BEFOLKNING

Når tala for framskrevne befolkningsvekst vert samanlikna med åra som har gått, ser ein at innbyggjartalet i kommunen er på veg ned. På Gossen opplevs det ein større nedgang, men det er også ein liten nedgang i Julsundet. Totalt har kommunen ein nedgang på 1,3 pst. som i hovudsak skuldast utflyttingar frå kommunen, som har auka ein del sidan året før.


Kjelde: SSB

## VENTA VEKST I FOLKETAL FRAM MOT 2030



	2017	2018	2019
<b>Folkemengde per 31.12</b>	<b>3 557</b>	<b>3 539</b>	<b>3 509</b>
Fødte	31	34	30
Døde	27	32	26
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>4</b>
Innflyttingar	199	139	152
Utflyttingar	193	159	201
Nettoinnflytting	6	-20	-49
<b>Folketilvekst</b>	<b>10</b>	<b>-18</b>	<b>-45</b>
Årleg vekst i %	0	-0,5	-1,3
Der av:			
innvandring	21	16	14
utvandring	30	15	4


Grunnkrets	Folketal		Endring frå	
	2019	2018	2018	2017
Horrem	99	98	1	1
Småge	356	372	-16	-14
Oterhalsen	123	123	0	-13
Løvik	64	70	-6	-2
Sæter	72	69	3	-3
Sporsem	187	203	-16	-17
Bakkemyr	130	131	-1	-9
Nerbø	302	317	-15	-3
Falkhytta	513	495	18	13
Hjertvik	95	94	1	0
Hukkelberg	536	550	-14	-49
Hollingen	728	737	-9	20
Eidskrem	283	276	7	75
Uoppgitt grunnkrets	6	4	2	-7

**BUR I EINEBUSTAD****1 257****BEBUAR PER HUSHALDNING****2,36**  
personar**HYTTER****55****BUR PÅ LANDBRUKS-EIGEDOM****13,6%****Befolkning per 31.12.2019 fordelt på alder****Framskreve befolkningsvekst**

	2020	2025	2030	2040
0 år	37	41	45	47
1-5 år	182	211	226	258
6-12 år	342	307	310	369
13-15 år	170	144	126	153
16-19 år	185	226	198	197
20-44 år	1 110	1 151	1 249	1 293
45-66 år	932	965	1 024	1 120
67-79 år	454	475	445	497
80-89 år	156	182	242	267
90 år eller eldre	34	43	42	83

# STRATEGI

## Visjon og verdier



*Aukra – full av energi*

*Slagordet «Aukra – full av energi» har ein klår referanse til den unike ilandføringa av gass på Aukra. Slagordet reflekterer aktive og skapande innbyggjarar, eit aktivt næringsliv og ein organisasjon som ønskjer å vere ein pådrivar i samfunnsutviklinga. «Full av energi» legg vekt på det dynamiske, nyskapande og aktive Aukra.*

Ut frå Aukra kommune sitt slagord, Aukra - full av energi, har kommunen utarbeidd ein visuell profil, som uttrykkjer kven vi er og kva vi står for, og er forankra i kommunen sine verdier Attraktiv, Uredd, Kvalitet, Raus og Arbeidsglede. I desse orda finn ein AUKRA kommune.

A-symbolet står sentralt i kommunen sin grafiske profil og visualiserer kommunen sitt slagord.

Aukra - full av energi. Symbolet er bygt opp av energiske boblar som dannar ein A for Aukra.

A-en vert eit symbol på den grønne øya og dei flotte fjella på fastlandet. Til saman utstråler dei skaparvilje og framtidstru.

Ein kultur i ein organisasjon tek tid å byggje, og verdiane er eit grunnlag som vil gje eit fundament å bygge vidare på. Verdiane vert sett i samheng med tenestene som vert gitt til brukarane, samt til interne og eksterne samarbeidspartar.

Det er viktig å oppretthalde og å bruke desse orda i handling, slik at det vert «vår måte» å vise kva som er eit viktig fokus i Aukra kommune. Aukra kommune som arbeidsgjevar og politisk leiing er samde om eit felles verdi-grunnlag som ei rettesnor for det vidare arbeid.



# Mål og måloppnåing

*Kommuneplana er kommunen sitt overordna styringsdokument. Kommuneplana skal legge føringar for korleis kommunen skal møte endringane i samfunnet framover.*

*Ny kommuneplan vart vedteke i februar 2019.*

*Planen viser langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i det heile og kommunen som organisasjon. Planen inneheld overordna prioriterte mål for Aukra, og dannar mellom anna grunnlaget for kommunen sin fireårige økonomiplan og andre overordna plandokument.*

## SATSINGSOMRÅDER FRAMOVER

1. Attraktiv kommune
2. Barn og unge
3. Velferd og omsorg
4. Aukra i regionen
5. Fornyng, forenkling og forbetring
6. Kompetente medarbeidarar og rekruttering
7. Berekraftig økonomiforvaltning
8. Klima og miljø

Folkehelse og samfunnstryggleik er valde som gjennomgåande perspektiv.

Kvart av satsingsområda er brotne ned i mål «Slik vil vi ha det» og gjennomføringsstrategiar «Slik gjer vi det».

Dei ulike måla, «Slik vil vi ha det», for kvart av satsingsområda er som følger:

### Attraktiv kommune

- Sentrumsutvikling på Gossen og i Julsundet/bumiljø
- Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
- Vidareutvikle infrastruktur

### Barn og unge

- Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- Utjamne sosiale skilnader
- Medverknad frå barn og unge
- Eit godt fysisk oppvekstmiljø
- Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium for å lukkast

### Velferd og omsorg

- Kvalitativt gode tenester
- Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester
- Ansvar for eige liv og helse

### Aukra i regionen

- Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i
- Kommunen sine «nye» innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne

- Aukra skal medverke til regionale ringverk- nader av etableringa på Nyhamna
- Aukra skal styrkast som attraktivt reise- og friluftsområde
- Aukra kommune skal medverke til å reali- sere fastlandssambandet «Kjerringsundet»

#### **Fornyng, forenkling og forbedring**

- Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
- Tilstrekkeleg digitalkompetanse blant tilsette og innbyggjarar
- Nye former for samfunnsengasjement

#### **Kompetente medarbeidarar, rekruttering**

- Aukra kommune legg til rette for in- ternopplæring, etter- og vidareutdanning
- Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

#### **Berekraftig økonomiforvaltning**

- Kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom

#### **Klima og miljø**

- Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk
- Utslepp frå transportsektoren skal reduse- rast og fleire skal reise med miljøvennleg transport
- Aukra kommune skal møte ei usikker klimaframtid med tiltak
- Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet
- Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 15%
- Aukra kommune skal arbeide for ei bere- kraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald

### Aukra kommune sine verdier

ATTRAKTIV

UREDDE

KVALITET

RAUS

ARBEIDSGLEDE

# Fjøra millom land og hav

*Min fot søkk mjukt i tusund korn av sand  
I fallen sjø, den fjøreverd kjem att  
ved dag og natt.*

*Det let eit skvaldremål kring stein og nip  
som atterljom frå fedres åretak  
frå vikingkjøl og farne skip.*

*Her gøymest lunt eit fiskefrø i våte barm  
Frå skjel og makk, frå krabbe snog i tareskjul  
det kviskrar til min hått og harm  
med mangfall lyd  
og livsens fryd  
den fjøresnakk.*

*Eit svaberg nake verslitt bratt  
eg spenstig kjent sig opp  
til øvste topp.*

*So noggrant skjært og morgonreint  
alt land av berg og stein*

*Med gras og lyng*

*Med skjør og holm og flu*

*seg speglar av*

*Eg sansar snautt*

*At eg er til*

*Og kvittest trøytt sakn og sut*

*For utom, attom, lenger ut*

*ligg hilder hilt*

*og båremildt*

*all verdens hav.*

*(Hilder = stille ver lyfter havflata, horisonten)*

*Rolf Jacobsen*

# Internkontroll

*Aukra kommune har ansvar for mange oppgåver, og det er nødvendig med god styring for å vareta innbyggjarane sine behov og rettar. Eigenkontroll er den samla kontrollen kommunen fører med eiga verksemd, og er med på å byggje opp tilliten til kommunen. God eigenkontroll vil kunne redusere statleg tilsyn og kontroll, og gjev samstundes grunnlag for læring og forbetring.*

*Det er kommunestyret som har det øvste ansvaret for eigenkontrollen.*

## **FOKUSOMRÅDE 2019:**

### **Kommunestyreval 2019**

I førkant av kommunestyrevalet, vart det gjennomført 3 risikoanalyser. Prosedyrar for valg gjennomføring vart gjennomgått og revidert etter resultatet av analysene. Når det gjeld den it-tekniske delen av valg gjennomføringa, vart det gjennomført fleire testval for å kontrollere at stemmesetlane vart telt opp og reistret korrekt av scanneren. Utfordringar som dukka opp under testscanning, vart løyst på nasjonalt nivå. Prosedyrar for opplæring vart tilpassa endringar i lovverk og alle valmedarbeidarane fekk opplæring i forkant av valdagen. Tilsette som skulle vere førehandsstemmemottakarar fekk også naudsynt opplæring.

### **GDPR (personvern og informasjonssikkerheit)**

Kommunen er i gang med å oppdatere overordna plan for personvern og informasjonssikkerheit. Der vert og prosedyre for internkontroll på overordna nivå og ute på einingane revidert. 2019 har blitt brukt til å oppdatere alle prosedyrane og det har vore fokus på protokollføring og igangsetjing av ROS-analyser. Kommunen har ikkje gjennomført DPIA (personvernkonsekvensanalyse) i 2019, men vil starte med dette arbeidet i 2020. Dette er eit omfattande og utfordrande fagområde. I 2020 skal styret i ROR IKT vurdere om GDPR skal organiserast som eit fellesprosjekt for å sikre at kommunane har alle formalkrav på plass og etablere eit system for etterlevelse av dette.

### **Fokus på avviksmelding i pleie- og omsorgstenesta**

Institusjonstenester har den siste tida jobba aktivt med å få tilsette til å registrere avvik i kvalitetssystemet Compilo. Alle tilsette i eininga har blitt informert om korleis avvika skal skrivast slik at ein kan bruke dette til forbetningsarbeid. Aukra Omsorgssenter har eige Arbeidsmiljøutval der avvika blir tatt opp til diskusjon for å finne tiltak.

Sidan 2018 har Aukra Omsorgssenter hatt ein del utfordringar innafor området velferdstekno-

logi og pasientvarsling. Tenesta har fått samla avvika i eigen kategori i Compilo slik at alle registreringar vert samla. Avvika vert kategoriisert slik at det som skal følgjast opp av einskild grupper blir tatt direkte i møter. Eit døme på dette kan være prosedyre som gjeld medikamenthandtering, der vil sjukepleiarar være ei vesentleg gruppe å samarbeide med for å gjere forbetningsarbeid.

Det er viktig at tilsette får oppleve at godt beskrivne avvik fører til endring i praksis. Pleie og omsorg (PLO) oppfordrar sine tilsette til å skrive avvik då dette samstundes er ein del av opplæringa av nytilsette. Avviksregistrering vil fortsatt være eit fokusområde i PLO sine personalmøter.

## TILSYN OG REVISJON

Gjennom heile 2019 har det blitt gjennomført fleire tilsyn i kommunen. Dei mest vanlege tilsyna gjennom eit driftsår er brannsyn, tilsyn med fyringsanlegg, mattilsyn og tilsyn med elektriske anlegg. Kommunen driv og med tilsyn, som til døme feietilsyn private bustader.

Fylkeskommunen har og gjennomført eit tilsyn mot kommunen, som også var eit landsomfattande forvaltningstilsyn: «Forvaltningstilsyn av kommunens myndighetsutøvelse etter forurensningsforskriften».

Når det gjeld revisjonar, har Personvernombodet hatt revisjon av kommunens behandlingsprotokollar for personopplysningar og personvernerklæringar. Forvaltningsrevisjonen har gjennomført eit revisjonsprosjekt i kommunen i 2019, som er «Brukermedvirkning innen helse og omsorg»

## KVALITETSYSTEMET COMPILLO

I årsrapport for 2018 opplyste kommunen at innføring av oppgradert versjon av kvalitetssystemet Compilo, vart utsett til 2019. Sommaren

2019 tok tilsette i bruk ein forbetra og meir brukarvennleg versjon av kvalitetssystemet. Ikkje alt var like bra og det tek litt tid å lære seg dei nye funksjonane, men alt i alt er dette eit betre system enn den førre versjonen.

Kommunen deltok også i eit prosjekt saman med dei andre kommunane i ROR IKT-samarbeidet om å gå til innkjøp av nytt kvalitetssystem for alle desse kommunane. Aukra og Molde trekte seg etterkvart ut av prosjektet, då det ikkje var kapasitet til å køyre dette prosjektet no. Samstundes er Aukra og Molde nøgd med det systemet som er i dag.

### Statistikk over meldte avvik

Tal på meldte avvik har gått opp med ca. 23 pts. sidan 2018. Tal på meldte avvik har ei positiv auke kvart år (2018: 156 og 2019: 203). I desember 2019 fekk pleie- og omsorgstenesta ein ny avvikskategori; Velferdsteknologi. Her er det førebels meldt 2 avvik. I 2020 vil kommunen ha eit betre bilde for denne avvikskategorien.

I kvalitetssystemet kan tilsette melde avvik på følgjande kategoriar:

#### *Helse, miljø og tryggleik:*

Hendingar og situasjonar knytta til helse, miljø eller tryggleiken til dei tilsette. Vidare også hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljøet på arbeidsplassen, td. Skade på utstyr, miljøutslipp, skade på tilsette med fleir.

#### *Organisasjon internt:*

Hendingar og situasjonar knytta til interne forhold på arbeidsplassen, som t.d. bygg og anlegg, informasjon/kommunikasjon, innkjøp, materiell og utstyr, nesten-uhell, saksbehandling, samarbeid og tenesteproduksjon.

#### *Teneste og brukarar:*

Hendingar og situasjonar som vedkjem tenestemottakar, td. elevar, pasientar, tenesteproduksjon med fleire.

#### *Personvern og informasjonstryggleik (GDPR):*

Avvik på personopplysningsloven og GDPR-for-

ordninga, td. personopplysningar på avveie, brot på prosedyrar eller manglande prosedyrar for behandling av personopplysningar, tilgangsstyring med meir.

#### Velferdsteknologi:

Avvik på tekniske feil og manglar for velferdsteknologien.


#### Risikoanalyser

I kvalitetssystemet er det gjennomført 9 risikoanalyser som fordeler seg slik i tema:

- Pasientvarslingssystem
- Brannvern
- Vassanlegg
- Drift av eining under bygging av ny barnehage
- Kommunestyreval

Einingane har også gjennomført risikoanalyser ved bruk av andre verkty som Excell eller andre fagssystem.

### Oversikt over meldte avvik i Aukra kommune



Dersom ein samanliknar samla tal på meldte avvik som er vist i søylediagrammet (272 registrerte avvik i 2019) med kakediagrammet (203 registrerte avvik i 2019), så viser desse to diagramma ulike tal på totale meldte avvik. Årsaka til det er at tilsette kan melde avvik på fleire kategoriar i det same avviket, t.d. kan dei melde avvik på «Helse, miljø og tryggleik» og «Organisasjon intern» i eit og same avvik.


# Digitalisering

*I 2019 tok Aukra kommune i bruk nytt barnehagesystem og skolesystem, samt nye digitale løysingar for velferdsteknologi.*

## I 2019 HAR KOMMUNEN ARBEIDD MED DESSE PROSJEKTA:

### Samkøring av systemer for kommunane

Bestillinga frå styret i ROR IKT hausten 2016 var å drive digitaliseringa framover og samkøye systema til kommunane så langt som mogeleg. Dette arbeidet har skjedd i høgt tempo sidan den gong og har gitt gode resultat på mange område. I løpet av dei siste tre åra har systemoversikta blitt vedlikehalde og gjennom denne er det mogeleg å presentere ein statistikk for framdrifta av dette arbeidet.



Diagrammet illustrerer samkøringa av fagsystema over dei siste tre-fire åra, og viser god framgang i samanslåtte system. Ved utgangen av 2019 hadde kommunane samkøyr 52% av systema sine. Der er mange system som ikkje er aktuelle for samkøring (36%), eksempelvis enkeltstående nettsider i bruk av skule og enkelte system i bruk av teknisk sektor.

System som står igjen for samkøring er mellom anna kvalitetssystem, legekontorsystem og system innanfor pleie og omsorg som vil bli erstatta av Helseplattformen når denne kjem.

### Barnehagesystemet

Barnehagane fekk i 2019 eit nytt barnehagesystem. I 2020 får barnehagesystemet ein ny funksjonalitet, MinBarnehage - føreset, som er ei kommunikasjonsløysing mellom barneha-

ge og føresette. Sikkerheitsutfordringar knytt til denne funksjonen skal vurderast før kommunikasjonsløysinga kan takast i bruk, slik at kommunen er sikre på at det ikkje vert levert ut informasjon som ikkje skal delast med føresette. Det nye barnehagesystemet skal også integrerast mot det nye sakssystemet Public360 når det blir lansert 01.01.20. Appen Min barnehage - tilsett er allereie teke i bruk.

### Ny læringsplattform for skolane

Kommunen har teke i bruk ei ny læringsplattform (LMS), Skooler Pro. Dette er eit system der lærarane kan gjennomføre pedagogisk planlegging, opprettar oppgåver, distribuerer oppgåver til elevane, gir vurderingar og kommuniserer med elevane og føresette. Skooler er integrert med Office365-produkta og alt skularbeid kan gjerast direkte i dei ulike applikasjonane og nettlesarane.

### Feide 2.0

Aukra har fått økonomisk stønad til å oppgradere til Feide 2.0, som er ei teneste for trygg innlogging, sikker datadeling og forbetra personvern. Oppgraderinga skjedde på slutten av 2019.

### iPad til skolane

Aukra er i gong med prosjekt rundt utrulling av iPad til 1.-7. trinn. På grunn av krav rundt GDPR, så er det ein del forarbeid som må gjerast før ein kan rulle ut nettbretta. Dette arbeidet blir starta på i 2020. Målet er å ta i bruk nettbretta til skulestart hausten 2020.

### KS læring

Aukra kommune har teke i bruk kompetans-everktyet KS læring. Den første opplæringsrunden som blei køyrd i vår kommune, er opplæring av tilsett i pleie og omsorg om velferdsteknologi. Målet er at heile kommunen skal kunne ta i bruk denne læringsplattforma.

### Spreiingsprosjekt for velferdsteknologi i Romsdal

Aukra kommune er med i spreiiingsprosjektet for utrulling av velferdsteknologi. Prosjektperioden stoppar ved utgangen av 2020. I 2019 blei system for medisinstønad teke i bruk i vår kommune. Aukra kommune skal i 2020 prioritere innføringa av digitale tryggleiksalarmar og GPS

### Helseplattforma

Arbeidet med Helseplattformen er todelt. Det viktigaste i 2020 er at Helseplattformen blir sett opp som løysing fram mot sommaren, og så startar testinga til hausten. Den andre delen går på innføringa: Førebuing av kommunestyresaker for å behandle eventuell utløy-sing av opsjon, opplæring, IKT, gevinstarbeid, endringsleiing og fleire.

Verdt å merke seg er ei øving som Helseplattformen AS køyrer med fire kommunar frå februar til april med tanke på økonomi, både for desse fire kommunane og for å lage ein økonomimodell som alle kan bruke. Molde kommune er ein av dei fire i Midt-Noreg, oppstart 6. februar.

### Innføring av nytt sakssystem og system for eByggesak

Den 1.1.2020 blir Public360 og eByggesak360 blei sett i produksjon for Aukra kommune. Kommunen har brukt store ressursar inn i prosjektet for å gjere klart for innføring. Kommunen har hatt frikjøpt ein ressurs i 60 pst. stilling frå byggjesak, samt at tre tilsette frå Serviceavdelinga har brukt store ressursar for å ta i mot systemet. Ulike ressurspersonar i kommunen har delteke på felles opplærings-samlingar i Molde saman med dei andre kommunane. Serviceavdelinga har hatt ansvaret for å køyre lokale kurs til alle tilsette som skal bruke Public 360.

Prosjektet sak og arkiv kom også med ei bestilling til kommunane om å endre organisasjonsstrukturen i Visma HRM slik at dette fagsystemet formelt blir morsystemet når det gjeld for eksempel tilgangsstyring til andre fagsystem. Gevinsten er mellom anna at kommunen slepp å melde inn og ta ut tilsette manuelt frå dei andre fagsystema.

I 2020 skal følgjande integrasjonar på plass i Public360 og eByggesak

- DSF (folkeregisteret)
- KS SvarUt og SvarInn (digital kommunikasjon med innbyggjar)
- Elektronisk signatur
- Aventia KommuneTV
- VismaFlyt Skole
- Visma Flyt Barnehage



- Rekrutteringsportalen EasyCruit
- Norkart Brannforebyggende (for NORBR IKS)
- Mercell (innkjøp)
- Visma Tendsign (for innkjøp)
- Norkart Oppmålingsforretning
- Fleire Komtek integrasjonar inkludert eigedomsskatt

### Politikarportal

Aukra kommune skal i 2020 også ta i bruk politikarportalen «eMeetings Prepare» frå First Agenda. Denne vil bli sett opp og aktivert så snart kommunane er klare til å ta den i bruk. Politikarane vil kunne lese politiske saker og gjere sine private notatar i denne modulen. I løpet av 2020 vil også kommunen ta i bruk modulen for møtegjennomføring med mellom anna elektronisk avstemming.

### Telefoniprojektet

Aukra kommune har starta opp arbeidet med å innføre nytt telefonisystem for sentralbord og tilsette. Bakgrunnen for dette arbeidet er at kopparlinjene blir slått av innan 2022.

I 2020 skal Aukra kommune over på Mobilt bedriftsnett - sentralbord og Mobilt bedriftsnett - tilsett. Samtidig skal det jobbast med å få på plass ein ny telefoniavtale som tilsett skal signere. Arbeidet med å lage ei oversikt over utstyr og brukarar som blir direkte rørt av teknologiskiftet frå gjeldande kommunale hussentralar over til mobilbaserte løysingar, er i gong.

Samtidig som kommunen tek i bruk ny telefoniløysing, blir også Fakturakontroll implementert. Fakturakontroll kan integrerast med det kommunale lønssystemet, og genererer rapportar over kostnader knytte til "privat bruk", og som sendast til dei tilsette i framkant av dei månadlege lønnsutbetalingane.

Det er også viktig å identifisere område som har dårleg eller mangelfull mobildekning, både utandørs og innandørs.

### Teams til kommunane

Dette er etablert som eit prosjekt som skal starte i 2020. Prosjektet kan gje einingane ulike nye måtar og samhandle på internt

i eininga, på tvers av eininga og eksternt. Arbeidsgruppe med innføringsansvarlege frå kvar kommune er etablert og prosjektet er forventa å starte for fullt 1. januar 2020.

### MinSide

MinSide er eit prosjekt som har som mål å gjere fleire kommunale tenester tilgjengeleg på ei side som innbyggjar kan logge seg inn på via ID-porten. I 2019 kom følgjande integrasjonar på plass:

- MinFaktura (innbyggjarane får oversikt over eigne faktura sendt frå kommunen)
- MineSkjema (oversikt over skjema du har sendt kommunen)
- MinEiendom (oversikt over dine eigedomar i kommunen)

Arbeidet med MinSide vil fortsetje i 2020.

### Easycruit

Innføring av Easycruit (rekrutteringssystem) er i gong. Systemet forenkler og automatiserer sjølve rekrutteringsprosessen, og har eit enkelt brukargrensesnitt for søkjarar. Integrasjon mot kommunen sitt HRM-system og Public 360 vert sett opp i 2020.

### Kvalitetssystemet Compilo

I 2019 blei kvalitetssystemet oppgradert og fekk ei ny og meir moderne drakt.

## Sals- og skjenkeløyver

*I Aukra kommune har 4 butikkar løyve til å selje alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (mellom 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol) og 1 skjenkestad som har løyve for gruppe 1, 2 og 3 (mellom 2,5 og høgst 60 volumprosent alkohol).*

I 2019 gjennomførte kommunen 12 kontrollar for salsstadene, 3 skjenkekontrollar og 11 kontrollar for salsstader for tobakk. Kommunen overtok ansvaret for kontroll av salstader for tobakk i 2019.

Tal på skjenkeløyve for eit enkelthøve: 9 i 2017, 7 i 2018 og 5 i 2019.

Status	2017	2018	2019
Sal av alkoholhaldig drikk	116 045	162 431	167 926
Skjenking av alkoholhaldig drikk	5306	3 102	3 216

## Krise- og beredskapsarbeid

*Kommunen har eit generelt ansvar for befolkninga sitt vel og ve i ein krisesituasjon. Den politiske leiinga og administrasjonen er ansvarleg for at kommunen er i stand til å handtere kriser, og for at det ligg føre ein plan for korleis kommunen skal kunne oppretthalde verksamda si i ein krisesituasjon.*

I 2019 er kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse revidert. Denne omfattar kartlegging, systematisering og vurdering av sannsynlegheiter og konsekvensar av uønska hendingar, samt indentifisering av tiltak.

Aukra kommune gjennomfører årlege øvingar i krisehandtering. I 2019 deltok kommunen på storøving 13. juni med dei fleste naudetatane knytt til Nyhamna.

Det har over tid vore jobba med å få beredskapsferje på plass. Denne var på plass ved årsskiftet. Dette var og ein klar premiss for at kommunen vedtok deltaking i pilotprosjekt om legevaktsamarbeid i Romsdal.

Eigenberedskapsveka vart markert i veke 44. Medarbeidarar i kriseleiinga har delteke på DSB's (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) sitt kurs i risiko- og krisekommunikasjon.



## Roktamonumentet

*Av stein er dette skipet skapt og hogge,  
eit nake skrog på berget planta trygt.  
Det får vår tanke til å stige, stogge:  
Vi kjenner att den botnlause frykt,  
då storm og snøkav gjennom riggen rasa  
og alle visste dei var ute av lei,  
då baug og kjøl mot faste fjellet knasa,  
og angst og avmakt inni bringa svei.*

*Av stein er dette skipet skapt og hogge,  
eit nake skrog på berget planta trygt.  
Her ligg det fredfullt som eit barn i vogge,  
her minnest vi i ro og utan frykt.  
Og søylene som heldt vårt skip i famnen,  
dei vert mot vest ein port, mot land ei lei,  
og viser at vi óg mp vende stamnen,  
den veg so ikkje alltid synes brei.*

*Jan-Magnus Bruheim*

# MEDARBEIDARAR OG ORGANISASJON

## FASTE TILSETTE OG OPPRETTA ÅRSVERK

Aukra kommune har 458 tilsette med til saman 359,9 årsverk. Nedgangen i årsverk skuldast i stor grad arbeidet med å auke stillingsstorleiken til tilsette ved Institusjonstenester og at det har vore ytterlegare nedbemanning ved Innvandring og Integrering. 16 frivillige brannmannskap er ført opp som tilsette, men dei har ingen stillingsprosent. Desse er overført til Nordmøre og Romsdal Brann og Redning IKS frå 2020.

## HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har 6 medlemar med røysterett. Frå arbeidsgjevarsida møter kommunedirektøren og 2 medlemar frå leiargruppa og frå arbeidstakarsida møter hovudverneombodet og 2 valde tillitsvalde eller verneombod. I 2019 var kommunedirektøren leiar for AMU. Det blir laga møteplan for heile året og 27 saker vart behandla i 2019.

### Faste tilsette og oppretta årsverk

	Tilsette			Årsverk		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Sentrale styringsorgan	19	16	12	16,3	14,7	10,7
Gossen barne- og ungdomsskole	62	59	62	53,0	52,6	55,8
Julsundet skole	39	41	45	32,1	35,2	37,3
Barnebo barnehage	40	37	36	32,6	30,9	30,6
Bergetippen barnehage	20	21	19	16,6	16,9	16,8
Innvandring og integrering	31	26	18	31,0	25,5	17,1
Kultur	19	20	19	11,0	11,8	10,8
Institusjonstenester	120	112	112	78,0	75,8	79
Heimetenester	50	46	48	38,2	35,8	37,2
Helse	23	23	22	17,4	18,2	18,3
NAV	4	5	4	2,5	4,0	3
Tekniske tenester	56	55	44	32,9	33,9	27,1
Leiargruppa			17	14,43	12,51	16,2
<b>Totalt i Aukra kommune</b>	<b>483</b>	<b>461</b>	<b>458</b>	<b>376,0</b>	<b>367,8</b>	<b>359,9</b>

Inkl. frivillig brannmannskap

### HMS-avvik

I 2019 vart det innmeldt 98 avvik totalt. Av 98 meldte avvik var 32 oppført med høg risiko. Desse ligg under kategoriane: Utagering, vald og truslar, dårleg telefonidekning og bemaningsutfordringar.

### Inkluderande arbeidsliv

Ny intensjonsavtale blei vedteke mellom regjeringa, NHO og partane i arbeidslivet med verknad frå 01.01.2019. Hovudmålet er å legge til rette for at så mange som mogleg kan arbeide så mykje som mogleg så lenge som mogleg. Den nye IA-avtalen har hovudfokus på sjukefråvær og reduksjon av fråfall frå arbeidslivet.

Mål for sjukefråværet er ein reduksjon på 10 % i forhold til årsgjennomsnittet for 2018. Det blei våren 2019 avgjort å rette innsatsen mot utvalde sektorar. For kommunesektoren er barnehagar og sjukeheim utvalde område der det skal bli laga eigne bransjeprogram med eigne målsettingar. Det skal bli løfta fram satningar for førebygging av sjukefråvær og fråfall og å målrette innsatsen mot lange og/eller hyppige gjentakande sjukefråvær.

Det er fleire element i intensjonsavtalen som ikkje er på plass ved utgangen av 2019, men Aukra kommune har satt i gang arbeidet med ny overordna IA-plan. Denne blei sendt på høyring i slutten av 2019 og skal til politisk handsaming i første del av 2020.


Aukra kommune har og bestemt at det i tillegg skal vere fokus på reinhaldsgruppa i denne prosessen. Det kviler og eit ansvar for å bruke avtalen inn i andre einingar med høgt fråvær. Verkemidla og tiltaka kan nyttast av alle.

### Sjukefråvær i prosent

	2017			2018			2019		
	Menn	Kvinner	Alle	Menn	Kvinner	Alle	Menn	Kvinner	Alle
Sentrale styringsorgan	13,8	5,4	7,7	0,5	3,7	2,6	6,4	2,9	3,9
Oppvekst og kultur	3,9	8,9	7,9	6,7	8,5	8,1	8,9	8,8	8,8
Helse, omsorg og velferd	3,0	9,3	8,3	4,2	7,6	6,7	8,2	10	9,7
Tekniske tenester	3,3	15,5	8,6	1,4	7,1	4	2,3	9,5	5,5
Leiargruppa				0	2,5	2,4	0,3	5,9	4,8
<b>Totalt</b>	<b>4</b>	<b>9,3</b>	<b>8,1</b>	<b>4,2</b>	<b>7,8</b>	<b>6,8</b>	<b>6,3</b>	<b>9,2</b>	<b>8,5</b>

### Utvikling i sjukefråværet

(tal i pst.)



Målet for Aukra kommune er å redusere sjukefråværet til 6,12 pst. innan 2022. Ved utgangen av 2019 var talet 8,5 pst.

### Bedriftshelseteneste

Stamina Helse leverer bedriftshelseteneste og dei møter i både AMU og lokale AMU gjennom året. Dei gir bistand innanfor sjukefråværsarbeid, krisehandtering, arbeidshelse, psykososialt arbeidsmiljø, risikovurdering, inneklima mm. Alle nye verneombod har gjennomført HMS-kurs i regi av Stamina.

### Sjukefråvær

Mål for sjukefråværet er 6,12 pst. ved utgangen av 2022. I 2019 gjekk fråværet opp frå 6,8 til 8,5 pst. Eigenmeldt fråvær er på 1,2 pst. og legemeldt er 6,6 pst. Korttidsfråværet (inntil 16 dagar) var 2,2 pst., mens langtidsfråværet var 6,4 pst. Einingane er flinke å følgje opp sjuke-meldte og strekker seg langt for å tilrettelegge. Tilrettelegging må ha ei begrensing slik at det ikkje går utover dei andre på arbeidsplassen. Sentraladministrasjonen og tekniske tenester har lågt fråvær over tid. Det er barnehagar og sjukeheim som har det høgaste fråværet.

### Medarbeidarundersøkingar

Ny 10-faktorundersøking vart gjennomført i desember 2019. Oppfølging av denne vil skje frå 2020 fram til neste undersøking. Undersøkinga er den same som vart gjennomført i 2017. Svarprosenten gjekk opp frå 57 til 61 pst. Resultatet samla for Aukra kommune viser at 5 av faktorane har fått litt høgare skår, mens dei 5 andre låg på same nivå som sist. Lågaste skår er faktor 7 Relevant kompetanseuvikling, mens høgaste skår faktor 10 Prosocial motivasjon (motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre).

Tala er ganske lik dei som er for kommunane samla.

### Heiltidskultur

Aukra kommune har gjennom fleire år hatt heiltidsarbeid som målsetting. Det har vore eit sterkt fokus på heiltid, spesielt innan pleie- og omsorgssektoren der del av deltidstillingar tradisjonelt har vore høgast. No viser statistikk at Aukra kommune ligg høgt i andel heiltidsstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent. I 2019 vart kommunen med på KS, Fagforbundet, Delta og Sjukepleiarforbundet sitt prosjekt om bygging av heiltidskultur i kommunesektoren.

Det er gjennomført ein konferanse og ein arbeidsverkstad om temaet i 2019. Målet er å kartlegge kommunen sitt utfordringsbilette og handlingsrommet som er for å legge til rette for arbeidstidsordningar som fremmar heiltidskultur. Dette arbeidet fortset i 2020. Gjennomsnittleg stillingsstorleik ligg no på 84 pst.

### KOMPETANSE

Det er eit krav at tilsette som eit minimum skal ha fagbrev og det er fokus på å ha rett kompetanse til ein kvar tid. Innanfor SFO, barnehage,

PLO og tekniske tenester er det behov for fleire med fagbrev. Ved ledige stillingar blir det vurdert om oppgåvene krev høgare utdanning og det er fokus på digitale ferdigheiter. Einingane har utarbeidd ei første utgåve av kompetanseplanar som viser dagens kompetanseportefølje og framtidig behov. Kompetanseplanane skal nyttast i rekrutteringsarbeidet, planlegging av etter- og vidareutdanning for tilsette og avklare korleis fond for rekruttering, omstilling og utvikling kan nyttast til dette utviklingsarbeidet. Talet på fagutdanna og høgskoleutdanna går opp og viser at det målretta arbeidet fungerer.

### I 2019 er det innvilga slik stønad frå fondet:

*Sentraladministrasjonen:* Studiet «Kommunikasjon, samspill og ledelse»

*Skole:* Dekking av utgifter for lærarar som tek vidareutdanning gjennom Utdanningsdirektoratet

*Barnehage:* Grunnutdanning for 2 barnehagelærarar og vidareutdanning i «spesialpedagogikk med vekt på tidlig barndom»

*Kultur:* Mastergradsstudien «Samfunnsendring, organisasjon og ledelse»

*PLO:* Vidareutdanning i demens

*Teknisk:* Førarkort klasse C lastebil  
Stipend til dei som tek fagbrev

### SENIORAR

Gjennomsnittsalderen for tilsette er 45 år. 21,4 pst. av dei tilsette er i aldersgruppa 55-64 år, 4,4 pst. er eldre. 7 tilsette tok ut AFP og 8 tilsette tok ut alderspensjon i året som var. Rundt 10 pensjonistar har hatt diverse vikariat for pensjonistlønn. Dette er erfarne personar som kan gå rett inn der det er akutte behov. Leiarar skal gjennomføre seniorsamtalar med alle tilsette frå fylte 58 år og det skal leggjast spesielt vekt på å diskutere planar, behov og ønske for åra fram til pensjonsalder.

### Utdanning


	Ufaglært			Fagutdanna			Høgskole/universitet		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Menn	32	31	33	21	19	21	48	49	46
Kvinner	25	28	25	27	26	27	48	44	48
<b>Totalt</b>	<b>26</b>	<b>26</b>	<b>20</b>	<b>25</b>	<b>23</b>	<b>28</b>	<b>48</b>	<b>51</b>	<b>52</b>

Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen

## AKAN

AKAN-gruppa er i gang og har hatt møter i 2019. Aktiviteten har ikkje vore stor, men gruppa blir involvert der dette er naturleg i høve til nødvendig involvering, kurs og informasjonsarbeid.

## Prosentvis fordeling av tilsette i Aukra kommune



# Vår øy

*Her ute mot havet, her ligg no vår øy  
som sjøfugl med mor og med ungar  
omkransa av holmar som gutar kring møy  
når att det mot helgatid stundar.*

*Med fjøre og flu  
så du kan `kkje tru  
kor Gud hev det underleg laga*

*Her byggjer og bur me til kvardag og fest  
mot havet si bankande bringa  
Med fjord mellom frendar til fastland i  
aust*

*Frå båtar og fabrikk det klinga  
Her skuter blir til  
som segle nok vil  
på hava i storm og i stilla*

*I kjøken ved komfyr der steller ei mor  
og mat ho til huslyden lagar  
For gutar og jenter som veks og blir stor´  
med blommar ho steller i hagar  
Men mannen fer vidt  
han strevar med sitt  
på land og i båt som det høver*

*Ut over øya der plantar me skog  
og skular me byggja og vigsla  
På bøane driv dei med traktor og plog  
I kyrkja dei spela og syngja  
Når messe dei helt  
og der me ein kveld  
skal kvila til kokker som klinga*

*Jan-Magnus Bruheim*





# Serviceavdelinga

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

### Slik gjer vi det

### Kommentar

**Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval.**

Desember 2018 lanserte kommunen ei ny heimeside som har ein MinSide-funksjon. MinSide er ein side som innbyggjarane kan logge seg på via ID-porten, og hente ut ein del informasjon som kommunen har om dei. I 2019 lanserte kommunen MinFaktura, Mine-Søknader og MinEigedom. Sida er under utvikling og fleire tenester vil bli lagt ut her.

Når det gjeld gjennomføring av kommunestyre- og stortingsval, har kommunen tatt i bruk fleire digitale løysingar for å effektivisere valgjennomføringa. 2019 var det første året som kommunen gjennomførte heildigital opteljing av stemmesetlar. Kommunen har brukt digitalt manntal ved fleire val allereie. Innbyggjarane har framleis stemmesetlar og valkort på papir, men Valdirektoratet jobbar med å digitalisere delar av stemmegjevinga. Digitale valkort er under utprøving i enkelte testkommunar.

**Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgaveløysing på tvers av kommunegrensene.**

Tilsette på serviceavdelinga er aktiv med i dei interkommunale faggruppene og arbeidsgruppene som består av tilsette frå medlemskommunane i ROR-IKT. Avdelinga er med i faggruppe arkiv og faggruppe informasjonssikkerheit, og har leiarrolla i begge desse faggruppene. I tillegg er avdelinga med i telefoniprojektet, prosjekt for innføring av Teams i kommunane, nytt saks- og arkivsystem og portalgruppa. Det er viktig å delta i desse gruppene for å kunne dele kompetanse på tvers mellom kommunane, og dele på arbeidsmengda som avdelinga vil få når kommunen skal gå til innkjøp av nye fagsystem.

**Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder.**

Den interkommunale faggruppa for informasjonssikkerheit har i 2019 jobba for å få på plass behandlingsprotokollar, mal for databehandlaravtale mot leverandørar av fagsystem, innebygd personvern i nye fagsystem, samt gjennomføring av ROS-analyser og DPIA for kommunens fagsystem. Desse oppgåvene er ikkje ferdig og vert overført til 2020.

**Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nytte seg dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk.**

Kommunen skal, saman med dei andre medlemskommunane i ROR-IKT, lansere nytt saks- og arkivsystem ved årsskiftet. Serviceavdelinga har leda mottaksprosjektet for vår kommune og har i desember arrangert fleire lokale kurs for tilsette og leiarar. I tillegg fekk nøkkelpersonar delta på sentrale kurs arrangert av prosjektet. Serviceavdelinga kjem til å arrangere fleire lokale oppfriskingskurs i 2020.

# 2020

Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder.



## FRAMOVER

Det nye sakssystemet vil få mykje fokus framover og vil ta ein god del av tida til dei tilsette på avdelinga.

Avdelinga skal fortsatt ha fokus på utvikling av ulike tenester på heimesida som innbyggjarane kan nytte seg av. Dette vil då erstatte ein del av kommunikasjonen med kommunen og innbyggjarane får løyst sine oppgaver når det måtte passe dei - utanfor tradisjonell opningstid.

Avdelinga skal også ha fokus på vidare utvikling av kvalitetssystemet Compilo.

Det må vere fokus på etablering og implementering av styringssystem og prosedyrar for personvern og informasjonssikkerheit. Opplæring av tilsette med nøkkelrollar (leiarar, avdelingsleiarar, HR, innkjøp osv.) bør vere eit prioritert område i 2020.

Einingane må fortsatt ha fokus på å rydde ferdig papirarkiva.

Avdelinga vil fortsatt delta i dei interkommunale faggruppene.

**Aaslaug Søreide**  
Servicesjef

## VALDELTAKING KOMMUNESTYREVALET 2019



# Økonomiavdelinga

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

Slik gjer vi det	Kommentar
<b>Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarane i stand til å løyse oppgåvene sine og som gjev alle brukarar eit digitalt førsteval</b>	Avdelinga hadde i 2019 eit mål om at 98% av alle fakturaer inn i organisasjonen var elektroniske. Avdelinga nådde ikkje målet heilt, men per 31.12.19. var 92% av alle fakturaane som kommunen mottok efaktura. Noko som er eit forbetring frå 85% ved førre årsskifte. Avdelinga vil og framover arbeide systematisk for å nå det nye målet for 2020 som er sett til 98% .
<b>Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle område</b>	Avdelinga har delteke i kartlegging av grunnlag i samarbeid med andre kommunar i RORikt-samarbeidet. Det vidare arbeidet er midlertidig stoppa opp og ein må derfor i 2020 igjen aktualisere dette.
<b>Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengelege</b>	Avdelinga har dei siste åra teke aktivt i bruk dei digitale løysingar som programleverandør har utvikla. I 2020 vil automatisering av avdelinga sine betalingsrutinar bli etablert.
<b>Analysere kompetansebehov og utarbeide kompetanseplanar med årleg revidering</b>	Arbeidet vart starta opp i 2019
<b>Sikre naudsynt økonomi gjennom årleg avsetting til fond</b>	Økonomiavdelinga legg til rette for nødvendige politiske vedtak gjennom realistiske utarbeidde budsjett og økonomiplanar og best mogelege grunnlag for vedtak.

## FRAMOVER

Avdelinga har hatt ei stor arbeids- og stressbelastning over lang tid. Som eit ledd i avdelinga sitt HMS-arbeidet vart det derfor i 2019 gjennomført ei risikovurdering knytt til dette. Vurderinga viste at det på 12 av 13 punkt er høy risiko for at uønskte hendingar skal skje som følge av belastninga. Høy risiko viser eit ikkje akseptabel nivå, og at risikoreducerande tiltak skal settast i verk (umiddelbart). Tiltaksplan er utarbeidd, og iverksetting av denne er eit viktig fokus i 2020.

I medarbeidarundersøkingar blir det sett fokus på behov for auka kompetanseheving innanfor avdelinga sine ansvarsområde. Spesielt er avdelinga no sårbar på lønsområdet, der ein ikkje har tilsett som kan være ein fullgod reserve. Dette kan i verste fall føre til at ein ikkje lykkast i målet om å få ut løn til rett tid. I arbeidet med kompetanseplan for avdelinga, er det sett fokus på nye krav som kjem som følge av digitalisering. Avdelinga ser at kompetanse i å bruke digitale verktøy, korleis best mogeleg nytte teknologien inn i løysinga av oppgåvene og å forstå dei digitale prosessane framover vil være særskilt viktig.

**Erna Varhaugvik**  
Økonomisjef

# Organisasjonsavdelinga

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

Slik gjer vi det	Kommentar
<b>Analiserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar.</b>	Overordna plan for kompetanseutvikling skal reviderast i 2020. Ved utgangen av 2019 er dei første utgåvene av lokale kompetanseplanane utarbeidd og skal vere eit verktøy for leiarar og tilsette for å planlegge nødvendig rekruttering og vurdere interne utdanningsbehov.
<b>Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg.</b>	<p>I samarbeid med Ror-Ikt er førebuingane til å ta i bruk rekrutteringssystemet EasyCruit i gang. Dette erstattar Visma Rekruttering og skal etter kvart gje betre integrasjon mot sak/arkiv. Til nytt system er godt innarbeidd vil org. avdelinga framleis ha ansvar for å opprette og sende ut tilsettingsdokument til søkerane i tråd med retningslinjene.</p> <p>KS-Læring er eit godt verktøy for e-læring, og kan og nyttast i kombinasjon med klasseromslæring.</p> <p>Elektronisk personalmelding i Visma er tatt i bruk. Systemet krev mykje detaljinformasjon som må vere korrekt og at saksbehandling er gjennomført før slik melding vert lagt inn. Dette er det nødvendig å gje meir opplæring på.</p> <p>Innføring av nye digitale løysingar krev mykje forarbeid og opplæring. Alle data må leggjast inn lokalt og krev god innsikt i bruken og nytten av verktøyet. Det er ei utfordring av nye system ikkje alltid er ferdig til fullverdig bruk når det vert tatt i bruk.</p>
<b>Ein offensiv for fagutdanning gjennom meir og betre utnytting av lærlingordninga og studentpraksis.</b>	I 2019 har mange tilsette starta opp eller tatt fagbrev gjennom vaksenopplæringa. Det er og mange vaksne i praksis for å kunne ta fagbrev. Gjennom rekrutteringsarbeidet er det behov for å få fleire lokale ungdomar til å velje helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Einingane tilbyr arbeid for ungdom og studentar med tanke på framtidig utdanning og arbeid i kommunen.
<b>Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid (Heiltidskultur)</b>	Dette arbeidet har vore intensivt i fleire år og tilbakemeldingar frå einingsleiarar er at det er få eller ingen som har uønska deltid no. No vert det arbeidd med heiltidskultur med tanke på at alle skal kunne ha ei lønn og etter kvart pensjon å leve av og for framtidig auka arbeidskraftbehov.
<b>Aktiv bruk av fond for rekruttering, utvikling og omstilling.</b>	Org.avdelinga er saksbehandlar på søknadar til fondet. Etter at formålet med fondet vart utvida frå utdanningsfond til fond for rekruttering, utvikling og omstilling er det innvilga midlar til leiarutvikling og vidareutdanning og stipend. Nye retningslinjer er under arbeid.

## FRAMOVER

### Elektronisk rekrutteringssystem

Visma rekruttering er utdatert og det har blitt mange manuelle oppgaver sidan integrasjonen med sak/arkiv slutta å fungere. EasyCruit er det nye systemet og blir tatt i bruk i januar 2020. Dette skjer i samarbeid med Ror-Ikt. Det er og viktig læring å samarbeide med kommunane Molde, Rauma og Vestnes.

### Heiltidskultur

Retningslinjer for heiltidskultur vart første gong vedtatt i 2016 og blir revidert i starten av 2020. I mai 2019 gjennomførte KS ei konferanse om temaet i Ålesund etterfulgt av arbeidsverkstad i september for fleire kommunar i Møre og Romsdal. Ny arbeidsverkstad er i februar 2020 og arbeidet blir da intensivert i eigen kommune saman med leiarar, tillitsvalde og politikarar. Det er viktig å ha fokus på kulturbygging og gjennom informasjon, involvering og samtalar i aktuelle fora auke forståing og haldningar til heiltid.

### IA-planen

Reviderte lokale retningslinjer er snart på plass og ei gruppe skal arbeide med bransjeprogrammet som intensjonsavtalen har lagt fram. Den enkelte eining får ansvar for å lage lokale handlingsplanar, analysere sjukefråvær og muleg fråfall frå arbeidslivet med tanke på muleg reduksjon. Informasjon og drøftingar med tillitsvalde er viktig for å få ei omforent forståing for nytten av sjukefråværsarbeidet.

### Kompetanse og rekruttering

Første utgåve av lokale kompetanseplanar er på plass og skal nyttast i arbeidet med å revidere overordna kompetanseplan og få på plass ny rekrutteringsplan. KS Læring er i startfasen og vil vere eit godt hjelpemiddel til å kurse og lære opp både enkeltpersonar, men og store grupper av tilsette som td kurs for nyttilsette og leiarar, velferdsteknologi, HMS mm. Kompetanseplanane vil og vere til god hjelp ved søknad om stønad frå fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

### Rannveig H. Sporsheim


Organisasjons- og og personalsjef

# Hyss

*Hyss sier havet  
Hyss sier den lille bølgen ved stranden, hyss  
ikke så voldsomme, ikke  
så stolte ikke  
så bemerkelsesverdige.*

*Hyss  
sier bølgekammene som  
flokker seg om forbergene  
strandbrenningene. Hyss  
sier de til menneske  
det er vår jord  
vår evighet.*

*Rolf Jacobsen*







# OPPVEKST OG KULTUR

## NØKKELTAL

# 551

Elevar i Aukskolen.  
Det er 331 elevar på barnetrinnet og  
220 elevar på ungdomstrinnet.

# 89

Tal på barn i SFO.  
79 av 89 elevar i SFO har heil plass.

# 57,49

Årsverk utført av undervisnings-  
personale, stillingsprosent\*



Årsverk utført av undervisningspersonale totalt inkluderer årsverk til

- spesialundervisning og særskilt språkopplæring
- ordinær undervisning
- anna en undervisning

# 210

Tal på kulturskoleplassar


# 6,5

Årsverk i kulturskulen

## GRUNNSKOLEPOENG

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som vert sluttvurdert med karakterar og vert nytta som kriterium for opptak til vidaregåande skule.

Poenga er utrekna som summen av elevane sine avsluttande karakterar, delt på tal på karakterar og ganga med 10.



Grunnskulepoenga for 2019 er 1,4 poeng høgare i Aukra enn fylke og land.

Elevar i Eide har flest grunnskulepoeng.

Ved inntak til vidaregåande skole er det grunnskulepoenga som vert lagt til grunn.

### KULTURSKOLEN SOM LOKALT RESSURSSENTER FOR KUNST OG KULTURFAG

Kulturskolen har inngått langsiktig samarbeid med skolane om delar av dei praktisk estetiske faga i 3.-10. trinn. Dette gir alle born ein grunnleggande ferdigheit som er med å skape tryggleik, meistring og stimulering til individuell utvikling og danning. Faga skal gje særleg moglegheit til å drive utøvande, kreativ og praktisk verksemd, delta i fysisk aktivitet, samt skape og uttrykke seg i arbeid med ulike materialar, verk-tøy og instrument. Gjennom samarbeidet får elevane moglegheit til å bli kjent med dei ulike kunstfaga i kulturskolen.

## Læringsutbytte i skolen

### Lesing, rekning og engelsk

Nasjonale prøvar i lesing og i rekning skal kartleggje i kva grad elevane sine dugleikar er i samsvar med mål for dei grunnleggjande dugleikane lesing og rekning, slik dei er integrerte i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen Kunnskapsløftet (LK06). Engelsk er ikkje ein av dei grunnleggjande dugleikane i LK06. Derfor skil prøvane i engelsk seg frå dei andre nasjonale prøvane ved at dei tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Nasjonale prøver fortel ikkje heile sanninga om ein skole. Det er derfor viktig å sjå resultatata frå nasjonale prøvar i samanheng med annan informasjon om skolen eller kommunen.


Resultatet i søylediagramma viser samla resultat for faget. Kommentaraane under diagramma er på meistringsnivå per trinn.

Det er obligatoriske nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk for elevane på 5. og 8. trinn. Elevar på 9. trinn har nasjonale prøver i lesing og rekning, ikkje engelsk.

Det er tre nivå for meistring på 5. trinn. Ungdomstrinnet har fem nivå.




### 5. trinn




#### Kommentar til resultatet for 5. trinn

I lesing og rekning er læringsresultata i Aukraskolen i sum under nasjonalt snitt. Julsundet skole har særskilt gode resultat i rekning.

I engelsk er læringsresultata i Aukraskolen i sum over nasjonalt snitt.

**8. trinn****Kommentar til resultatet for 8. trinn**

Læringsresultata i rekning, lesing og engelsk ligg under nasjonalt snitt i Aukraskolen.

**9. trinn****Kommentar til resultatet for 9. trinn**

I sum ligg læringsresultata for Aukraskolen under nasjonalt snitt i rekning og lesing.

**OPPSUMMERING NASJONALE PRØVER**

I 2019 var det varierende resultat på nasjonale prøver. I hovudsak var resultatet under nasjonalt snitt på 5., 8. og 9. årssteg.

## UngdomsLOS i Aukra

Aukra kommune vil med etablering av ein losfunksjon arbeide førebyggjande og tiltaksretta for at ungdom som er i ein vanskeleg livssituasjon skal få samordna tilbod og tettare oppfølging.

På den måten skal dei oppleve;

- **å bli sett**
- **å bli inkludert**
- **å høyre til**
- **meistring**

og slik få styrka si skoletilknyting og trivsel.

Når treårig prosjektperiode er over skal Aukra kommune ha styrka det heilskapege samarbeidet innad i kommunen, mellom dei ulike tenestene.

Kommunen skal ha etablert eit system og rutiner for arbeid med barn og ungdom som opplever vanskelege livssituasjonar og står i fare for å ikkje kome til å fullføre vidaregåande skole. Her inngår også samarbeid med foreldre og dei ulike tilboda som skal tilpassast den enkelte ungdom.

## Læringsmiljø i skolen

Elevundersøkinga er ei spørjeundersøking frå Ut-danningsdirektoratet, der elevane skal svare på ei rekke med spørsmål om trivsel og læringsmiljø i skolen. Resultata frå elevundersøkinga viser elevanes subjektive oppfatning av eigen lærings-situasjon. Du kan lese meir om undersøkinga på [www.skoleporten.udir.no](http://www.skoleporten.udir.no)

Tala frå elevundersøkinga gjeld for Gossen barne- og ungdomsskole. Elevane ved Julsundet skole har ikkje teke undersøkinga elektronisk i 2019.

### SKALAFORKLARING


Skala 1-5 der høg verdi betyr positivt resultat. Unnataket er mobbing, kor låg verdi er positivt.

## 7. trinn

Elevane på 7. årssteg var spesielt nøgde med «Felles regler» og «Støtte fra lærerne».

### SKOLEPORTEN - ELEVUNDERSØKINGA 2019

Aukra kommune, Grunnskole, Trinn 7, Begge kjønn






## 10. trinn

Elevane var mest nøgde med støtten frå eigen heim. Tala gjeld for Gossen barne- og ungdomsskole.


### SKOLEPORTEN - ELEVUNDERSØKINGA 2019

Aukra kommune, Grunnskole, Trinn 10, Begge kjønn



## KOMMUNEBAROMETERET

Her er kommunebarometeret for Oppvekst og kultur. I tabellen er kommunens karakter merka med ulike nyansar av grønt. Det fungerer på den måten at desto mørkere grøn farga er, desto betre resultat fekk kommunen. Illustrert i baren rett under.



### BARNEHAGE

Barnehagenormen, som inneber at barnehagane skal ha ei grunnbemanning som tilsvarer minimum ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år, blei innført frå 1. august 2018. Bemanninga i dei kommunale barnehagane i Aukra er omtrent som gjennomsnittet.

Delen av kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, utan dispensasjonar, var i fjor på 52,7 prosent. Ingen av dei kommunale barnehagane i Aukra oppfyller pedagognorma (utan dispensasjon). Det gir Aukra ein 343. plass på denne tabellen.

30 pst. av dei tilsette i dei kommunale barnehagane i Aukra har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 42,6 pst.

Nasjonalt har 88,8 pst. av barna plass i barnehagen. 79 pst. av barna i kommunen har barnehageplass.

Over tid er statistikken i Aukra ikkje spesielt god, målt mot resultatane elles i Barnehage-Noreg.

**407**  
plass

### Barnehage

Barnehage	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2017	2018	2019
<b>10 % vekt i barometeret</b>									
BEMANNING: Antall barn per årsverk i grunnbemanningen i kommunale barnehager	5,2	5,5	5,6	197	5,7	4,1	4,7	4,2	3,7
BEMANNING: Antall barn per årsverk i grunnbemanningen i private barnehager	5	4,3	0		5,7	4,8	5,9	6	
PEDAGOGNORMEN: Andel kommunale barnehager som oppfyller pedagognormen, uten dispensasjoner	67	33	0	343	53	100	3,2	2,1	1
PEDAGOGNORMEN: Andel private barnehager som oppfyller pedagognormen, uten dispensasjoner	100	0	0		54	100	6	1	
FAGUTANNING: Andel ansatte i kommunale barnehager med pedagogisk utdanning, kommunale barnehager	24	29	30	385	43	55	1	1,3	1,7
FAGUTANNING: Andel ansatte i private barnehager med pedagogisk utdanning, private barnehager	31	7,7	0		44	55	2,2	1	
KJØNN: Andel ansatte som er menn, alle barnehager	2,9	1,4	3,3	375	11,8	16,7	1,1	1	1,1
MINORITET: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage sist år	68	65	83	209	83	100	2,5	1,6	3,5
MINORITET: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage, snitt siste fire år	67	66	73	326	80	100	2,3	1,8	2,5
STØRRELSE: Barn per barnehage	46	46	54	333	48	18	3,6	3,7	2,7
STØRRELSE: Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager	6,4	6,5	6,9	179	6,1	12,1	3,7	3,8	3,8
STØRRELSE: Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager	8	6	0		5,4	8,6	5,4	4	
DEKNINGSGRAD: Andel barn 1-5 år med barnehageplass	85	88	79	393	89	100	2,5	3	1,3

Kommunebarometeret

# Oppvekst og kultur

52%

Visste du at 52 pst. av elevane i mellomtrinnet har leksehjelp?

Vil du lese meir?  
Bla om da vel!



## GRUNNSKOLE

Nasjonalt har karakterane på 10. trinn auka jamt og trutt dei siste åra. At valfag blei med i kalkylegrunnlaget frå 2014-15, har ført til høgare karakterar på 10. trinn. Resultata nasjonalt er forbetra i fem år på rad. Karakterane på 10. trinn i Aukra har vore omtrent på gjennomsnittet dei siste fire åra.

Delen av elevar frå kommunen som har fullført og bestått vidaregåande i løpet av fem år, er no på 79 pst. (75 pst. landsbasis).

På ungdomsskolen oppfyller dei aller fleste lærarane i matematikk, engelsk og norsk i Aukra nye krav til fordjuping.

Delen av elevar i småskulen i Aukra som får spesialundervisning er høg målt mot dei fleste andre kommunar. Det trekker ned i barometeret. Talet er omtrent som for eitt år sidan.

På landsbasis har 15,8 pst. av elevane i småskolen leksehjelp. Ganske få på 1.-4. trinn i Aukra får leksehjelp. På 5.-7. trinn har 29,6 pst. leksehjelp (29,6 pstlandsbasis). På dette trinnet i Aukra får langt fleire elevar leksehjelp, enn i landet elles. 8,5 pst. av elevane på ungdomsskolen i skole-Noreg får leksehjelp. I kommunen er det nokre få elevar som får leksehjelp på ungdomsskolen.

# 144

plass

### Grunnskole

20 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2017	2018	2019
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste fire år	42	42	41	166	41	44	5,1	4,5	3,6
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år	41	42	42	183	42	44	3,1	3,7	3,4
FRAFALL: Andel elever fra kommunen som har fullført og bestått vidaregåande innen fem år	81	78	79	120	75	88	5	4,4	4,3
NP 5. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år	27	32	31	231	31	19,5	4,5	3,4	3,4
NP 8. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år	5,8	5,1	6,8	29	10,3	6,1	5,6	6	5,6
NP 9. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år	4	3,3	3,6	31	5,9	3	4,7	5,5	5,4
UTDANNING: Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1-7 trinn	75	87	70	261	73	97	4,4	4	4,6
UTDANNING: Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	77	74	85	113	73	100	4,4	4	4,6
UTDANNING: Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn	91	93	87	363	95	100	2,6	3	2,3
UTDANNING: Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn	88	88	94	310	96	100	1,6	1,9	3
TRIVSEL: 7.trinn, snitt siste fem år	90	91	94	29	91	95	4,1	4,1	5,4
TRIVSEL: 10.trinn, snitt siste fem år	87	88	86	130	86	90	4,3	4,9	3,5
FYSISK AKTIVITET: Elevtimer per år 5.-7. trinn	101	101	95	137	99	150	3,7	3,7	3,1
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	7,2	7,8	8,6	341	5,2	2,3	2,4	2,1	1,6
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	8,2	10	11,5	282	9,2	4,9	4,3	3,3	2,7
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	8,7	8,3	9,1	124	10,1	5,5	4,6	4,7	4,1
LEKSEHJELP: Andel elever 1.-4. trinn som har leksehjelp	3,9	7,5	4,8	324	15,8	66	1,6	2,2	1,8
LEKSEHJELP: Andel elever 5.-7. trinn som har leksehjelp	54	60	52	83	30	88	4,6	5	4,5
LEKSEHJELP: Andel elever 8.-10. trinn som har leksehjelp	0	0	0,5	225	8,5	59	1	1	1,1

## KULTUR

Dei nasjonale besøkstala for biblioteka er førebels ikkje oppdaterte for 2018. Snittet i 2017 var på 4,3 besøk per innbyggjar. Biblioteket i Aukra har lågt besøkstal, ifølgje statistikken.

15 pst. av den vaksne befolkninga i Noreg er aktive lånereie på biblioteket. I Aukra er 11,8 pst. av dei vaksne registrert som aktive lånarar.

Biblioteka har dei siste åra hatt stadig mindre utlån. Tala er ikkje oppdatert for 2018.

Justert for lønns- og prisvokster brukte ein kommune i snitt 791,5 kroner per innbyggjar av egne pengar på idrett og idrettsanlegg i fjor. Dette er ein auke frå året før. Netto utgifter til idrett og anlegg i Aukra er på 793 kroner per innbyggjar.

Telemarksforskning set saman oversikt over kor mange kulturarbeidarar det er i kommunane, både i privat og offentleg regi. I Aukra er sysselsetjinga innan kultur ganske låg målt mot folketalet.

Nasjonalt går 23,6 pst. av dei mellom 6 og 15 år no på kultur- og musikkskule. Delen blei litt lågare det siste året. I kommunane der tilbodet er mest populært, er det over sju gonger såg mange som går på kulturskulen, som i dei kommunane med færrest elevar. Ifølgje statistikken er den 37 prosenten av barna i Aukra som går på musikk- og kulturskole. Dei beste kommunane ligg på 51,4 pst.

Norsk kulturindeks frå Telemarksforskning viser kor mange timar kvar enkelt elev i kulturskulen får. I Aukra får elevane middels tal på timar med undervisning.

162  
plass

### Kultur

2,5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2017	2018	2019
BIBLIOTEK: Besøk i folkebibliotek per innbygger	3,2	4,2	1,4	361	4,3	9,6	2,7	3,5	1,3
BIBLIOTEK: Andel voksne som er aktive lånere på biblioteket (fra Norsk kulturindeks, Telemarksforskning)	12	12,2	11,8	254	15	25	2,8	2,8	2,7
BIBLIOTEK: Utlån alle medier fra folkebiblioteket per innbygger	2,1	2,1	1,5	385	3,3	6,5	1,7	1,9	1,3
BARN OG UNGE: Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge	1904	2325	2387	65	1370	3876	4,2	4,5	4,5
IDRETT: Netto driftsutgifter til idrett og idrettsanlegg per innbygger	739	681	793	159	792	1949	3,8	3,4	3,5
KINO: Kinobesøk per innbygger	0,4	0,3	0,1	282	1,4	4,1	1,5	1,5	1,1
SYSSELSATTE: Antall kulturarbeidere i kommunen (fra Norsk kulturindeks, Telemarksforskning) per 1000 innbyggere	2,3	2,8	2,8	304	9,8	12,4	1,3	1,5	1,4
MUSIKKSKOLE: Andel av elevne som går på kommunens musikk- og kulturskole	41	36	37	69	24	51	4,8	4,6	4,7
MUSIKKSKOLE: Antall timer per elev (fra Norsk kulturindeks, Telemarksforskning)	10,2	10,4	12,9	233	12,7	27	2,3	2,4	3,5
FRITIDSSENTER: Åpningstid, antall timer i året	76	85	712	98	511	3768	1	1,1	3,7
FRIVILLIGE: Andel av kulturutgiftene som er overført til frivillige	13,5	18,1	14,2	132	14,5	26	3,3	4,2	3,4

# Gossen barne- og ungdomsskole

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNDEL

Slik gjer vi det»	Kommentar
<b>Barn og unge skal bli møtt med nok og godt kvalifiserte vaksne</b>	Eininga har kartlagt kompetansen til dei tilsette og laga ei plan for å kunne ha rett kompetanse på rett plass- og for å kunne styrka «laget rundt eleven». Laget skal hjelpe elevane til å utvikle seg best mogleg fagleg og sosialt.
<b>Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse</b>	Relasjonskompetanse viser til vår evne til å bygge opp positive sosiale relasjonar til elevane. Forholdet til elevane skal vere prega av interesse, respekt, toleranse og empati. Alle elevane må oppleve å høyre til, få vere ein viktig deltakar i fellesskapet og kunne medverke.
<b>Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevane fullfører grunnskolen</b>	Skolen har laga system/rutine for intensiv opplæring for dei elevane som heng etter i lesing, skriving og rekning i 1.-4.klasse. Ellers kartlegg eininga og vidare i klassane, set inn tiltak og evaluerer. Det er viktig at eininga greier å tilpasse opplæringa slik at elevane opplever meistring og framgang. Variert undervisning er viktig og skolen er med i Den naturlege skolesekken. Skolen tinglyste i haust bruksrett til eit område i Buktin. Der er skolen i gang med å etablere eit utandørs underssisingsområde med FAU og lokale verksemder.
<b>Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine-hjelp til å bere si eiga bagasje</b>	Skolen har LINK-samlingar: Livsmestring i norske klasserom Skolen har helsesøster 4 dagar pr veke. Skolen samarbeider med psykolog. Skolen har PIS-gruppe (tilbod for barn med skilte foreldre) Skolen har auka kompetansen vår på korleis tilsette kan vere bevisste vaksne for barn og unge generelt, og for dei med adferdsvanskar spesielt.
<b>Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal</b>	Skolen skal vere ein stad der barn og unge opplever demokrati i praksis. Elevane skal erfare at dei blir lytta til i skolekvardagen, at dei har reell påverknad, og at dei kan påverke det som angår dei både gjennom elevråd og ellers.

## FRAMOVER

### Fagfornyinga

Nye læreplaner i grunnskolen skal takast i bruk hausten 2020. Det er innhaldet i faga som blir nytt. Faga skal fornyast fordi det elevane skal lære skal vere meir relevant. Samfunnet og arbeidslivet endrar seg med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar. Samfunnet treng no barn og unge som reflekterer, er kritiske, utforskande og kreative. Elevane skal få meir tid til djubdelæring. Mange av læreplanane har vore for omfattande.

### Ny Overordna del av læreplanverket

Overordna del av læreplanverket utdjuvar verdigrunnlaget og dei overordna prinsippa for opplæring- både pedagogisk praksis og samarbeidet mellom heim og skole.

Tre tverrfaglege tema skal prioriterast:

- Demokrati og medborgarskap
- Bærekraftig utvikling
- Folkehelse og livsmestring

*Utdanningsdirektoratet har laga nettbasert kompetansepakke som kommunen skal følgje for å gjer skolen klar til å ta i bruk dei nye læreplanene til det beste for elevane og samfunnet.*

### IBSM- Inkluderande barnehage og skolemiljø

Begge barnehagane og begge skolane er med i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderande barnehage- og skolemiljø». Prosjektet er ei nasjonal satsing med kompetanseutvikling for barnehagar, skolar og eigarar på kommunenivå i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Tema i satsinga er læringsmiljø, gørebygging, avdekking og handtering av mobbing. Satsinga varer ut 2021. Skolane har laga plan i lag der dei overordna måla er:

1. Alle barn og elevar skal ha eit trygt og godt barnehage-, skole- og SFO-miljø som fremjar helse, trivsel og læring.
2. Skolen vil jobbe saman med elevane og heimane for å nå målet om at alle skal høyre til.
3. Det er nulltoleranse mot krenking.

Eininga har i haust gjennomført Utdanningsdirektoratet si Ståstadsanalyse for å skape ei felles forståing over skolen sin praksis og kva for område som er viktig å satse på vidare.

### Digitalisering

Eininga er klar for innkjøp og skolering når det gjeld nettbrett til bruk i opplæringa på bar-nesteget.

I tillegg er Teams vår digitale plattform som skolen no brukar på alle årssteg.

### 10-faktor-medarbeiderundersøkinga

Eininga vil bruke resultatata frå 10-faktor undersøkinga blant dei tilsette for å utvikle skolen vidare. Eininga har og lagt om malen til medarbeidersamtalane slik at dei er i samsvar med 10-faktor undersøkinga.

### KOKK-ernæring

Det er eit sterkt ønske frå alle elevråda og frå FAU at skolen får halde fram med frukost og lunsj til elevane. Skolen har no ei 50 % stilling og må då justere tilbodet etter det. Kokk her vore eit flott tilbod for skolemiljøet, for konsentrasjon og læringa til elevane.

### Forsmak på arbeidslivet

Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10.klassingar Eit spenstig og viktig mål frå samfunnsplana som skolen jobbar med å få realisere.

**Heidi Falkhytten**, Rektor

# Julsundet skole

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNDEL

### Slik gjer vi det

### Kommentar

**Barn og unge skal bli møtt med nok og godt kvalifiserte vaksne**

Skoleni har laga ein kompetanse- og rekrutteringsplan for til dei tilsette. Dette er grunnlaget for å få rett medarbeidar på rett stad. For å styrke «laget rundt eleven» rekrutterer skolen for å ha nok lærarar, spesialpedagogar, barne- og ungdomsarbeidarar og miljøterapeutar på alle hovudsteg.

**Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse**

Elevane skal ha autorative vaksne som er varme rollemodellar som sett tydelege grenser. Dei vaksne sitt positive relasjonelle forhold til elevane og foreldra skal gi elevane god emosjonell og fagleg støtte slik at ein får eit godt og læringsfremjande miljø.

**Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevane fullfører grunnskolen**

Skolen arbeider kontinuerleg med å forbetre systemet for tidleg innsats. Team for spesialpedagogikk og tidleg innsats skal reindyrkast. Tidleg innsats gjeld óg for dei som treng hjelp til psykososiale utfordringar. Miljøterapeutane skal saman med kontaktlærar bidra til at elevane meistrar skolekvardagen. Skolen tmå vise interesse for elevane heilt inn i vidaregåande skole.

**Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine og hjelp til å bere sin eigen bagasje**

Skolen har helsesøster fire dagar i veka. Helsesøster og kommunepsykolog har saman med miljøterapeutane drive prosjekt «Jentehelse» denne hausten. Gjennom satsinga «Inkluderande barnehage og skole» satsar vi på å få auka kompetanse på å forstå korleis følelsar påverkar den einskilde elev.

**Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere (skal vere / er?) ein kanal**

Den vedtekne overordna del for opplæringa i Noreg seier at skolen skal fremme oppsluttinga om demokratiske verdiar og demokratiet som styreform. Elevane skal erfare at dei blir lytta til i skolekvardagen og at dei har reell påverknad i saker som gjeld dei. Difor planlegg skolen at innovasjonscampen dette skuleåret skal vere ei øving i sosialt entreprenørskap.

Elevrådet skal ta opp saker som angår dei direkte med rektor.



## FRAMOVER

### Fagfornyinga:

Ny teknologi og ny kunnskap gir stadig nye utfordringar. Kommunen treng no barn og unge som reflekterer, er kritiske, utforskande og kreative. Kunnskapsløftet skal fornyast fordi det elevane skal lære skal vere meir relevant og i takt med endringane i samfunns- og arbeidsliv. Skolen har arbeidd med den nye, overordna delen av læreplanverket. Nye læreplanar i grunnskolen skal takast i bruk hausten 2020, og store ressursar må setjast av til denne førebuinga. Strukturen i faga er lik den skolen har, men innhaldet blir nytt. Det skal bli meir djupnelæring, og tre tverrfaglege tema skal gjennomsyre alle fag. Dei tre temaa heng saman med overordna del og skal nå heilt ut i klasseromma.

Dei tre tverrfaglege tema er:

- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling
- Folkehelse og livsmeistring

Nye og oppdaterte nettsider frå Utdanningsdirektoratet skal lagast slik at det er lett for lærarane å planlegge dei tre tverrfaglege temaa slik at dette blir synleg i undervisninga. Julsundet skole startar arbeidet med lokalt læreplanarbeid våren 2020.

### IBSM- Inkluderande barnehage og skolemiljø:

Begge barnehagane og begge skolane i Aukra kommune er med i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderande barnehage- og skolemiljø». Prosjektet er ei nasjonal satsing med kompetanseutvikling for barnehagar, skolar og eigarar på kommunenivå i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Tema i satsinga er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing. Satsinga varer ut 2021. Skolane har laga ei felles plan der dei overordna måla er:

1. Alle barn og elevar skal ha eit trygt og godt barnehage-, skole- og SFO-miljø som fremjar helse, trivsel og læring.
2. Skolen vil jobbe saman med elevane og heimane for å nå målet om at alle skal høyre til.
3. Det er nulltoleranse mot krenking.

### 10-faktor:

Arbeidet med undersøkinga frå 2019 er allereie i gang. Etter modell som kommunedirektøren har kursa oss i, saman med KS-kurs, har personalet diskutert resultat og valt dei temaa dei vil forbetre seg i og foredle oss på. Eininga ser at dei temaa som er valt vil gi eit løft på mange av dei andre temaa i 10-faktorundersøkinga.

### KOKK-ernæring:

Julsundet vil som Gossen barne- og ungdomsskole starte opp med kokk. Målet er at ein i 2020 har eit godt nok kjøkken til kokken slik at også Julsundet skole kan starte opp med frukost og lunsj til elevane. Erfaringane frå barnehage og skole er framifrå gode.

### Pedagogisk plattform og visjon

Julsundet skole skal utarbeide ein pedagogisk plattform slik at både foreldra og politikarane våre lettare skal kunne sjå korleis skolen sine planar heng saman med samfunnsdelen i kommuneplanen. Våren 2020 blir oppstart for denne planen der leiinga saman med dei tilsette skal utarbeide grunnlaget for denne planen. Dette arbeidet vil óg vere eit startskot for arbeidet med visjon for Julsundet skole.

### Terje Røvik-Gundersen

Rektor

# Barnebo barnehage

# 100

I perioden 1. juni – 30. november hadde  
Barnebo kokk i 100 % stilling



## FRAMOVER

2020 og 2021 vert fullt fokus på satsinga eit meir Inkluderande barnehage og skolemiljø som barnehagen deltek i i regi Utdanningsdirektoratet.

Arbeide for at målet om 50 % av dei tilsette skal ha utdanning som barnehagelærer ved å tilsette barnehagelærarar når fast tilsette går av med pensjon eller sluttar.

Synleggjere barna si faktiske opphaldstid i barnehagen for å arbeide mot å få samordna norm for grunnbemanning med barna si opphaldstid.

Arbeide for at enda fleire av dei tilsette arbeider fulltid.

**Sissel Oliv Garseth**

Styrrar

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

Slik gjer vi det	Kommentar
<b>Barn og unge skal bli møtt av nok og kvalifiserte tilsette.</b>	<p><b>Pedagogisk bemanning:</b> Barnebo barnehage hadde per 15. desember 1,6 av 10 pedagogiske leiararar på dispensasjon frå utdanningskravet.</p> <p>Ein tilsett var ferdig med barnehagelærerutdanninga i juni.</p> <p><b>Grunnbemanning:</b> Barnebo barnehage oppfyller norm for grunnbemanning. Det er ikkje samsvar mellom norm for grunnbemanning og barna si faktiske opphaldstid innanfor barnehagen si opningstid.</p> <p>Plan for eit godt psykososialt miljø i Aukrabarnehagen vert praktisert i eininga og det har vorte oppretta 4 aktivitetsplaner. Anten på individ eller gruppenivå.</p> <p>I perioden 1. juni – 30. november hadde Barnebo kokk i 100 % stilling – lokalisert til Riksfjord.</p> <p>Til Furutun vart det levert varm lunsj to dagar i veka.</p> <p>På Riksfjord vart det servert havregrynsgraut til frukost og det vart servert lunsj. Varm lunsj tre dagar i veka.</p>
<b>Alle tilsette som møter barn og unge skal ha god relasjonskompetanse</b>	<p>Implementering av Rammeplan for barnehagens sitt innhald og oppgåver med fokus på livsmestring og helse.</p> <p>Oppstart deltaking i satsinga Inkluderande barnehage og skolemiljø (IBSM) i regi Utdanningsdirektoratet.</p>
<b>Alle barn og unge har like høve til deltaking på dei ulike arenaene</b>	<p>Styrarane i Aukrabarnehagane har teke over sakshandsaminga for dei nasjonale ordningane for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Styrar har då ei heilskapleg oppfølging av foreldrebetaling med utarbeiding av grunnlag for fakturering, informasjon om og rettleiing i søknadsprosess på dei nasjonale ordningane, sakshandsaming og vedtak. Samt oppfølging av dei som har uteståande foreldrebetaling.</p> <p>Eininga opplever at ordningane med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid har ein sosialt utjamnande effekt ved at ferre har betalingsutfordringar</p>
<b>Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar</b>	<p>Sommaren 2019 hadde fire 10. klassingar 14 dagar sommararbeid ved Barnebo – to på Furutun og to på Riksfjord.</p> <p>Dette er ein vinn-vinn situasjon; ungdommane får ein forsmak på arbeidslivet og barnehagen ser på det som tiltak for omdømmebygging og tiltak for seinare rekruttering til arbeid i barnehagen.</p>
<b>Kommunen gir gode rammevilkår for allsidige aktivitetar</b>	<p>I planleggingsarbeidet for ny barnehagelokalitet som skal erstatte lokalitetar ved gamle Riksfjord skole, har ein søkt gode løysingar tilrettelagt for 3-5 åringar. Dette gjeld allsidig aktivitet både inne og ute.</p>

### GRUNNBEMANNING

Barnebo barnehage oppfyller norm for grunnbemanning. Det er ikkje samsvar mellom norm for grunnbemanning og barna si faktiske opphaldstid innanfor barnehagen si opningstid.

# Bergetippen barnehage

## FRAMOVER

Aukrabarnehagen arbeider for at 50 pst. av alle tilsette er barnehagelærarar. Bergetippen har 2 tilsette som tek barnehagelærerutdanning, og har 1 tilsett som tek master i spesialpedagogikk. I tillegg til 2 i leiinga har barnehagen 6 barnehagelærarar, 9 barn og ungdomsarbeidarar og 2 assistentar. Barnehagen har eit godt og solid lag på plass, men søker etter fleire dyktige folk.

### **Kompetanseutvikling: - ein lærande barnehage**

*Rammeplan for barnehagen:*

Barnehagelærarar er den profesjonen som blir utdanna spesielt for å kunne utføre oppgåvene til barnehagen. Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal sørge for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra. RP2017 s.15

### **«Slik gjer vi det» på Bergetippen**

- Arbeide for eit inkluderande barnehagemiljø.
- Framleis satse på eit rikt språkmiljø.
- Vaksenrolla og relasjonskompetanse vaksne - barn er eit felt barnehagen har mykje fokus på.
- Fokus på godt leiarskap på avdelingane og for heilskapen.
- Utvikle eit godt praksisfellesskap.

Gjennom pedagogisk leiing søker barnehagen å igangsette og gjennomføre drøftingar og refleksjonar der ein vurderer eigen og andre sin praksis. Målet er å betre praksisen. Kva er barnehagen gode på, kva kan barnehagen gjere betre? Alle tilsette vert engasjert i refleksjon og diskusjonar om korleis barnehagen skal nå felles mål.

Gjennom fagleg innlegg og drøftingsprosessar ønsker barnehagen å stimulere alle tilsette til å sjå ting på ein ny måte og utforske korleis tilsette kan lære og utvikle seg saman. Etablere felles haldningar, verdiar og kunnskap som betrar praksisen til barnehagen.

**Synnøve Rishaug**

Styrar

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

### Slik gjer vi det

### Kommentar

**Eit godt psykososialt oppvekstmiljø.  
Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette.**

Tilsette i vår barnehage arbeider for at barna skal oppleve barnehagen vår som ein trygg og utfordrande stad der dei kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Leiken har ein viktig plass. Barnehagen gir barna felles opplevingar og fokuserer på verdien av vennskap og fellesskap.

Alle tilsette deltek i satsinga Inkluderande barnehage og skolemiljø. Satsinga sitt mål er å auke kompetansen innafor feltet mobbeåttferd. Barnehagen arbeider for å forebygge diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster.

**Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse.**

Bergetippen barnehage legg vekt på at barnehagen skal vere prega av omsorgsfulle relasjonar, - barn og vaksne. Dersom relasjonar er vanskeleg er det den vaksne som må ta grep for å få relasjonen til å fungere. Dette er tema som barnehagen arbeider med og tek opp i våre møter, avdelingsvis, på leiarnivå og på fellesmøte med alle tilsette.

Barnehagen skal syte for at kvart einaste barn erfarer å vere i positivt samspel med andre barn og vaksne i kvardagen sin.

**Utjamne sosiale skilnader.  
Alle barn og unge har like høve til å delta på dei ulike arenaer.**

Viktige verkemidlar her er høve til å søke om redusert foreldrebetaling, - inntektsregulert. – Søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO er også eit bra tiltak kommunestyret vårt har gjort for småbarnsfamiliane i Aukra.

Kommunestyret i Aukra har gjort eit viktig grep for utjamning av sosiale skilnader ved å tilsette kokk i 100% stilling. Det gir alle barn barna tilgang til den same gode og sunne maten.

**Eit godt fysisk oppvekstmiljø.  
Arenaer for variert fysisk aktivitet.**

Bergetippen barnehage har eit flott og variert uteområde. Flatt med små hindringar for de yngste, furuer og fjellknausar å klatre i for dei eldste barna.

Julsundet er rik på variert natur som barnehagen nyttar flittig. For dei aller yngste barna ( 1-åringane) er det ei stor å spanande utflukt å gå over til andre sida av leikeplassen. Om våren det året dei skal begynne på skolen, går dei eldste barna heilt opp på toppen av Jendemsfjellet. Dette seier noko om den utviklinga og progresjonen som barna har i tida dei går i barnehage.

**Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge.  
Tidleg innsats er eit viktig kriterium for å lukkast.**

Plan for overgangen mellom barnehage og skole er i bruk. Dette gjer barna førebudd på kva som ventar dei i skolen.

Tverrfagleg nettverk for førskolebarn er eit nyttig organ der ulike utfordringar vert drøfta på tvers av fagfelte. – Nyttig møteplass for å lære av kvarandre og knytte band mellom etatane.

**Lågterskeltilbod for foreldrerettlegg.**

Bergetippen har kompetanse i systematisk foreldrevegleiing. Målet er å tilby kursrekke for foreldra til dei yngste barna våre.

# Innvandring og integrering

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

### Slik gjer vi det

### Kommentar

#### Skape attraktive bumiljø.

Eining for innvandring og integrering samarbeider aktivt med frivillige organisasjonar og andre kommunale einingar for å skape møteplassar på tvers av kulturar.

Dialogkafèen er ein populær møtestad for mange av innbyggjarane i kommunen.

#### Alle barn og unge har like høve til deltaking på dei ulike arenaer.

Alle barn som vert busett i kommunen får ein gratis fritidsaktivitet det første året etter busetting.

#### Lågterskeltilbod for foreldreretteiing

Foreldreretteiing er ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet for alle foreldre. Eininga har fleire sertifiserte ICDP-retteiingar, og foreldre får foreldreretteiing på eige morsmål.

#### Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrensar

Aukra kommune er medlem i FFKF (Faglig forum for kommunalt flyktingarbeid) og innehar vervet som fylkesrepresentant i landsstyret.

#### Leverer gode kommunale tenester

Eining for innvandring og integrering har fokus på å levere gode tenester til brukarane og har svært gode resultat i kommunen sitt introduksjonsprogram.

Eigne arbeidsretta tiltak:

**Dialogkafèen og skreddarverkstaden**

9

flyktingar vart busett i  
2019

22

deltakere deltok i kom-  
munen sitt introduksjons-  
program per 31.12.19.

12

personar avslutta introduk-  
sjonsprogrammet i 2019. 9 av  
desse gjekk over i arbeid eller  
utdanning.

Av dei tre andre har ein flytta og  
to er i tiltak gjennom NAV.  
Det gir ei måloppnåing på 73%.

## FRAMOVER

Aukra kommune vart oppmoda om å busette 16 flyktingar i 2020. Saman med dei 9 som vart busett i 2019, gir dette Eining for innvandring og integrering auka føreseielegheit og grunnlag for vidare drift.

På bakgrunn av at kommunen har busett færre flyktingar enn tidlegare, og ikkje fleire einslege mindreårige, har eininga gjennomført tre nedbemanningar dei siste to åra. Staben er på eit minimum og vil vere stabil i 2020 slik situasjonen er no.

Eininga skal halde fram med tett individuell oppfølging av deltakarane i introduksjonsprogrammet, og ny lov om integrering vil stille enda høgare krav til individuelt tilpassa program for den einkilde deltakar. Nye fag som livsmeistring og foreldrerettleiing vert obligatorisk i programmet. Programtida til deltakarane vil bli differensiert i høve til kva utdanningsbakgrunn dei har med seg frå heimlandet, og kompetansekartlegging og karriererettleiing skal vere gjennomført før oppstart i introduksjonsprogrammet. IMDi og Kompetanse Norge skal utarbeide standardiserte element til bruk i introduksjonsprogrammet. Det skal gjere det enklare for kommunane å tilby differensierte program med god kvalitet til deltakarane, men det er avgjerande med lokal tilpassing for å lukkast med dette. Dei standardiserte elementa omfattar:

- Arbeidsretta element
- Element som støttar opp under kvalifisering og integrering i det norske samfunnet
- Element som støttar opp under eller førebur for deltaking i formell opplæring som ein del av og/eller etter introduksjonsprogrammet

Molde Voksenopplæringscenter vil i 2020 ha mellom 30 og 40 deltakarar. Dette er deltakarar i introduksjonsprogrammet, andre deltakarar med rett og plikt til norskopplæring og deltakarar som er på tiltak gjennom NAV. Vaksenopplæringa tek og i mot betalande elevar som ikkje har rett og plikt til norskopplæring. Vaksenopplæringa har skoleåret 2019/2020 ein klasse med 9 deltakarar som får førebuande undervisning (8. kl) til grunnskole for vaksne. Desse elevane vil halde fram med 9. og 10. klasse ved Molde voksenopplæring frå hausten 2020. Det er usikkert om eininga har nok deltakarar til å ha ein tilsvarande klasse frå hausten 2020. I forslaget til ny lov om integrering er det og stilt nye kompetansekrav til lærarar som skal undervise i norsk med samfunnsfag.

Aukra kommune har 10 einslege mindreårige flyktningar. Dei to yngste bur i døgnbemanna bufellesskap. Dei åtte eldste bur i bufellesskap eller eigen bustad med oppfølging frå einsleg mindreårige oppfølgingsteam (EMO). Dei to yngste er elevar i grunnskolen, og dei åtte eldste er elevar i vidaregåande skole. Frå hausten 2020 blir fire av dei eldste lærlingar.

To av dei einslege mindreårige flyktningane har søkt om familiesameining, og mykje tyder på at ein av dei vil få familien sin hit i 2020.

Dei einslege mindreårige flyktningane som har fylt 18 år, kan få oppfølging frå Eining for innvandring og integrering til dei er 20 år. Dei to som har fylt 18 år har takka ja til dette.

Eininga vil framleis ha fokus på god kvalifisering, integrering og inkludering i lokalsamfunnet, arbeide for å skape møteplassar og nettverk på tvers av kulturar og gjere ein innsats for at alle skal kjenne at dei høyrer til i kommunen.

**Anne Lisbeth Lillebostad**  
Einingsleiar

# Kultur

## FRAMOVER

Kulturavdelinga skal delta og arbeide godt i gjennomføring av prosjektet Aukra kulturhus og basseng, samt bygge kulturtenesta inn i nytt kulturhus.

Med visjonen «Kulturskole for alle» vil Kulturskolen forsette arbeidet med å utvikle tilbod og samarbeid som famnar breidt.

Biblioteket skal fortsette å lage gode arrangement og utvikle seg som møteplass i lokalsamfunnet. Biblioteket skal gje best mogleg tenester til barn og unge, og ha arrangement som passar for målgruppa.

Det er planlagt markering av 75-årsjubileum av freden 1945 den 8. mai. Eit samarbeid mellom Løvikremma kystgard, Løvik kystfort venneforening og Aukra kommune.

Det har ikkje lukkast å auke tal på deltakarar i Aktiv på dagtid. Gjennom samarbeid med andre tenester er det eit mål å auke deltakinga.

Innbyggjarar skal involverast i samband med rullering av «Kulturplan for Aukra 2017-2020» og «Kulturminneplan 2017-2020».

Vidare rydding og skjøtsel av krigsminne og bunkeranlegg på Kleivhaugen er planlagt i samarbeid med Løvik kystfort venneforening. Restaurering av 4 kanonar skal vere ferdig våren 2020.

Frivilligprosjektet er fortsatt eit viktig satsingsområde som Frivilligsentralen har ansvar for. Det skal være enkelt å være frivillig/eldsjel i Aukra!

Frivilligsentralen skal samarbeide med NAV med tanke på arbeidsgrupper med t.d. vedlikehald av turstiar

**Anne Jorunn Sandøy**  
Kultursjef



## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

Slik gjer vi det	Kommentar
<b>Legge til rette for varierte turaktivitetar.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennom samarbeid med tekniske tenester og frivillige organisasjonar er det arbeidd med vedlikehald på turstiar og friluftsområde.</li> </ul>
<b>Halde fram med og vidareutvikle frivilligsentralen.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mange faste aktivitetar har etablert seg og dagleg leiar driftar sentralen som eit servicepunkt for innbyggjarar og frivilligheita i kommunen.</li> </ul>
<b>Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Basistreningstilbod på kveldstid ein gong pr veke held fram, eit samarbeid mellom eining Kultur, Helse og GIL.</li> <li>Nytt Aktiv Senior tilbod på Jendem i samarbeid med Fræna kommune har gitt nye deltakarar. Vel 60 personar er no med.</li> <li>Utstyrssentralen, som er fornya med utstyr er mykje brukt, særleg på vinteren. Det er gledeleg at også nye innbyggjarar brukar tilbodet.</li> <li>Målsettinga om å etablere Aukra historielag og Løvik kystfort venneforeining vart realisert.</li> </ul>
<b>Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Joinoss, eit etter skoletid tilbod for 8.-10. klasse ein gong i veka. Dei møter den same vaksne kvar veke. Dei kan spele, gjere lekse eller berre "henge" og får tilbod om varm mat til ein billig penge. På Julsundet deltok 10-25 ungdommar og på Gossen deltok 25-40 ungdommar kvar gong.</li> </ul>
<b>Alle barn og unge har like høve til deltaking på dei ulike arenaer.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilbod til småbarn 1-6 år: Småbarnstrall, eit gratistilbod i samarbeid med I&amp;I og knøttedans. Tilbod om gratis kurs og workshops for ungdom. Gitarkurs for vaksne. Re-oppstart av ungdom/vaksenkorps på Julsundet. Samarbeid om aspirantopplæring der korpsa betalar elevavgifta dei to første åra. Friplass for flyktningar (1 år).</li> </ul>
<b>Gjennom MOT-avtalen «Kommunen som samfunnsbygger» skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etter ønske frå UM (Unge MOTivatorar) er det arrangert MOT dag ved Julsundet skole og ein kveld i Aukrahallen i haustferien. Pga. lite oppmøte vil UM prøve på nytt, utanom ferietid.</li> <li>UMleiarar, utdanna hausten 2018 har vore pådrivarar for å skape aktivitet på MOT til å glede dagen. Dei har vore med på MOT møte for U-rådet i Molde, hatt større oppgave på MOT dag på Julsundet, delteke på UM skolering, samt presentasjon på skolering i januar.</li> <li>Det er sett av midlar til at 2 UM skal kunne skolere seg til UMleiar. I år fekk eininga ikkje dette til.</li> <li>MOT ambassadørar frå MFK hadde MOT besøk for ungdomstrinnet og MOT coachane har hatt MOT økt med ungdomsskoleteam på Julsundet.</li> <li>Etter signering av ny MOT avtale er rektorane og kommunalsjef drift skolert ved MOT Camp. Rune Bratseth heldt foredrag til leiargruppa.</li> </ul>
<b>Styrke ungdom sitt engasjement og deltaking i tiltak for ungdom</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppretta ungdomsgruppe i kulturskolen med fem ungdommar frå 13 år og oppover. Formålet er å gje elevane større grad av medverknad i eigen kulturskolekvardag. Elevane sine synspunkt om kulturskolen og fritidsskullivet blir løfta fram og inn i planlegging av kulturskolen i framtida.</li> </ul>
<b>Kommunen gir gode rammevilkår for allsidige aktivitetar.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunestyret vedtok tilskot til NMK Aukra for kjøp av Front Safety eigedom. Bygget skal vere tilgjengeleg for lag og org. i Aukra kommune, tilpassa drift av NMK Aukra sin bruk.</li> </ul>
<b>Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar. Arenaer for variert fysisk aktivitet.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Både interne og eksterne brukargrupper deltok med innspel gjennom høyring og brukarmøte i kulturhusplanlegginga.</li> </ul>
<b>Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det er etablert og kome i gong med møter i førebyggjande forum på tvers av einingar i kommunen.</li> <li>I samarbeid med skolane søkte eininga og fekk tilskot til Ungdoms-LOS gjennom Bufdir. Oppstart med systemarbeid 01.12.2019.</li> <li>Politiråd/styringsgruppe for SLT – fire møter i 2019.</li> <li>5 møter i SLT-koordineringsgruppa med leiarar / representantar frå tenester som jobbar med barn og unge. Statusoppdatering frå alle i gruppa bidrog til felles forståing og auka kunnskap om tenestene.</li> <li>SLT-seminar arrangert for alle som jobbar med barn og unge i Aukra.</li> </ul>

# HAUSTKVELD VED HAVET

*Ei eldraud kveldssol sig i havet  
og her i avdagselden  
kan hjarta gøyme krav og kav  
og kvile ut i kvelden.*

*Ei furu står i skrinne jord  
det susar lint i baret  
småboror kviskrar løynde ord  
til bløretang og tare.*

*Dei bårene som går mot land  
og syng si same salme  
dei rullar og mot framand strand  
med mandeltre og palme.*

*Det ropar røyser i meg: Kom!  
til andre land og lende  
men kjenner milde hender som  
dreg tanken stilt attende.*

*Langt ute høyses bylgjebrot  
sjøfuglen ber seg ille  
Draugen ror sin halve båt  
mot natt og skymingsstille.*

*Jan-Magnus Bruheim*





# HELSE OG OMSORG

## TENESTER FRÅ OMSORGSSENTERET

Pleie og omsorg har eit tett samarbeid med Eining Helse i tverrfagleg møte og gjennomføring av vekentleg legevisitt. Eining Helse har samarbeid med helsepersonell både på institusjon og heimetenesta opp mot einiskild brukarar med samansette behov.

Pleie og omsorg er med å planlegge, tilrettelegge og drifte legevaktsatelitt.

Eining Helse, pleie og omsorg og NAV samarbeider om oppfølging og tilrettelegging av sjukmelde tilsette.

Klinisk tverrfagleg team er eit fast samarbeid mellom eining Heimetenester og NAV der ein planlegg tenester fram i tid. Døme på dette kan vere hardbruksbustadar og aktivitetstilbod.

### Kjøkkenet

Kjøkkenet har ansvaret for organisering av mat og måltid på sjukeheimen, samt utlevering av mat til heimebuande med vedtak om matombringning (ca. 60 personar). Matombringning vert utført i samarbeid mellom heimesjukepleia, frivillige og Frivilligsentralen.

«St.melding 15 Leve heile livet» har eige hovudpunkt som omhandlar mat og ernæring. Kjøkkenet skal ivareta «det gode måltid», dei skal sørge for tilpassa mat i forhold til den einskilde sine ynskjer og behov, og samstundes ta i vare spesielle tilpassingar av mat i forhold til sjukdom.

### Vaskeri

Vask av private klede til bebuarar ved omsorgssenteret.

### Aktivitør

Omsorgssenteret har eigen aktivitør i 100 pst. stilling med fokus på det sosiale i avdelinga. Det skal leggast til rette for at den einskilde får være med på meningsfylte aktivitetar i kvardagen. Aktivitør samarbeider ofte med personalet på dagsenteret om felles aktivitetar.

### Dagsenter

Dagsenter omfattar aktivitet og tiltak for fleire målgrupper. Tenestetilboda er organisert brukarretta med høg grad av tverrfagleg samarbeid og samhandling mellom einingane.

### Nattevakter


Felles nattevakter for institusjon og heimeteneste. Dei har base på omsorgssenteret og tar tryggleiksalarmar og oppdrag ute i felten.

### Bergtun, Avlastning

Bergtun bufellesskap har 11 brukarar. Bergtun og avlastning er heildøgns omsorg, og tenesta er tilrettelagd ut frå den einskilde sitt grunnleggjande behov. Bebuarar ved Bergtun har tilbod om dagaktivitetar som arbeid med ved, arbeid ved Aukra omsorgssenter, trening og anna som er tilrettelagt den einskilde brukar. Avlastningstenesta har per i dag 4 brukarar, dei nyttar både kommunal avlastning og avlastning i eigen heim.

### Støttekontaktar

Støttekontaktar er med den einskilde i fritidsaktivitetar, og skal være ein støttespelar i det sosiale livet. Pleie og omsorg har per i dag 35 støttekontaktar, og det vil være behov for å rekruttere fleire i tida framover.



## FRAMOVER

### Kompetansedeling

Einingane i helse, pleie og omsorg må framover ha eit samarbeid om opplæring, kompetansedeling og rekruttering av nye medarbeidarar. Då utfordringsbiletet vert meir komplisert og utfordrande i framtida, vert det viktig å sikre at PLO har tilstrekkeleg og riktig kompetanse til å utføre arbeidsoppgåvene. Auka behov for teneste i befolkninga grunna demografiske variablar, auke i teneste innan psykisk helse og rus og etablering av legevaktsatelitt vil være faktorar som krev samarbeid på tvers av einingane.

### IA arbeid

Auka fokus på tilrettelegging og meir aktiv bruk av avventande sjukmelding kan være tiltak som gjer at fleire likevel kan være i arbeid heilt eller delvis i ein periode dei ikkje fungerer optimalt. Dette krev aktivt samarbeid mellom tilsett, fastlege og arbeidsgjevar. Ved å nytte eigenmelding framfor sjukmelding kan det være med på å redusere det administrative arbeidet, som sjukefråværet genererar.

Då pleie og omsorgstenesta utgjør ein stor andel tilsette, ynskjer ein å etablere eit forebyggjande forum med Eining Helse og NAV for å tilrettelegge for styrka nærvær på arbeid.

### Arbeid og aktivitet

Einingar i kommunen samarbeider om å opprette aktivitets- og arbeidstilbod som er aktuelle for fleire brukargrupper. Det må vere meir variasjon i aktivitet- og arbeidstilbodet, og dette er enklare om deti er fleire einingar som samarbeider.

# Folkehelseprofilen

Sosialt berekraftig lokalsamfunn er temaet for denne folkehelseprofilen. Indikatorane som blir presenterte er generelt valde med tanke på helsefremjande og førebyggjande arbeid, men er også avgrensa av kva for data som er tilgjengelege på kommunenivå. All statistikk må tolkast i lys av anna kunnskap om lokale forhold.

## Sosialt berekraftig lokalsamfunn

Sosialt berekraftige samfunn handlar om at innbyggerane har tillit til samfunnet og kvarandre, kjenner seg trygge, føler at dei høyrer til og har tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom planprosessane kan kommunen legge til rette for ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling.

Folkehelsearbeid har mykje til felles med den sosiale dimensjonen i FNs berekraftsmål. Både sosial berekraft og folkehelse handlar om å fremme ei samfunnsutvikling som:

- Set menneskelege behov i sentrum.
- Gir sosial rettferd og like livssjansar for alle.
- Legg til rette for at dei som bur i lokalsamfunnet, kan påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen.
- Legg til rette for deltaking og samarbeid.

Fire mål er viktige i planlegging av sosialt berekraftige lokalsamfunn: at innbyggerane har god tillit til samfunnet og kvarandre, har tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø, at dei føler at dei høyrer til, og at dei kjenner seg trygge.

## Å høyre til

Å føle at ein høyrer til, handlar om å vere knytt til menneske eller stader. Mange kommunar jobbar med tilknytning og fellesskap innanfor ulike sektorar; til dømes gjennom utvikling av gode oppvekst- og bumiljø, næringsutvikling, levande sentrum, fleirbruk av kommunale bygg og tilbod for innbyggerar i og utanfor arbeidslivet.


Det å delta i frivillige organisasjonar og kommunale prosessar kan styrke kjensla av å høyre til i lokalmiljøet og kommunen. Tiltak for å hindre utanforskap kan også styrke innbyggerane si oppleving av fellesskap.

I kva grad innbyggerane stemmer ved kommunestyreval eller deltar i for eksempel frivillig arbeid og andre samfunnsaktivitetar, kan fortelje oss noko om i kva grad dei kjenner at dei høyrer til i kommunen.

## DATAKJELDER

Statistisk sentralbyrå, NAV, Norsk pasientregister, Ungdata-undersøkinga frå

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktsverket, Vassverksregisteret, Medisinsk fødselsregister, Primærhelse-tenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Hjarte- og karregisteret, Reseptregisteret, Kreftregisteret, Meteorologisk institutt, Valdirektoratet og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK.




Valdeltakinga ved kommunestyrevalet 2019

### Å FØLE SEG TRYGG

For at innbyggerane i ein kommune skal føle seg trygge og oppleve livsmeistring, er det viktig at dei grunnleggjande behova blir dekkja. Å skape trygge samfunn handlar også om å sikre innbyggerane ei rettferdig fordeling og lik tilgang på gode og ressursar.

Kva som skaper tryggleik varierer. Det kan vere å kunne gå ute åleine på kveldstid, oppleve godt naboskap og at barna kan leike fritt i nærområdet, men også at ein har fast inntekt og gode relasjonar. Sjå figuren nedanfor og indikatortane 4-7 om økonomisk tryggleik.

Medverknadsprosessar kan òg vere ei kjelde til informasjon om opplevinga av tryggleik i lokalsamfunnet.



Andelen ungdomsskuleelevar som opplever at det er trygt å ferdest i nærområdet på kveldstid (Ungdata 2017-2019)

### TILGANG TIL BUSTAD, ARBEID OG LOKALE TILBOD

Alle menneske skal kunne busette seg og leve eit godt liv i kommunen. Det inneber at innbyggerane mellom anna har tilgang til ein passende bustad til ein pris dei kan betale. God variasjon når det gjeld arbeidsplassar, tilgang til skule og barnehage, offentleg transport, sosiale møteplasser og kommunale tenester er òg avgjerande for gode liv og viktig for utjamning av sosiale forskjellar.

At alle barn og unge kan ferdest trygt til og frå skulen og delta i fritidsaktivitetar, og at eldre kan leve aktive liv, er viktige kvalitetar i eit lokalsamfunn. Det same gjeld tilgang til miljøkvalitetar som rein luft, støyfrie område og rekreasjon. Sjå indikator nr. 15 om luftkvalitet.




Trangbudde og leigd bustad (2018)

### TILLIT TIL MENNESKE OG STYRESMAKTER

Samanlikna med andre land har innbyggerane i Noreg høg tillit til medmenneske og samfunn. Det gjeld til dømes tillit til naboar, tillit til at kommunen tilbyr tenester som vi treng, at politikarane har samfunnsinteressene i tankane, og at velferdsstaten gir oss økonomisk tryggleik dersom behovet er der.

På lokalt nivå viser tillit seg på fleire måtar, mellom anna korleis vi forhold oss til kvarandre. Andelen av befolkninga som stemmer ved val, kan òg vere ein indikator på tillit.



<b>BEFOLKNING</b>	<b>Aukra</b>	<b>M&amp;R</b>	<b>Landet</b>	<b>Eining*</b>
"Andel over 80 år (2019)"	5,3	5,0	4,2	prosent
"Personar som bur åleine, 45 år + (2019)"	19,8	24,2	25,5	prosent

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

<b>OPPVEKST OG LEVEKÅR</b>	<b>Aukra</b>	<b>M&amp;R</b>	<b>Landet</b>	<b>Eining*</b>
"VGS eller høgare utdanning, 30-39 år (2018, høgaste fullførte utdanning av alle med oppgitt utdanning)"	81	79	80	prosent
"Låginntekt (hushald) (2018, alle aldre, personar som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median, og brutto finanskapital under 1G)"	6,2	6,3	7,4	prosent
"Ulikskap i inntekt, P90/P10 (2018, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen)"	2,6	2,6	2,8	-
"Barn av einslege forsørgarar (2016-2018, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for)"	14	14	15	prosent
"Stønad til livsopphald, 20-66 år (2018, omfattar mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsløysetrygd, overgangsstonad for einslege forsørgarar og tiltaksmottakarar (individstønad))"	15	16	16	prosent (a,k)
"Bur trangt, 0-17 år (2018, å bu trangt er definert ut ifrå areal og antal rom i bustaden)"	14	14	19	prosent
"Leier bustad, 45 år + (2018, andelen er presentert i prosent av personar i privathushald)"	9,5	12	12	prosent
"Trivst på skulen, 10. klasse (Skuleåret 2014/15-2018/19)"	84	85	85	prosent (k)
"Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl. (Skuleåret 2016/17-2018/19)"	30	27	24	prosent (k)
"Fråfall i vidaregåande skule (2016-2018, omfattar elevar busett i kommunen)"	12	18	20	prosent (k)

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert



**OPPVEKST OG LEVEKÅR**

Andelen som bur i husstandar med låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Låg hushaldningsinntekt vil seie at inntekta er under 60 prosent av median hushaldningsinntekt i Noreg, og at brutto finanskapital er under 1G.


**6,2 %** ..... Aukra

**6,3 %** ..... Fylke

**7,4 %** ..... Noreg

**BEFOLKNING**

I aldersgruppa 45 år og eldre er andelen som bur åleine lågare enn landsnivået.

**HELSERELATERT ATFERD**

Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er lite fysisk aktive (andpusten eller sveitt sjeldnare enn éin gong i veka), er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

**19**  
prosent

Aukra

**13**  
prosent

Fylke

**14**  
prosent

Noreg

**HELSERELATERT ÅTFERD**

Lite fysisk aktive, Ungd. 2017  
(Ungdomsskole, fysisk aktiv (sveitt og andpusten) mindre enn éin gong i veka)

Røyking, kvinner  
(2013-2017, fødande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar)

**Aukra M&R Landet Eining\***

19

13

14

prosent  
(a,k)

7

6,2

6

prosent  
(a)

\* = standardiserte verdiar, a =aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert


MILJØ, SKADAR OG ULYKKER	Aukra	M&R	Landet	Eining*
God drikkevassforsyning (2018, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil levering av drikkevatt. Omfattar vassverk som forsyner minst 50 personar.)"	100	85	90	prosent
Andel tilknytt vassverk (2018, andel av befolkninga som er knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar)"	85	90	88	prosent
Luftkvalitet, fint svevestøv (2018, mikrogram per kubikkmeter ( $\mu\text{g}/\text{m}^3$ ) fint svevestøv (PM <sub>2,5</sub> ) som befolkninga i kommunen er utsett for)"	2,7	3,3	5,4	$\mu\text{g}/\text{m}^3$
Skadar, behandla i sjukehus (2015-2017, inkludert forgiftingar)	12,5	14,6	13,7	per 1000 (a,k)
Vold, melde tilfelle (2017-2018, omfattar lovbrøt som politiet og påtalemyndigheita har registrert i kategorien vald og mishandling (omfattar ikkje seksuallovbrøt))"	2,2	5,2	6,9	per 1000
Nøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svært eller litt fornøgd)	69	67	70	prosent (a,k)
Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2017 (Ungdomsskole, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid)	91	89	88	prosent (a,k)
Kollektivtilbod, Ungdata 2017 (Ungdomsskole, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid)	40	47	61	prosent (a,k)
Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svarer «ja, eg er med nå». )	64	64	66	prosent (a,k)
Einsemd, Ungdata 2017 (Ungdomsskole, ganske mykje eller veldig mykje plaga)	23	21	19	prosent (a,k)
Valdeltaking, 2019 (Kommunestyrevalet)	67	63	65	prosent

\* = standardiserte verdiar, a =aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

### MILJØ, SKADAR OG ULYKKER

Konsentrasjonen av fint svevestøv som befolkninga i kommunen er utsett for, ser ut til å vere noko lågare enn for befolkninga i landet totalt sett. Tala er baserte på modellen som blir brukt i varslingsstenesta «Luftkvalitet i Noreg».

Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er med i ein fritidsorganisasjon, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.




HELSETILSTAND	Aukra	M&R	Landet	Eining*
"Forventa levealder, menn (2004-2018, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit)"	80,7	80,1	79,4	år
"Forventa levealder, kvinner (2004-2018, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit)"	85,8	84,3	83,5	år
"Utd.forskjell i forventa levealder (2003-2017, vurdert etter forskjellen i forventa levealder ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd. og dei som har vidaregåande eller høgare utd.)"	-	4	4,9	år
"Fornøgd med helsa, Ungd. 2017 (Ungdomsskole, svært eller litt fornøgd)"	61	68	71	prosent (a,k)
"Psykiske sympt./lidingar (2016-2018, 0-74 år, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt)"	143	149	154	per 1000 (a,k)
"Overvekt og fedme, 17 år (2015-2018, KMI som svarar til over 25 kg/m <sup>2</sup> , basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. )"	28	25	23	prosent (k)
Hjarte- og karsjukdom (2016-2018, omfattar innlagde på sjukehus og/eller døde. 33. 2018, 0-79 år, utleveringar av antibiotika ekskl. metenamin på resept.)	15,0	16,4	17,4	per 1000 (a,k)
"Antibiotikabruk, reseptar (ny def.) (2018, 0-79 år, utleveringar av antibiotika ekskl. metenamin på resept)"	208	315	306	per 1000 (a,k)
"Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år (2014-2018)"	89,2	96,1	96,0	prosent

\* = standardiserte verdiar, a =aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

## KOMMUNEBAROMETERET

Her er kommunebarometeret for Helse og omsorg. I tabellen er kommunens karakter merka med ulike nyansar av rødt. Det fungerer på den måten at desto mørkare rødt farga er, desto betre resultat fekk kommunen. Illustrert i baren rett under.



### HELSE

Legedekninga har auka dei siste ti åra. Snittet er 11,2 leger per 10 000 innbyggjarar. Normalt har småkommunane langt høgare legedekning enn storbyane. Legedekninga i Aukra er på 8,2 legar per 10.000 innbyggjarar.

Delen av listene til fastlegane som faktisk er opne, er no på 32,1 pst. nasjonalt. I Aukra er det ledig plass på 100 pst. av listene til fastlegane.

Det er god dekning av helsesøster målt mot dei fleste andre kommunar.

Talet på årsverk av psykiatriske sjukepleiarar er litt høgare enn i normalkommunen, målt mot talet på innbyggjarar.

Nasjonalt er det eit stort fall i delen av barn med helseundersøking innan utgangen av 1. skoleår. Snittet i Noreg har fall frå nesten 90 pst. til 84,6 pst. på berre eitt år. 76 pst. av elevane i Aukra hadde helseundersøking innan utgangen av 1. skoletrinn.

88,4 pst. av alle nyfødde i Noreg i fjor hadde heimebesøk innan 14 dagar. Nesten alle nyfødde i kommunen i fjor hadde heimebesøk innan to veker.

Ein del av 9-åringane i kommunen er ikkje vaksinerte mot meslingar.

# 293

Plass

### Helse

7,5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2017	2018	2019
LEGEDEKNING: Andel legeårsverk per 10.000 innbyggere	8,2	8,2	8,2	404	11,2	24	1	1	1
FASTLEGE: Andel av fastlegelistene som er åpne	100	100	100	1	32	100	6	6	6
FASTLEGE: Andel av fastlegelistene som mangler lege	0	0	0	1	2,1	0	6	6	6
FASTLEGE: Andel ledige listeplasser	17,1	17,6	19,3	72	3,8	38	4,5	4,6	4,7
HELSEØSTER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere under 5 år	124	122	163	36	106	196	4,3	4,3	5,1
PSYKISK HELSEARBEID: Årsverk av psykiatriske sykepleiere, per 10.000 innbyggere	11,8	8,5	8,4	48	5,1	13,2	5,9	4,4	4,5
JORDMOR: Antall årsverk per 10.000 fødte	0	0	0		84	584			
SYKEHUS: Antall opphold på sykehus per 1.000 innbyggere	152	144	106	177	112	84	4,8	5,1	4
SKOLEHELSE: Andel barn med fullført undersøkelse innen utgangen av 1. trinn	79	100	76	305	85	100	2,4	6	3
HJEMMEBESØK: Andel hjemmebesøk, nyfødte innen to uker etter hjemkomst	100	97	94	211	88	100	6	5,3	4,7
VAKSINE: Andel 2-åringar som er med i vaksinasjonsprogrammet	82	79	82	355	95	98	1,3	1	1
VAKSINE: Andel 9-åringar som er vaksinert mot meslinger	91	89	88	345	95	98	2,4	1,7	1,4
MEDISINBRUK: Total medisinbruk, per 10.000 innbyggere	5862	5890	6034	30	6778	5898	5,9	5,9	5,6
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter forebygging, kr per innbygger - snitt 4 år	190	189	258	124	223	620	3,3	3,2	3,7

Kommunebarometeret

# Helse og omsorg

100%

Visste du alle rom på omsorgs-  
senteret er brukartilpassa med  
bad/WC?

Vil du lese meir?  
Bla om da vel!



## PLEIE OG OMSORG

I Aukra har 74 pst. (landet: 74,5) av dei tilsette fagutdanning. Aukra har 10,6 årsverk (landet 11,8) med geriatrisk sjukepleiar per 1.000 innb. over 80 år.

Av dei som bur på sjukeheim, har 81,6 pst. omfattande pleiebehov (2018). Dette har klart auka over tid. Det indikerer at innsatsen framleis blir dreia over mot heimebasert omsorg, og at ein må vere meir pleietrengjande enn før for å få sjukeheims plass. Forutsett at kommunen har gode tilbod på lågare trinn i omsorgstrappa, bør dei fleste som bur på sjukeheim ha omfattande bistandsbehov. I Aukra er det heile 92 pst. som er i denne kategorien. Det kan synast som om omsorga i veldig stor grad er heimebasert.

I Aukra tilsvarer talet på plassar i skjerma eining for demente, 60 pst. av talet på dei over 80 som faktisk bur på sjukeheim. Få kommunar har auka denne dekningsgraden så mykje det siste året, som det Aukra kan vise til. Dekningsgraden har auka med 35 prosentpoeng. Kommunen har ganske få korttidsopphald på sjukeheim (9,8 pst). Landet: 17 pst.

Frå 2020 vil kommunane få ei lovpålagd plikt til å ha eit dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. I Aukra har 57 pst. av heimebuande med demens i Aukra har vedtak om dagaktivitetstilbod. Det er høgare enn i dei fleste kommunar.

79 pst. av dei funksjonshemma i Aukra synest at dei får den hjelpa dei treng for å kunne delta i arbeid og studiar. Dei beste ligg på 98,1 pst. Berre 39 pst. synest dei får dekt behovet for assistanse til å delta i fritidsaktivitetar. Delen er låg, noko som er tilfelle mange stader. Dei beste ligg på 86,3 pst.

# 77

Plass

### Pleie og omsorg

20 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2019	2017	2018
BEMANNING: Andel ansatte med fagutdanning	74	74	74	238	75	84	3,6	3,4	3,5
SYKEHJEM: Andel av beboere i institusjon totalt med omfattende bistandsbehov	84	93	92	58	82	97	4,2	5,4	5,2
DEMENS: Andel plasser i skjermet enhet, målt mot beboere på sykehjem over 80 år	18,8	25	60	95	40	91	2,2	2,7	4,5
KORTTIDSPASSER: Andel av opphold på sykehjem som er korttidsopphold	12,2	5,7	9,8	359	17	39	2,3	1	1,7
BEMANNING: Tid med lege på sykehjem	18	39	43	80	34	63	1,7	4,1	4,3
BEMANNING: Tid med fysioterapeut på sykehjem	28	37	41	60	25	61	3,7	4,4	4,6
ENEROM: Andel brukertilpasset enerom på sykehjem med bad/wc	100	100	100	1	88	100	6	6	6
DAGTILBUD: Antall vedtak om dagaktivitet til hjemmeboende med demens, målt mot antall hjemmeboende med demens	0	0	57	22	28	61			5,7
REHABILITERING: Plasser avsatt til rehabilitering i institusjon per 1.000 innbyggere over 67 år	3,4	0	9,6	58	5,4	13,5	2,6	1	4,8
PROFIL: Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, hjemmesykepleie	3,8	3,9	3,2	300	4,8	10,7	2,5	2,7	2,1
HJEMMETJENESTE: Andel vedtak om hjemmetjenester som iverksettes innen 15 dager	97	98	99	149	95	100	4,4	4,8	5,4
SAMHANDLING: Antall døgn på sykehus for utskrivningsklare pasienter, per 10.000 innbyggere	60	299	881	418	128	0	4,8	1,8	1
TRYGGHET: Antall trygghetsalarmer, målt som andel av hjemmeboende eldre over 80 år	60	51	54	156	46	72	5,3	4,5	4,2
BEMANNING: Årsverk av ergoterapeut per 1.000 innbyggere over 80 år	0	0	0		5,8	14,5			
BEMANNING: Årsverk av geriatrisk sykepleier per 1.000 innbyggere over 80 år	23	16	10,6	147	11,8	28	5,4	4,3	3,2
HJEMMETJENESTE: Mottakere av matombringning, gruppa over 80 år som ikke bor på institusjon	32	29	34	153	28	57	4,1	3,9	4,1
BISTAND: Andel som fullt ut får dekket opplevd behov for bistand til å delta i arbeid og studier	80	76	79	195	77	98	3,8	3,4	3,7
BISTAND: Andel som fullt ut får dekket opplevd behov for bistand til å delta i fritidsaktiviteter	38	33	39	359	60	86	1,9	1,4	1,9
BISTAND: Mottakere av BPA, støttekontakt og omsorgslønn per 1.000 innbyggere	13,9	13,3	13,5	116	11,4	23	4,2	4,1	3,9

## BARNEVERN

Av alle barn med barnevernstiltak, er 32 pst. plassert i institusjon eller fosterheim. Nasjonalt har talet vore stabile dei siste åra. I Aukra er 40 pst. (landet: 32) i fosterheim eller institusjon. I barometeret blir høgt tal på tiltak i heimen rekna som positivt.

I landet samla har 94,6 pst. av barna under omsorg ein omsorgsplan. Delen har aldri vore høgare. Alle barn som er omplasserte, har ein omsorgsplan. Målt over dei siste fire åra har alle barn i Aukra hatt omsorgsplan.

Sett dei fire siste åra under eitt, ligg kommunen langt etter dei beste. Kommunen har rapportert at dei ikkje har spurt brukarane på minst fire år om kvaliteten i tenesta.

**256**  
plass

### Barnevern

10 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2019	2017	2018
OMFANG: Andel barn i bernevernet, korrigert for behovet	5,7	6,3	6,8	303	5,6	2,7	3,5	3,1	2,9
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 måneder	58	91	93	147	88	100	1,6	4,3	4,5
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 måneder, snitt siste 4 år	66	69	76	305	86	100	2,2	2,1	2,6
INSTITUSJON: Andel barn i institusjon og fosterhjem	29	39	40	286	32	15,6	4,2	2,8	2,3
INSTITUSJON: andel barn i institusjon og fosterhjem, snitt siste 4 år	0	0	0		34	22			
ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning, per 1.000 mindreårige	5,1	5,6	6	115	5,5	9,5	3,5	3,8	3,8
ÅRSVERK: Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk, f244	17,6	21	17	154	18,7	10	4,1	3,2	4
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan	100	67	100	1	95	100	6	1	6
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan, siste 4 år	100	100	100	1	100	100	6	6	6
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan	80	90	80	307	87	100	3,2	4,4	2,7
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste 4 år	100	100	100	1	98	100	6	6	6
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste, per innbygger 0-5 år	11207	10780	9691	288	11905	21687	3,7	3,4	2,5
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste 4 år	0	0	0	212	0,9	3	1	1	1

## SOSIALTENESTE

Unge mottakarar i Aukra går relativt kort tid på sosialhjelp. For dei over 25 år i kommunen er stønadstida litt kortare enn landet. Vaksne går omtrent like lenge på stønad no som for eitt år sidan. Når vi korrigerer for behovet, mottek 6,7 pst. av dei over 25 år sosialhjelp (landet: 4,5). Talet er relativt høgt.

Sosialstønad vert gitt i over 10 månader til 7,6 pst. av dei som mottek stønad. Talet er lågt, kommunen er på 43. plass på denne tabellen. Talet på mottakarar i kommunen som har sosialhjelp som hovudinntekt, er veldig låg.

**99**  
plass

### Sosialteneste

7,5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	2017	2018	2019				2019	2017	2018
SOSIALHJELP: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år	2,7	3,8	2,4	22	3,9	2,2	5,3	3,7	5,7
SOSIALHJELP: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år	2,8	3,4	4,3	138	4,6	2,9	5,7	5,1	4
SOSIALHJELP: Andel mottakere 18-24 år som har mottatt økonomisk sosialhjelp, korrigert for behovet	10,4	14,8	11,6	365	7,1	1,5	3,2	1,4	1,7
SOSIALHJELP: Andel mottakere 25-66 år som har mottatt økonomisk sosialhjelp, korrigert for behovet	4,4	5,4	6,7	343	4,5	2,1	4,3	3,5	1,6
SOSIALHJELP: Andel som går over 6 måneder på stønad	15	22	27	129	40	14,5	5,7	5,1	4,8
SOSIALHJELP: Andel av mottakere med stønad i over 10 måneder	0	6,6	7,6	43	21	5,4		5,7	5,6
ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovudinntektskilde	13,3	7,9	3,8	4	10,3	5,8	2,7	4,7	6
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av dem som går over 6 måneder på sosialhjelp	44	24	0		16,3	61	5,4	4,1	
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Årsverk til økonomisk rådgivning per 1.000 langtidsmottakere av stønad	56	59	36	72	7,2	97	4,5	4,9	4,3
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget	54	29	65	289	71	100	2,4	1	3
INDIVIDUELL PLAN: Mottakere med individuell plan, målt mot mottakere som går mer enn 6 mnd på stønad	0	0	0		9,2	73			

# Institusjonstenester

Sjukeheimen har 30 pasientrom fordelt over 3 etasjar. Utviklinga at vi har svært krevjande og varierte pleieoppgåver/behandling som treng ei høgkompetanse hjå tilsette. Ca 80 % av dei som får plass på institusjon har ei kognitiv svikt eller demenssjukdom.

Per 31.12.19 har denne eininga 104 fast tilsette, i tillegg kjem vikarar og støttekontaktar som tene-  
sta er heilt avhengig av for å kunne drifte tilboda 24 timar i døgnet.

**30** pasientrom

**104** fast tilsette

## FRAMOVER

Institusjonstenesta er ein del av pleie og omsorg og det er heilt naudsynt å se tenestene i samanheng.

Heimetenester og institusjon har allereie lagt opp til felles leiarmøter, felles opplæring og utvikling for tilsette, og sambruk av kompetanse i forhold til oppgåveløysing, dette er noko eininga vil ha fokus på framover.

Aukra kommune arbeider no med ny omsorgsplan. Omsorgsplanane definerer utfordringar kommunen må løyse fremover.

Pleie og omsorg ser at det er behov for meir tilrettelagte tilbod til personar med psykiatr-  
sike lidningar og personar med demens, spesielt personar med utagerande åtferd. Tenesta definerer at det er eit behov for egna plassar både bygningsmessig og kompetansemessig for å kunne følge opp slike pasientgrupper i kommunen.

Aukra pleie og omsorg arbeider aktivt med videreutvikling og nytting av velferdsteknologi. Pleie og omsorg arbeider aktivt med rekruttering av helsepersonell, og dette er noko som vil prioriterast framover.

Omdømmebygging, bygging av eit godt og stabilt fagmiljø i Aukra er viktige faktorar for å rekruttere til kommunen.

**Siri Halvorsen**  
Einingsleiar



## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

Slik gjer vi det	Kommentar
<b>Tverrfagleg samarbeid internt, og samarbeid med spesialisthelsetenesta.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Institusjonstenester, heimetenester, helse og andre aktuelle deltek på fast tverrfagleg møte kvar veke der einskild sakar vert kartlagd slik at eininga har eit fagleg grunnlag for forvaltning av enkeltvedtak.</li><li>• Fast samarbeid med alderspsykiatrisk (helseforetaket) som gjeld einskild pasientar innlagd i institusjon.</li><li>• Tiltak funksjonshemma har samarbeid med habiliteringstenesta, fylkesmannen, skule, helse med meir. Ofte har personar med omfattande tenestebehov innvilga Individuell plan og får eigen koordinator som skal sørge for samkjøring av tenester.</li></ul>
<b>Planlegge drift av legevaktsatelitt</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leiarar i institusjon og heimetenesta har delteke i lokal gruppe for planlegging av legevaktsatelitt.</li><li>• Kurs og hospitering for alle sjukepleiarar som skal drifte legevaktsatelitt.</li><li>• 15 timers e-læringskurs, 2 helie dager akuttmedisinsk opplæring, hospitering på legevakt i Molde.</li><li>• Spesifikk opplæring ift IKT knytt til satelitt. Aukra skulle være klar til å drifte fra 01.01.2020. Oppstart ble senere utsatt til 10.02.2020</li><li>• Aukra legevaktsatelitt er med i forskningsprosjekt der ordninga vert grundig evaluert.</li></ul>
<b>Arbeider dagleg med kartlegging av behovet for tenesta velferdsteknologi.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eininga har fått på plass eit samarbeid med høgskulen ift undervisning av komande helsepersonell. Det er viktig at dei som skal ut i jobb har praksisnær erfaring også på teknologifeltet.</li><li>• Det er gjort gode erfaringar med bruk av digitale tilsyn i tiltak funksjonshemma. Digitale tilsyn kan nyttast både som kartleggingsverktøy, fallforebygging og varslingssystem.</li><li>• Det vert skrevet avvik som går på drift av velferdsteknologi slik at vi får utbedret feil og mangler undervegs.</li></ul>
<b>Utpøving av ulike typar teknologiar(GPS, digitale tilsyn, pasientvarsling med varsel for fall/ut av seng/ikkje tilbake i seng, aktiv varsling når pasienten trykker på alarm).</b>	
<b>Opplæring og kompetanseheving i pleie og omsorg.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eininga har definert obligatoriske kurs: førstehjelp og brannopplæring</li><li>• I 2019 ble Velferdsteknologiens ABC gjennomført for alle tilsette i pleie og omsorg.</li><li>• Kontinuerleg opplæring og oppdatering av kunnskap knytta mot drift av legevaktsatelitt.</li><li>• Veilederen.no – kurs i fagtema for heile pleie og omsorg. Pleie og omsorgstenesta ynskjer aktiv bruk av e-læringskurs som internopplæring i tillegg til praktisk opplæring.</li><li>• Internundervisning i form av at einskild arbeidstakarar med spesifikk kompetanse vidareformidlar til aktuelle grupper i pleie og omsorg.</li></ul>
<b>Heiltidskultur og rekruttering.</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eininga lyser ut kun 100% stillingar for helsefagarbeidarar og høgskuleutdanna(sjukepleiarar, vernepleiarar oa) eksternt.</li><li>• Det er oppretta ei gruppe som består av både arbeidsgjevar, tillitsvalde og politikar som skal arbeide med heiltidskultur i kommunen. Denne gruppa deltek i fagleg nettverk.</li></ul>

# Heimetenester

Eining heimetenester har ansvar for tenester til personar som bur heime. Tenestene omfattar kvardagsrehabilitering, omsorg ved livets slutt i tillegg til dei tradisjonelle heimetenestene som er tildelt på enkeltvedtak.

Omfanget av brukarar som har tenester endrar seg gjennom året. Nye brukarar kjem mellom anna på grunnlag av søknad eller hendingar som gjer at brukar har status som ferdigbehandla frå opphald i spesialisthelsetenesta. Brukarar av heimetenesta er ferskvare når det gjeld tal, og per 31.12.2019 utførte eininga 289 enkeltvedtak om helse- og omsorgstenester. Dagtilbod for dei med utfordringar med psykisk helse og rus er omgjort til lavterskeltilbod, og dei har derfor ikkje enkeltvedtak, og er ikkje med i oversikta.

## TAL PÅ PERSONAR PR. 31.12.19 ER:

Heimesjukepleie:	<b>108</b>
Praktisk bistand:	<b>65</b>
Fallførebyggande tiltak/ balansegruppe:	<b>22</b>
Kvardagsrehabilitering: oppstart og totalt	<b>6</b>
Dagsenter (dagsenter for eldre):	<b>33</b>
Matombringing:	<b>37</b>
Støttekontakt over 70 år og brukerstyrt assistent ordning:	<b>18</b>

Heimetenestene kan vente seg store utfordringar mellom anna knytt til auken i tal eldre. Det omfattar både yngre eldre og eldre over 80 år.

## FRAMOVER

Heimetenesta skal vidareføre arbeidet med å implementere velferdsteknologi hos heimebuande i 2020, og skifte ut analoge tryggleiksalarmar med digitale. Eininga ser det som viktig at innbyggjarar og tilsette vert kjent med dei moglegheitene som fins ved riktig bruk av teknologi. Det vert viktig å ta i bruk velferdsteknologi i dei høva det er funksjonelt for å frigjere ressursar og kompetanse til å løyse fleire og meir komplekse helseoppgåver, og for å auke eigenmeistring hos brukar.

Heimetenesta har i samarbeid med andre einingar og Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS starta eit prosjekt «Trygg heime», som omfattar førebygging av brann hos heimebuande. Ein har som mål å legge til rette for at fleire kan bu heime lengst mogeleg. For å nå målet er det viktig å supplere med dagsentertilbod som kan avlaste pårørande og aktivisere brukarane. Utvida dagsentertilbod vert opna i februar 2020. Ein startar med to kveldar i veka og laurdagar, og tilbodet kan verte utvida på sikt.

Prosjekt «Fortsatt godt liv med demenssjukdom, med kunnskap, støtte og rett hjelp til rett tid»

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

Slik gjer vi det	Kommentar
<b>Kompetanseheving og samarbeid på tvers</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablert tverrfaglege fora på tvers av einingar og profesjonar</li> <li>• Felles opplæring, kurs og seminar dagar</li> <li>• Felles bruk av ulike ressursar for å løyse spesialiserte oppgåver</li> <li>• Samarbeid med spesialisttenesta for oppfølging av brukarar og opplæring/kunnskapsoverføring</li> </ul>
<b>Heiltidskultur, rekruttere og behalde helsepersonell</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeidd kompetanseplan på kort og lang sikt for å møte krav til spesialisering</li> <li>• Sjå behov for same kompetanse på tvers av einingar</li> <li>• Bruk av rekruttering, omstilling og utviklingsfond</li> <li>• Arbeidsgjavarrepresentantar, hoveditillsvald og politikar deltek i fagleg nettverk for kommunar</li> <li>• Utlyser heile fagstillingar, arbeider for kompetanseheving og gode fagmiljø</li> <li>• Moglegheit for alternative arbeidstidsordningar</li> <li>• Konkurransedyktig løn</li> </ul>
<b>Planlegge og drifte legevaktsatelitt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leiarar i Institusjon og Heimeteneste har delteke i lokal gruppe for legevaktsatelitt</li> <li>• Akuttmedisinsk opplæring og hospitering på Legevakt i Molde for alle sjukepleiarar som skal drifte satelitt, spesifikk opplæring i IKT</li> <li>• Aukra legevaktsatelitt er pilotkommune for prosjektet som vert grundig evaluert på landsbasis</li> </ul>
<b>Kvalitativt gode tenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvide tilbod om avlastning og dagsenter til å gjelde kveld og helg</li> <li>• Bruk av velferdsteknologi som teneste for å auke eigenmeistring og omfordele ressursar</li> <li>• Auke tilbod om støttekontakt, aktivitetsvenn, BPA, avlastning og omsorgsløn</li> <li>• Alternative/tilpassa bustader med eller uten bemanning til ulike brukargrupper</li> </ul>
<b>Velferdsteknologi som teneste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein av få kommunar i Møre og Romsdal som har innført velferdsteknologi som teneste</li> <li>• Etablert samarbeid med Høgskolen i Molde der tilsette frå Aukra underviser studentar i teoretisk og praktisk bruk av velferdsteknologi. Framtidige studentar må få praksisnær erfaring på teknologifeltet</li> <li>• Alle tilsette har fått grundig opplæring i bruk av velferdsteknologi teoretisk og praktisk</li> </ul>

blei starta i 2017 med hjelp av statleg tilskot. Målet er metodeutvikling og kunnskapsformidling til samfunnet og pårørande. Dette arbeidet vil eininga vidareføre.

Kvardagsrehabilitering som integrert modell er sett i verk med fagpersonar frå heimesjukepleia, dagsenter og helse. Gruppetilbodet med balansetrening viser god effekt ved at eininga registrerer færre fall, og det vert viktig å vidareføre tilbodet.


Eininga har ernæringskontakt i Heimetenestene. Eining Heimetenester har starta prosjektet «Aldring, helse og rusmiddelvanar» i samarbeid med KORUS Midt-Norge, og vil arbeide med aldring og rusmiddelvanar i eit førebyggjande perspektiv framover. Tenesta rus og psykisk helse vil ha fokus på eigenmeistring og sjølvhjelpsgrupper som eit supplement til andre tilbod.

Robuste og dyktige fagpersonar er viktig for å sikre kontinuitet og kvalitet i tenestene. Statlege tilskot og kommunale midlar gjer det mogleg for medarbeidarar å få delfinansiert vidareutdanning, som einingane i pleie og omsorg treng i framtida. Det vil vere viktig for vidare rekruttering.

**Nina Kristin Tomren**

Einingsleiar

# Helse



## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNDEL

### Slik gjer vi det

**Vi har fokus på psykiske lidningar og har lett tilgjengeleg tilbod.**

**Vaksinedekninga er høg i Aukra kommune.**

### Kommentar

Hjå fastlegane gjeld ti prosent av konsultasjonane psykiske lidningar. Saman med legevakt er legane tilgjengeleg heile døgnet. Ved 500.000 konsultasjonar i året hos allmennlegar i Noreg er hovediagnosen psykiske lidningar. Ved behov samarbeider eininga i om lag i ti prosent av desse konsultasjonane med spesialist helsetenesta. Ved behov har eininga samarbeidsmøter i kommunen med psykiater. I tillegg har eininga to sjukepleiarar i psykisk helse i full stilling.

Eininga har psykolog som er spesialist i klinisk psykologi i 20 % stilling som i 2020 vert auka til 40 % stilling. Psykolog har hatt prosjekt ved skulane for å redusere mobbing. Ved skulane er det helsesjukepleiar i tilsaman 180 prosent stilling og ein har spesialutdanning innan psykisk helse.

To helsesjukepleiarar er sertifisert som rettleiarar for foreldre. Ein gong i månaden har eininga tverrfagleg samarbeid mellom fastlegar, helsesjukepleiarar og sjukepleiarar i psykisk helse. Dette vert utvida med psykolog i 2020.

Dette gjeld og vaksinerings mot meslingar. Tal i kommunebarometeret er feil på grunn av at det ein periode ikkje vart registrert vaksinerings sentralt. I tillegg tek ein høg andel av befolkninga influensavaksine og vaksine mot pneumokokker.

Medisin bruk og forbruk av antibiotika er lågt i Aukra.

## FRAMOVER

Folkehelsearbeidet skal gjennomsyre alt som skjer i samfunnet, direkte eller indirekte, for å oppretthalde, betre og fremje innbyggjarane si helse.

- Smittevern. I januar 2020 kom eit nytt og smittsamt virus med namnet SARS-CoV-2 som smitter lett og kan gi alvorlege luftvegsinfeksjonar. Sjukdomen har fått namnet covid-19. Til tross for god informasjon og planlegging nasjonalt kan dette føre til mange i karantene, isolasjon og på sjukehus. Resultatet kan bli mangel på helsepersonell, utstyr til smittevern og medikament. Sjølv med god planlegging og beredskap lokalt er vi sårbare. Aukra skal revidere lokal plan for smittevern og pandemi.
- Legevakta er sentralisert i eit stort legevaktdistrikt. Før Sunndal og Rauma vert med skal ein evaluere ordninga.
- Organisering av eining Helse og PLO vert vurdert hausten 2020.
- Sentralisering av legevakt, mindre utgifter til ambulansébåt og auka kompensasjon for drift av båten frå helseforetaket kan føre til lågare driftsutgifter totalt i 2020.

**Roald Borthne**  
Helsesjef

---

### Slik gjer vi det

### Kommentar

---

Fallforebyggjande trening for eldre har ført til færre brudd og betre helse.

---

Medisin bruk og forbruk av antibiotika er lågt i Aukra

---

Faste møter med tverrfagleg samarbeid er etablert mellom legane, NAV, pleie og omsorgstenesta, fysioterapeutar, ergoterapeut, helsesjukepleiarar og sjukepleiarar i psykiatri.

---

Ei god helseteneste og pleie og omsorgstenesta fører til færre innleggelsar i sjukehus og at forventa levealder for kvinner og menn er høg samanligna med resten av landet

---

# NAV Aukra

## FØREBYGGANDE ARBEID I NAV

Målet er arbeid først og NAV har nytta fleire tiltak for å auke muligheit til arbeid, og på den måten redusere fattigdom, fremme sosial inkludering og bygge eit sterkare tryggleiksnett.

NAV Aukra har i 2019 hatt fokus på arbeid med ungdom under 30 år, innvandrarar og personar som motteke økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt.

Tala viser at det i store periodar for dette året har hatt ei stor brukargruppe med ungdom, eit gjennomsnitt på ca. 50 personar.

Fleire av brukarane som er blitt følgt opp hos NAV har stått langt frå arbeidslivet. Det er ungdom som har avslutta utdanning i vidaregåande skule

og har svært lite arbeidserfaring. Flyktningar med lite arbeidserfaring og utdanning, og brukarar som har stått lenge utanfor arbeidslivet. Tiltaka som NAV nytta er gjerne utdanning/sertifisering og arbeidspraksis/arbeidstrening. Dette er tiltak som vil auke muligheiter for varig tilknytning til arbeidslivet.

NAV Aukra har i 2019 hatt som fokus å fortsette med det tette samarbeidet med fleire einingar i kommunen, helse og næringslivet. Bruken av arbeidstrening, arbeidspraksis og inkludering i eit ordinært arbeid er gode tiltak for å auke tilknytning til arbeidslivet. Verkemiddel som lønnstilskot er eit godt virkemiddel til arbeidsgjevarar for å fremme inkludering og raskere overgang til arbeid.

# 4

Antal brukarar som var med i  
Kvalifiseringsprogrammet:  
4 personar

# 48

Antal brukarar som har motteke økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt eller som supplerande stønad: 48 personar, av desse var 9 personar under 30 år.

## FRAMOVER

NAV Aukra vil ha fokus på auka kompetanse i marknadsarbeid og eit tettare samarbeid med næringslivet og arbeidsgjevarar. Det er ein føresetnad å ha god kjennskap til lokal arbeidsmarknad for å kunne lukkast i arbeidet med å få folk ut i arbeid. Med eit tett og godt samarbeid med næringslivet og samarbeidande partnarar vil vi kunne auka bruk av inkludering og få utvikla eit lågterskeltilbod for dei som mottar sosialhjelp og for dei som står lang frå arbeidslivet.

Eininga vil også fortsette med det gode samarbeidet med eining for innvandring. Tett oppfølging av brukarar på tvers av fagområda vil vere ein føresetnad for at flyktningane skal få eit godt tilrettelagt og individuelt tilpassa, arbeidsretta aktivitetstilbod.

**Kjerstin Mauseth**  
Einingsleiar

# Tekniske tenester

## MÅL FRÅ KOMMUNEDELPLANA SIN SAMFUNNSDEL

### Slik gjer vi det

### Kommentar

I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å forebygge uhell, ulykker og naturbasert uønska hendingar

Vedtatt reguleringsplan for Falkhytten sentrum har fokus på dei mjuke trafikantane og kollektivtransport. Ny veg gjennom Obersthaugen på Gossen og utbetringa av Holtingsætervegen på Julsundet er begge døme på trafikkisikringstiltak.

Legge til rette for attraktive, tilgjengelige, trygge og inkluderande møteplassar for organisert og uorganiserte aktivitetar

Kulturhuset med bibliotek, basseng og torg skal vere ein uformell møteplass for organiserte og uorganiserte aktivitetar. Mevoldtunet er lagt til rette for bruk av lag og organisasjonar.

Tidleg definering og engasjering av parter som har med saka å gjere

God dialog med brukarar i planleggingsarbeidet i kulturhus/basseng-prosjektet, Aukratun, Obersthaugen og reguleringsplan for Halingshaughola. Til sist nemnde er grunneigarar, fylkesetatar og kommunale fagfelt engasjert ut over minstekrav i PBL, gjennom felles synfaringar, møte og dialogbrev.

Analysere kompetansebehov og utarbeide kompetanseplaner med årlege revideringar

Eininga har utarbeidd ei kompetanseplan som gjer at ein kan arbeide meir langsiktig med rekruttering og kompetanseheving.

Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrensar.

Eininga delte i faglege nettverk innan byggesak, vatn/avløp, geodata, planlegging, berekraftig bygg


## FRAMOVER

- Rekruttere og behalde fagpersonar.
- Kompetanseheving på fag og digitale verktøy.
- Forbetre eigedomsregistreringa i kommunen.
- Vedlikehald av VA-nett.
- Auka fokus på HMS i enkle arbeidsoperasjonar.
- Evaluerer organisering av eigedomsavdelinga.
- Ferdigstille hovudplan for avløp.
- Gjennomføre planar i vedteken planstrategi.
- God leiing av bygge- og anleggsprosjekt.
- Energieffektive bygg og anlegg for å reduserer energikostnader og nå måla i samfunnsplana.
- Planlegge tilsyn innan byggesak og avløp gjennom interkommunalt samarbeid.

Gerd Nerbø  
Einingsleiar

## KOMMUNEBAROMETERET

Her er kommunebarometeret for Teknikk. I tabellen er kommunens karakter merka med ulike nyansar av gult. Det fungerer på den måten at desto mørkare gul farga er, desto betre resultat fekk kommunen. Illustrert i baren rett under.



## MILJØ OG RESSUR SAR

Sektoren er ein del endra i årets utgåve av Kommunebarometeret. Statistikk om utslepp av klimagassar er henta inn, og sektoren har no eit meir heilskapleg preg av å ha nøkkeltal som rettar merksemda mot bruk av naturressursar og miljø. Korrigert for lønns- og prisvekster gjekk kommunane sine energikostnader klart opp i fjor. Statistikken må tilbake til 2010 for å finne høgare kostnadsnivå. Snittet er no på 127 kroner per kvadratmeter. Energikostnadene for bygg i Aukra er ganske høge målt mot resten av Kommune-Noreg; 181 kroner per kvadratmeter.

Utgiftsførte avdrag i investeringsregnskapet	2 660 956	1 569 504
Avsette midlar til avdragsfond	1 831 473	1 193 314
<b>Forholdet mellom betalte avdrag og minimumsavdrag</b>		
Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	35 230 594	35 287 656
Bergnet minimumsavdrag	12 409 182	11 922 444
Avvik	22 821 412	23 365 212

**NOTE 8 KOMMUNENS GARANTIANSVAR**

Gjeve ovanfor	Beløp per 31.12.		Stoppdato
	2019	2018	
Aukra Sokn	1 779 997	2 669 995	30.12.2021
Tøndergård Skole	0	11 000	
Stiftelsen Aukra Boligselskap, restgjeld *	223 729	366 015	
<b>Kommune sitt totale garantiansvar pr. 31.12</b>	<b>2 003 726</b>	<b>3 047 010</b>	

Aukra kommune har en eierandel i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS på 6,8% og Molde og Romsdal havn IKS med 12%. Det betyr at kommunen også hefter for samme prosentvise andel av selskapets gjeld. Det er ikke med i oversikten.

**NOTE 9 MARKEDSBASERTE FINANSIELLE OMLØPSMIDLER**

Aktivklasse	Finansreglement	Anskaffelseskost 2014	Balansførtverdi 1.1.	Plasserte midlar 2019	Markedsverdi	Balansførtverdi 31.12	Resultatført verdiendring*
Kapitalforvaltningskontoer	Punkt 7	20 293 363	19 152 097	0	5 476 422	5 476 422	-13 675 675
Nordiske aksjefond	Punkt 7	33 071 418	24 406 113	7 293 000	45 893 521	45 893 521	14 194 408
Globale aksjefond	Punkt 7	20 528 353	22 116 978	13 040 000	35 853 496	35 853 496	696 518
Sertifikat	Punkt 7	28 813 238	35 907 970	12 460 000	46 306 040	46 306 040	-2 061 930
Obligasjoner	Punkt 7	227 293 628	233 077 641	67 207 000	321 583 169	321 583 169	21 298 528
<b>Sum</b>			<b>334 660 799</b>	<b>100 000 000</b>	<b>455 112 649</b>	<b>455 112 649</b>	<b>20 451 850</b>

\*Resultatført verdiendring viser endringer i aktivklasse ut frå korleis forvaltningane ynskjer å plassere kapitalen innanfor Aukra kommune sitt finansreglement.

**NOTE 10 FOND**

Alle fond	KOSTRA-art	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Avsetninger til fond	SUM(530:550)	170 957 444	154 933 005
Bruk av avsetninger	SUM(930:958)	35 903 068	52 100 919
Bruk av tidligere reknesk..m. mindreforbruk	980	0	0
<b>Netto avsetninger</b>		<b>135 054 376</b>	<b>102 832 086</b>

Disposisjonsfond	KOSTRA art/balanse	Rekneskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Budsjett skjema	Rekneskap 2018
IB 01.01	2.56	524 791 570				411 845 613
Avsetninger driftsregnskapet *	540	163 512 983	165 637 301	166 224 349		151 873 086
Herav budsjettskjema 1A					165 637 301	
Herav brutto budsjettskjema 1B					0	
Bruk av avsetninger driftsregnskapet	940	2 345 538	1 414 000	5 814 000		5 441 144
Herav budsjettskjema 1A					0	
Herav brutto budsjettskjema 1B					1 414 000	
Bruk av avsetninger investeringsregnskapet	940	31 654 639	42 901 600	57 789 600		33 485 985
<b>UB 31.12</b>	<b>2.56</b>	<b>654 304 376</b>				<b>524 791 570</b>

\* Inkludert i kommunen sitt disposisjonsfond er Fond for fastlandsløysing med kr. 539.900.649 der avsetninga har blitt auka med kr. 100 mill.



Avsetting og bruk av disposisjonsfond innanfor budsjettskjema 1B med fullmakt i kommunen sitt økonomireglement og budsjettvedtak utgjør:	Rekneskap	Budsjett	Opprinneleg Budsjett
<b>Avsetting i budsjettskjema 1B:</b>			
Avsetting til fond for Tilskot til lag og foreningar IB 01.01	200 000	200 000	
Avsetting til flyktningefond		2 124 318	4 124 318
<b>Sum</b>	<b>200 000</b>	<b>2 324 318</b>	<b>4 124 318</b>
<b>Bruk i budsjettskjema 1B:</b>			
Budsjettert bruka av fond til andre kulturaktiviteter	105 775	342 000	342 000
Bruk av omstillingsfond	2 239 763	1 072 000	622 000
Bruk av fond fastlandsløysing , seinare korrigerert pga ikkje politisk vedteke bruk		0	4 850 000
<b>Sum</b>	<b>2 345 538</b>	<b>1 414 000</b>	<b>5 814 000</b>

Bundet driftsfond	KOSTRA art/balanse	2019	2018
IB 01.01	2.51	4 930 438	13 673 780
Avsetninger	550	3 553 915	1 563 327
Bruk av avsetninger driftsregnskapet	950	709 577	10 306 669
Bruk av avsetninger investeringsregnskapet	950	0	0
<b>UB 31.12</b>	<b>2.51</b>	<b>7 774 776</b>	<b>4 930 438</b>

Ubundne investeringsfond	KOSTRA art/balanse	Rekneskap 2019	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Rekneskap 2018
IB 01.01	2.53	5 471 371			5 471 371
Avsetninger	548	0	0	0	0
Bruk av avsetninger investeringsregnskapet	948	0	0	0	0
<b>UB 31.12</b>	<b>2.53</b>	<b>5 471 371</b>			<b>5 471 371</b>

Bundet investeringsfond	KOSTRA art/balanse	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
IB 01.01	2.55	1 568 263	471 298
Avsetninger	550	1 832 973	1 496 592
Bruk av avsetninger investeringsregnskapet	950	1 193 314	399 628
<b>UB 31.12</b>	<b>2.55</b>	<b>2 207 922</b>	<b>1 568 263</b>

## NOTE 11 KAPITALKONTO

Kapitalkonto			
01.01.2019 Balanse		01.01.2019 Balanse	
(underskudd i kapital)	0	(kapital)	871 227 726
<b>Posterings i året:</b>		<b>Kreditposterings i året:</b>	
Sal av fast eiendom og anlegg	3 972 062	Aktivering av fast eiendom og anlegg	33 439 296
Nedskrivninger fast eiendom	0	Oppskrivning av fast eiendom	0
Avskrivning av fast eiendom og anlegg	27 352 589		0
Salg av utstyr, maskiner og transportmidler	0	Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidler	6 107 911
Nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0	Oppskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0
Avskrivninger av utstyr, maskiner og transportmidler	9 588 797	Kjøp av aksjer og andeler	3 125 329
Salg av aksjer og andeler	0	Oppskrivning av aksjer og andeler	0
Nedskrivning av aksjer og andeler	0	Utlån formidlings/startlån	11 203 363
Avdrag på formidlings/startlån	2 954 345	Utlån sosial lån	70 000
Avdrag på sosial lån	57 287	Utlån egne midler	0
Avdrag på utlånte egne midler	0	Korrigerings av tidlegare års feil	0
Avskrivning sosial utlån	31 215	Oppskrivning utlån	0
Avskrevet andre utlån	0	Avdrag på eksterne lån	37 891 550
Bruk av midler fra eksterne lån	11 203 363	Urealisert kursgevinst utenlandslån	0
Urealisert kurstap utenlandslån	0	UB Pensjonsmidler (netto)	22 478 182
UB Pensjonsforpliktelse (netto)	24 620 333	Estimatavvik pensjonmidler	0
Aga pensjonsforpliktelse	352 433	Reversing nedskrivning av fast eiendom	0
Estimatavvik pensjonforpliktelse	0	Reversing nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0
	80 132 424		114 315 631
<b>31.12.2019 Balanse</b>	<b>905 410 933</b>	<b>31.12.2019 Balanse</b>	
<b>Kapitalkonto</b>	<b>905 410 933</b>		<b>0</b>

## NOTE 12 SJØLVKOSTOMRÅDE

Etterkalkyle sjølvkost	Vatn	Avløp	Renovasjon	Slam-tømming	Feiing
Gebyrinntekter	12 705 129	6 035 626	4 092 120	215 769	466 607
Øvrige driftsinntekter	134 183	23 183	0	0	0
<b>Driftsinntekter</b>	<b>12 839 312</b>	<b>6 058 809</b>	<b>4 092 120</b>	<b>215 769</b>	<b>466 607</b>
Direkte driftsutgifter	5 733 937	3 148 395	4 427 012	187 797	556 756
Avskrivningskostnad	2 525 286	1 181 024	13322	1612	0
Kalkulatorisk rente (2,30 %)	1 640 426	659 743	1379	854	0
Indirekte netto driftsutgifter	262 708	160 955	88 959	7 725	20 148
Indirekte avskrivningskostnad	5 181	2 679	3 577	59	174
Indirekte kalkulatorisk rente (2,30 %)	838	420	542	1	2
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)					
<b>Driftskostnader</b>	<b>10 168 377</b>	<b>5 153 216</b>	<b>4 534 792</b>	<b>198 047</b>	<b>577 080</b>
<b>Resultat</b>	<b>2 670 935</b>	<b>905 593</b>	<b>-442 672</b>	<b>17 722</b>	<b>-110 473</b>
Selvkostgrad (%)	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiering	4 434 439	2 004 820	107 779	10 250	20 324
<b>Selvkostfond 01.01</b>	<b>0</b>	<b>1 983 603</b>	<b>0</b>	<b>48 160</b>	<b>149 455</b>
+ Avsetning til selvkostfond	1 110 762	905 594	0	17 722	0
- Bruk av selvkostfond	0	0	0		-110 473
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,30 %)	-5 168	56 037	0	1 311	2 167
<b>Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>1 105 594</b>	<b>2 945 234</b>	<b>0</b>	<b>67 193</b>	<b>41 149</b>
<b>Fremførbart underskudd 01.01</b>	<b>-1 560 174</b>	<b>-</b>	<b>-933 887</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
+ Inndekning av fremførbart underskudd	1 560 174	-	-		-
- Underskudd til fremføring	-	-	-442 671		-
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (2,30 %)	-	-	-26 570		-
<b>Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-1 403 128</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Gebyrinntekter	12 705 129	6 035 626	4 092 120	215 769	466 607
Gebyrgrunnlag inkl. ev. subsidiering	10 034 194	5 130 033	4 534 792	198 047	577 080
Finansiell dekningsgrad (%)	126,6 %	117,7 %	90,2 %	108,9 %	80,9 %

## NOTE 12 SJØLVKOSTOMRÅDE FORTS.

Etterkalkyle sjølvkost	Behandling plansaker	Bygge- og delesaks-behandling, seksjonering	Kart og oppmåling	Totalt
Gebyrinntekter	36 850	741 546	1 524 387	25 818 034
Øvrige driftsinntekter		-102 876	-4 725	49 765
<b>Driftsinntekter</b>	<b>36 850</b>	<b>638 670</b>	<b>1 519 662</b>	<b>25 867 799</b>
Direkte driftsutgifter	176 757	1 228 569	941 211	16 400 434
Avskrivningskostnad	0	0	52 053	3 773 297
Kalkulatorisk rente (2,30 %)	0	0	8 979	2 311 381
Indirekte netto driftsutgifter	23 038	51 165	33 880	648 578
Indirekte avskrivningskostnad	55	384	294	12 403
Indirekte kalkulatorisk rente (2,30 %)	1	4	3	1 811
Sjåblongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind. dr.kostn.)				0
<b>Driftskostnader</b>	<b>199 850</b>	<b>1 280 122</b>	<b>1 036 420</b>	<b>23 147 904</b>
<b>Resultat</b>	<b>-163 000</b>	<b>-641 452</b>	<b>483 242</b>	<b>2 719 895</b>
Selvkostgrad (%)	18,44 %	66,17 %	100,00 %	85,58 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiering	23 094	51 554	95 210	
<b>Selvkostfond 01.01</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 181 218</b>
+ Avsetning til selvkostfond	0	0	483 241	
- Bruk av selvkostfond				
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,30 %)	0	0	5 557	
<b>Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>488 798</b>	<b>4 647 968</b>
<b>Fremførbart underskudd 01.01</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-2 494 061</b>
+ Inndekning av fremførbart underskudd				
- Underskudd til fremføring				
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (2,30 %)				
<b>Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-1 403 128</b>
Gebyrinntekter	36 850	741 546	1 519 662	25 813 309
Gebyrgrunnlag inkl. ev. subsidiering	199 850	1 382 998	1 041 145	23 098 139
Finansiell dekningsgrad (%)	18,4 %	53,6 %	146,0 %	111,8 %

## NOTE 13 MOGELEG ØKONOMISK ANSVAR

Kommunen har motteke klagar over utskrevet eiendomsskatt. Klagesakene er ikkje behandla i klagenemnda i kommunen og kan dermed innebære at kommunen må tilbakebetale eigendoms-skatt som allereie er innkrevd. Om tilbakebetaling er aktuelt og storleik på en eventuell tilbakebetalingsplikt vil først være kjent når klagesakene er avslutta.

## NOTE 14 DISPOSISJONAR PÅ GRUNNLAG AV FULLMAKT I VEDTEKE ØKONOMIREGLEMENT

Overføring frå driftsramme til finansiering av investeringar er gjennomført på einingane Barnebo og Bergetippen. Bruk og avsetting til fond er gjennomført slik:

Avsetting i budsjettskjema 1B:	
Avsetting til fond for Tilskot til lag og foreningar	200 000
Sum	200 000
Bruk i budsjettskjema 1B:	
Budsjettert bruka av fond til andre kulturaktiviteter	105 775
Bruk av omstillingsfond	2 239 763
Sum	<b>2 345 538</b>

# ÅRSMELDING

## DRIFT

Aukra kommune sitt rekneskap for 2019 viser eit netto driftsresultat på kr. 166,4 mill. som svarar til 27,0 prosent av kommunen sine samla driftsinntekter. Netto driftsresultat er 1,0 mill. høgare enn føreset i regulert budsjett. Høgt netto driftsresultat kjem av kommunen sine inntekter frå eigedomsskatt, som utgjer 41,9 prosent av kommunen sine samla driftsinntekter.

Einingane sine driftsrammer har i løpet av 2019 samla blitt vedteke auka med kr. 27,1 mill. Av denne auka utgjorde lønsvekst frå lokale og sentrale forhandlingar kr. 6,9 mill.

Auka driftsrammer har vore grunngeve med:

- Kompensasjon for lønsutgifter utanom verknad for endringar i sentrale og lokale forhandlingar
- Innkjøp PC-ar til tilsett, programvare PC kommunestyreval og nettbrett folkevalde.
- Auka innleige av konsulentar og juristar knytt til eigedomsskatt, etablering av eigarselskap og grunnkjøp «Kjerringsundet»
- Kokkestillingar i barnehage og skole
- Auka utgifter til spesialundervising og styrka tilbod til førskoleborn
- Nedbetaling av låneforplikting Romsdalsmuseet sitt utstillings- og magasinbygg Krona
- Auke i lovpålagte avlastingstenester, og generell auke av driftsramme til institusjon og buteneste
- Høgare utgifter til transporttenesta for legevakt, beredskapsgodgjerings og reduserte husleigeinntekter
- Auke i utgifter til sosial hjelp og rådgjeving
- Auka utgifter til straum

## BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Brutto driftsresultat viser resultat av Aukra kommune si ordinære drift, inkludert avskrivning, og fortel om kommunen sin evne til å betene lånegjeld, finansierer årets investeringar og avsette midlar til seinare års bruk.

Brutto driftsresultat i 2019 er på kr. 145,6 mill., 7 mill. lågare enn fastsett i regulert budsjett. Dette viser at kommunen har god evne til å betene si lånegjeld, finansiere delar av årets investeringar eller avsette midlar til seinare års bruk.

## NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat viser differansen mellom kommunens ordinære løpande inntekter (inklusive finansinntekter) og dei løpande utgiftene (inklusive finansutgifter), korrigert for avskrivningar. Denne korreksjonen skjer fordi kommunale rekneskap sitt netto driftsresultat skal innehalde avdragsutgifter, og ikkje avskrivningar. Eit positivt netto driftsresultat viser at kommunen klarer å finansiere investeringsutgifter og/eller avsette til framtidig drift. Et negativt driftsresultat viser at kommunen tærer på tidlegare avsette reserver eller går med underskot. Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin handlefridom.

Rekneskapen i 2019 har eit netto driftsresultat på kr. 166,4 mill. som viser at kommunen har stor handlefridom. Netto driftsresultat avvik med kr. 1 mill. i forhold til regulert budsjett. Årsak til eit netto driftsresultat på nivå med regulert budsjett, samstundes som brutto driftsresultat er 7 mill. lågare enn regulert budsjett, er i hovudsak ei vesentleg

auke i finansielle inntekter. Avkastning på finansielle instrumenter er kr. 3,7 mill. høgare enn budsjettert, etter at avkastinga for 2019 vart kr. 21,3 mill. (før honorar), medan det i budsjett var føresett ei avkastning på kr. 17,6 mill. I tillegg har kommunen ei auke i andre renteinntekter på kr. 2,6 mill.

Brutto driftsresultat i rekneskapen sett mot regulert budsjett, har eit avvik mellom budsjetterte og rekneskapsførte avskrivningar på kr. 2,9 mill. i høgare utgifter. Dette blir reversert igjen ved fastsetting av netto driftsresultat.

Netto driftsresultat er kr. 31,2 mill. høgare enn i 2018. som i hovudsak skriv seg frå auke i avkastning på finansielle instrumenter, renteinntekter, rammetilskot og skatt på inntekt og formue.


Kommunestyret har vedteke at det årleg skal avsettast til fond for fastlandsløysing. I 2019 er avsetting gjort med kr. 100 mill. som vedteke. Fondet hadde ved slutten av året ein saldo på kr. 539,9 mill. Vedteke avsettinga dei neste fire åra er kr. 100 mill. kvart år. Dersom dette blir gjennomført som planlagt, vil saldo ved utgangen av økonomiplanperioden i 2023 være kr. 936 mill.

## FOND

Kommunen sitt generelle disposisjonsfond har i 2019 blitt tilført kr. 63,5 mill., som er i samsvar med regulert budsjett. Samtidig er bruk av disposisjonsfond til finansiering av investeringane kr. 15,2 mill. lågare enn budsjettert. Ved årsslutt har det generelle disposisjonsfondet (utanom fond fastlandsløysing og framtidig vedlikehald) ein saldo på kr. 107,4 mill. Dette er kr. 22,5 mill. høgare enn pr. 31.12.2018 og 11,1 mill. høgare enn kva som er lagt til grunn i regulert budsjett for 2019. Årsaka er at bruken av disposisjonsfond til finansiering av investeringar har vore mindre enn budsjettert i 2019.

Vesentleg del av ubrukte investeringsløyver frå 2019 vil bli føreslått rebudsjettert i 2020, og planlagt bruk av fond vil då bli føreslått nytta til finansiering. Auke utover budsjettert nivå pr. 31.12.2019 vil ut frå dette berre være midlertidig fram til at investeringane er gjennomført som planlagt.

## Netto driftsresultat




## Utvikling i korrigert netto driftsresultat

Tal i heile 1 000 kr

	2017	2018	2019
Netto driftsresultat	120 941	135 221	166 436
Premieavvik		-2 202	-2 574
Korrigert netto driftsresultat	120 941	133 019	163 862
Korrigert netto driftsresultat i % av inntektene	22,5	22,2	26,6

## Utvikling i netto driftsresultat

Tal i heile 1 000 kr




## MEIR/MINDREFORBRUK

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er eit avvik frå årets vedteke balanserte budsjett. Mindreforbruk («overskot») er ein positiv saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett. Meirforbruk («underskot») er ein negativ saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett. Ved meirforbruk skal kommunen foreta nødvendige strykingar av vedteken disponering slik det går fram av FKR § 9, 1. ledd.

Kommunen sitt rekneskap for 2019 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk med kr. 2,0 mill. Kommunen sine midlar til fordeling til drift har auka med 12,1 mill. grunna høgare frie disponible inntekter og avkasting på finansielle instrumenter. Utgiftsførte honorar på finansforvaltinga og provisjonar, og pensjonsutgiftene har auka i forhold til budsjett. Det har i løpet av 2019 blitt brukt kr. 5,4 meir på kommunen si drift enn budsjettet.

## Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk

Tal i heile 1 000 kr



Avvik på økonomisk ramme er gjort greie for på den enkelte eining/avdeling.

Budsjetterte avsetningar er gjennomført som vedteke'

## Meir/mindreforbruk på den enkelte driftsramme

Tal i heile 1 000 kr

	Rekneskap 2019	Budsjett (end) 2019	Budsjett (oppr) 2019	Avvik i %	Avvik 2019	Avvik 2018	Avvik 2017
Rådmann, politisk leiing og serviceavdelinga	22 656	21 056	19 281	7,6	1 600	-336	-561
Økonomiavdelinga	6 330	6 993	5 778	-9,5	-662	59	-166
Organisasjonsavdelinga	3 749	3 827	3 356	-2,1	-79	295	417
Barnevern	7 299	7 780	7 780	-6,2	-481	-177	-827
Pedagogisk rådgjeving	7 489	6 377	6 352	17,4	1 112	-63	-168
Næring, revisjon, kyrkja	30 423	30 227	30 227	0,6	196	618	-831
Gossen barne- og ungdomsskole	34 618	34 561	32 996	0,2	57	-218	-708
Julsundet skole	17 300	16 649	15 162	3,9	651	273	-259
Barnebo barnehage	17 893	17 639	17 146	1,4	255	-804	-133
Bergetippen barnehage	11 221	11 256	10 501	-0,3	-35	-348	-1 170
Eining for innvandring og integrering	162	-1 000	-1 000	-116,2	1 162	2 234	-21
Kultur	11 712	11 515	10 223	1,7	197	306	351
Institusjon og buteneste	55 174	55 849	47 957	-1,2	-675	-1 165	1 607
Tenester til heimebuande	31 289	31 476	32 094	-0,6	-186	117	-1 571
Helse og sosial	16 078	14 922	12 710	7,8	1 156	2 591	-628
NAV Aukra	5 792	5 050	3 482	14,7	743	1 098	292
Tekniske tenester	28 585	28 259	26 545	1,2	326	384	4 728
<b>Sum avvik</b>	<b>307 772</b>	<b>302 435</b>	<b>280 590</b>	<b>1,8</b>	<b>5 338</b>	<b>4 862</b>	<b>352</b>

# Rapportering meir/mindreforbruk på driftsrammer

## RÅDMANNEN, POLITISK LEIING OG SERVICEAVDELING

Ramme 10.1 har eit meirforbruk på kr. 1 588 658,-. Meirforbruket skuldast mellom anna at det ikkje er fatta vedtak om bruk av disposisjonsfond for 2019 for å dekke utgifter knytt til arbeidet med fastlandssambandet. Dette utgjør ca. kr. 500 000,-. Politisk leiing har eit meirforbruk på kr. 568 000 som i all hovudsak skuldast auke i ordførargodtgjersle som ikkje er kompensert på ramme. I tillegg er det ei auke i kontingent og tapt arbeidsforteneste. IKT har eit meirforbruk som skuldast auke i løn som ikkje er kompensert på ramme. Ordførargodtgjersla og løn IKT vil bli meldt som sak per 1. tertial 2020.

## ØKONOMIAVDELING

Avdelinga si ramme vart styrka ved 1. tertial grunna auka utgifter knytt til omtaksering som følgje av endring i eigedomsskattelova og takstfagleg konsulent og juristar i samband med klagehandsaming. Grunna forsinka framdrift vart utgiftene i 2019 mindre enn budsjettert.

## ORGANISASJONSAVDELING

Organisasjonsavdelinga fekk ei auke i ramma på kr. 400' 1. kvartal 2019 og hadde eit mindreforbruk på kr 78' pr 31.12.

I hovudsak skuldast dette mindreforbruket at utgifter til avgifter, gebyrer, lisenser og KS-kontingent er lågare enn budsjettert. I tillegg er nokon av utgiftene i samband med julebordet i desember ikkje komme innan fristen for å bli rekneskapsført i 2019.

## BARNEVERN

Barnevern er eit område kor det er vanskeleg å berekne utgiftene presist. Kostnadane for dei tre siste månadene av året vart lågare enn kva ein såg føre seg, og lågare enn kva den interkommunale tenesta sjølv meldte om til Aukra kommune. Dette er orsaka til mindreforbruket.

## PEDAGOGISK RÅDGJEVAR

Meirforbruket skuldast utgifter til elevar med særskilte behov, og utgifter for gjestebarn frå Aukra i private barnehagar i andre kommunar.

Aukra kommune ikkje hatt gjestebarn frå Molde eller Fræna, og derav ingen inntekter.

## NÆRING, REVISJON, KYRKJA MM

Meirforbruket skuldast auka tilskot til andre trussamfunn som følgje av høgare tilskot til Aukra Sokn. Utgifter til revisjonen er noko lågare enn budsjettert.

## GOSSEN BARNE- OG UNGDOMSSKOLE

Gossen barne- og ungdomsskole hadde eit meirforbruk i 2019 på kr. 57 001.

Vi meldte om eit venta meirforbruk på 2.tertial p.g.a nye elevar som vi trengte meir ressursar for å hjelpe pga språkutfordringar og vi hadde fått ei auke i vedtak om spesialundervisning. Dette ba vi om ressursar til.

Vi fekk auke i ramma vår for å møte dei utfordringane og greide derfor drifta i 2019 så å seie i balanse.

## JULSUNDET SKOLE

1. Meirforbruket kjem av fleire årsaker. Ei årsak er at inntekt frå andre kommunar vart noko mindre enn venta. Ei anna årsak er tiltak som er sett inn for nokre elevar som utvikla utagerande åtferd mot andre elevar. Her måtte vi setje inn ekstra personell for å sikre ein trygg skolekvardag for dei andre elevane. Nokre midlar måtte òg brukast for å leggje til rette for oppstart av kokkestillinga.

2. Ei vakant stilling vart ikkje tilsett som tiltak for å gå i null. Høgt sjukefråver og innleige av vikarar gjorde at vi ikkje greidde å bruke dette til innsparing.

## BARNEBO BARNEHAGE

Barnebo hadde eit høgt sjukefråver i 2019. Avvik skuldast meirutgifter knytt til sjukevikarar som ikkje er kompensert med refusjon sjukeløn.



### BERGETIPPEN BARNEHAGE

Bergetippen barnehage sitt rekneskap for 2019 viser eit mindreforbruk på Kr. 34578,-. Utfordringane var store på utgifter til spesialpedagogisk tilbod og lønnsutgifter til sjukevikar, men vi tok grep om dette på slutten av året. På slutten av året greide vi å ta ned utgiftene til dette.

### EINING FOR INNVANDRING OG INTEGRERING

Meirforbruket i eininga skuldast fleire faktorar:

Eininga har eit avvik på om lag kr. 500.000,- på leigeutgifter. Det skuldast i hovudsak at administrasjon i 2018 flytta til vaksenopplæringa, og det vart derfor ikkje budsjettert med leigeutgifter i sentrum. Det viste seg at lokala på vaksenopplæringa ikkje var eigna til administrasjon, og det vart derfor flytta tilbake til dei opprinnelege lokala i sentrum. Vidare flytta fleire av dei einslege mindreårige på hyblar tidlegare enn forventa, og det vart derfor ei periode med dobbel husleie i samband med oppseiing av leiekontrakt ved Teia bufellesskap.

I samband med nedbemanning i avdeling for einslege mindreårige flyktningar, der 7 personar mottok oppseiing i siste halvår 2019, har eininga hatt ei utgift på om lag kr. 800.000,- til ekstraordinære utgifter og juridisk bistand. Dette var det ikkje budsjettert for.

Eininga traff ikke rett på dei avtalefesta tillegga som hadde verknad frå 1. januar 2019. Tillegget gir eit stort utslag på om lag kr. 900.000,-, då dei tilsette i avdeling for einslege mindreårige flyktningar går i langturnus.

Det er eit meirforbruk på om lag kr. 500.000,- på introduksjonsstønad. Det skuldast at programmet vart forlenga for nokre deltakarar for å få ein direkte overgang til jobb eller utdanning. I tillegg vart det busett 7 personar som starta introduksjonsprogrammet i september/oktober 2019.

Aukra kommune var oppmoda om å busette 12 personar i 2019. Det var berre 9 personar som vart utsøkt og busett i kommunen. Dette ga eininga eit inntektstap på om lag kr. 650.000,-.

Det er sett i gang tiltak for personar som treng ekstra ressursar i barnehage, skole og bustad. Dette er det søkt tilskot 1 og 2 for, men tiltaka blir utbetalt etterskotsvis. Eininga har inne

søknadar på tilskot 1 og 2 for om lag kr. 2, 6 millionar.

### KULTUR

Eininga var kjend med at resultatet viste større utgifter enn budsjettert og alle ansvar vart orientert i september om å redusere innkjøpa. Dette vart gjort, men vi klarte likevel ikkje å dekke inn overforbruket kr. 197.195,-.

Vesentlege årsaker: Lønsauke leiar er ikkje kompensert i budsjett. Salet av sogenemnda sin siste utgåve av Aukra Gjennom Tidene, samt dialektkoppen hadde vesentleg nedgang samanlikna med året før. Mottatt faktura for arbeid med bygdeboka skulle vore med på tidlegare rekneskapsår (investeringsprosjekt). Flytting av arrangementet Aukradagen medførte utføresette ekstrautg. til straum. Kjøp av teneste til digital marknadsføring og dokumentasjon fekk også ein større kostnad enn året før. Kostn til studiereise i samband med utarbeiding av funksjonsbeskriving for kulturhus og basseng vart ikkje dekt av investeringsprosjektet. Som oppstart til "Frivilligprosjektet" vart tilskot til velforeiningane utbetalt. Avgifter, gebyr og lisensar har for eininga steget med om lag kr. 60.000,- frå 2018.

### INSTITUSJON OG BUTENESTE

Etter andre kvartal 2019 rapporterte eininga eit meirforbruk på kr. 3 850 000, og eit estimert meirforbruk for 2019 på om lag kr. 4 900 000,-. Ny prognose førte til eit samla mindreforbruk for året på kr. 676 000. Refusjon for ressurskrevjande brukarar er berekna til kr. 1 600 000 meir enn budsjettert. Dette grunna auke i ressurskrevjande tenester i løpet av året. Tenestane kan endrast i løpet av eit år og det vil kunne ha store utslag i forhold til budsjett.

Eininga fekk etter rapportering andre tertial, vedtak om auke i ramme for 2019 grunna meirforbruk på lønskostnadar. Mellom anna medførte nye satsar for faste tillegg på helg til ei auke i kostnadar på om lag kr. 1 000 000. Alle i institusjonstenester går ekstra timar på helg for å dekke fagleg forsvarleg teneste og vi har lik bemanning heile veka.

Det har vore eit behov for høgare bemanningsfaktor i tenesta kring pasientar som tidlegare har vore innlagt i alderspsykiatrien. Kommunen har sjølv ansvar for å gje tilbod til pasientar

i denne kategorien, jamfør samhandlingsreforma.

Høgt sjukefråvær har ført til auka bruk av overtid og ekstra innleie av ressursar. I tillegg har eininga leid inn ekstra bemanning for å sikre personell mot situasjonar som kan være potensielt skadeleg. Eininga har i 2019 hatt fleire alvorlege avvik der tilsette har opplevd fysiske åtak i arbeidssituasjon. Vi har på det jamne enkeltpasientar med utagerande og utfordrande åtfærd.

Grunna høgt sjukefråvær har Aukra Omsorgsenter valt å sette inn igjen ei kveldsvakt knytt til personar med demens. Dette utgjør 1,4 årsverk.

Eininga fekk ytterlegare auke i lovpålagd avlastning i 2019. Avlastning er utfordrande og kostnadskrevjande sidan den ikkje let seg planlegge. Kommunen er pålagt å innfri tilbod til dei med vedtekne behov for tenester på området.

Bergtun kjøper tenester frå Halså interkommunale psykiatriske heildøgns senter som yter tenester og har kompetanse i psykiatri, som Aukra kommune ikkje har i per dag. Tiltaket har ei auke i omfang, og dermed eit meirforbruk i forhold til budsjett.

Auke i ressurskrevjande tenester, blir delvis refundert gjennom statlege refusjonsordningar.

Liggedøgn på sjukehus har vore ei utfordring som eininga har arbeida konstruktivt med i lengre tid. Innføring av tiltak i 2018 har gitt resultat og har medført ein reduksjon frå kr. 1 000 000 i 2018 til kr. 244 000 i 2019.

### TENESTER TIL HEIMEBUANDE

Eininga har ved årets slutt eit mindreforbruk i forhold til justert budsjett for 2019 på kr. 186 000. Etter andre kvartal 2019 rapporterte eininga eit mindreforbruk på kr. 768 000, og eit estimert mindreforbruk for 2019 på om lag kr. 1 600 000. Ny prognose trefte godt med eit mindreforbruk på kr. 186 000.

Eininga har eit mindreforbruk i forhold til budsjett på brukarstyrt personlig assistent (BPA), støttekontakt og omsorgsløn, då behovet ikkje var som forventa i 2019. Det er òg eit mindreforbruk på kjøp av hjelpemidlar til utleige, og inventar og utstyr.

Refusjon av sjukepengar er høgare enn kostnaden ved innleie av sjukevikar og har difor bidrege positivt til det samla resultatet. Overtidsbruken i eininga er redusert med kr. 550 000 frå 2018. Dette er ein konsekvens av god leiing, rasjonell drift og jamleg vurdering av behovet for innleie.

Eininga har òg frigjort 50% ressurs til ROR-IKT i arbeid med Helseplattforma. Stillinga er finansiert av ROR-IKT med midlar frå GassROR IKS.

Eininga har hatt fokus på fagleg utvikling av dei tilsette som har gjennomført fleire kurs, mellom anna Akuttmedisinsk kurs, Hjerte- og lungeredning, Branntryggleik hos heimebuande og Velferdsteknologiens ABC

Dei samla kostnadane til eininga er om lag kr. 400 000 lågare i 2019 enn i 2018.

Suksessfaktorane er eininga si innsats og fokus på kostnadsreducerande tiltak:

- Arbeid med førebygging og tilbod om tenester på lågare omsorgsnivå tidleg
- Helsepersonell frå kommunen har reist til sjukehuset for å kartlegge tenestebehov hos utskrivingsklare pasientar for å kunne gje riktig omsorgsnivå.
- Eit godt samarbeid mellom INT og HET har betra flyten i bruk av sjukepleiekompetanse mellom einingane, og vi har unngått innleie frå vikarbyrå og dermed redusert bruken av overtid
- Tilsette i alle stillingar og lite sjukefråvær

### HELSE

Helse hadde eit samla meirforbruk i 2019 på kr. 1.156.472,-.

Ramma vart auka med kr 1.930.000 på 2. tertial.

Kostnader til transport av lege på vakt med ambulansébåtane har auka og beredskapsgodtgjering er høgare enn berekna. Når det gjeld refusjon av ambulansébåtane vil det avhenge av kor mykje båtane vert brukt. Aukra kommune dekkjer 50 % av all legevaktkjøring i Aukra, Midsund og Sandøy. Kostnadane avheng av kor ofte og kor langt båtane køyrer, samt prisstigning kvart år. Det vert tilført kr 870.729 i 2. tertial, men det var ikkje nok, samla underskot vart på kr. 976.501,-.

På helsestasjon er det eit underforbruk på kr. 722.487,-. Har ikkje fått krav fra Molde kommune når det gjelder jordmor tenesta.

Har hatt ubesatt stilling og i tillegg sykemeldingar som ikkje er blitt dekkja av vikar.

Underskot ambulansesbåt er på kr. 918.235,-. Det meste skriv seg frå ekstra vedlikehaldskostnader og noko løn sjukevikarar.

## NAV

NAV Aukra har i 2019 hatt eit overforbruk

Avviket på -742 575 skuldast fleire forhold:

Administrasjon: Ansvar 5000 funksjon 242, eit avvik på - 620 596:

- \* Inventar og utstyr: - 44 322: Investeringar i digitalt utstyr. Vi har i 2019 teke fleire grep mot digitalisering av NAV kontoret med mobilitetsløsning. Innkjøp av berbare PC 'ar, kontormobil og utstyr, trådløst nettverk. Dette var grep som var nødvendig å få gjennomført i 2019.
- \* Auka utgifter til post (vesentlig kostnad ved frankeringsmaskin) og straum
- \* Overføringar til staten: -573 893: Dette skuldast i hovudsak refusjon for leiarløn. Refusjon av leiarløn for tidligare år vart ikkje gjennomført og dette vart retta opp i 2019. Det er for 2019 ført korrekt refusjon og ein har innført rutinar som syter for at dette ikkje skal skje.

Tenestar utanfor ordinært kommunalt ansvar: Ansvar 5000 funksjon 285, totalt eit avvik på - 123 676:

Utgifter med eit avvik på - 265 857:

Dei same avvika som er nemnt over under ansvar 5000, funksjon 242.

Inntekter med eit avvik på + 142 061: Refusjon. Tett samarbeid med eining for innvandring er ein føresetnad for at vi gjer ein god jobb i oppfølging av flyktningane. Vi har i NAV ein person som har hovudansvar for oppfølging av desse brukarane og har møter kvar veke med eining for innvandring. Det er ei stor brukargruppe i NAV. Dette er inntekter frå eining for innvandring, refusjon for ein del av det arbeidet denne ressurspersonen gjer.

Sosialhjelp og rådgjeving: Ansvar 5010 - eit avvik på -98 12

Funksjon 281: Økonomisk sosialhjelp (lån og bidrag): + 183 381

Før sumaren i 2019 blei det søkt om auka budsjett for sosialhjelp grunna stor pågang til søknad om sosialhjelp. Mange unge under 30 år som står langt frå arbeidslivet, auka brukarar med rusproblem, einslege unge med deltidsarbeid og flyktningar som står langt frå arbeidslivet.

Avvik skuldast: Refusjonar frå stat ved at nokon av dei fikk innvilga varig stønad frå NAV etter fullført avklaring, fleire av brukarane som hadde langvarig sosialhjelp med høge utgifter flytta ut frå kommunen, samt nokon med langvarig sosialhjelp som hovudinntektskilde har fått rett på statleg stønad (overgang til ny rettighet).

## TEKNISKE TENESTER

Dersom ein held sjølvkostområdet utanfor, viser drifta eit meirforbruk på områda veg og brannvern. Årsaka er store utgifter til vintervedlikehald, ekstra reparasjon av veg i Ragnarlund, nødvendig asfaltering og store utgifter til reparasjon av veglys.

Også innan brannvern er det eit meirforbruk som skuldast kostnadsauke i avtaler med Molde Brann og redning, og feilbudsjettering av arbeidsgjevaravgift og pensjon.

Eininga har eit mindreforbruk på området plan, byggesak og oppmåling som skuldast gebyrinntekter og frikjøp i del av ei stilling.

Ramma vart korrigert med 1,25 millionar 2. tertial grunna auka kostnader til reinhald og straum i Eigedomsavdelinga.

Sjølvkostområdet viser eit mindreforbruk som skuldast mindre utgifter til vedlikehald og innleige av konsulentar enn planlagt.

# Driftsinntekter


Sum driftsinntekter i 2019 er på 615,4 mill. kroner som er kr. 18,5 mill. høgare enn budsjettert.

Auka inntekter skriv seg i all hovudsak frå desse forhold:

- Ved utgangen av 2019 hadde Aukra inntekt frå skatt og formue som var 4,1 mill. kr. høgare enn budsjettert. I budsjettet for 2019 var det opphaveleg lagt til grunn at vi skulle ha ei utvikling på skatt av inntekt og formue lik landet elles. Ved økonomirapportering pr. 31.08.18 vart det meldt om reduserte inntekter frå skatt på inntekt og formue i forhold til vedteke budsjett. På dette grunnlaget, vart inntektene samla redusert med 1,5 mill. kr. Endeleg skatteinngang fekk ei anna utvikling, der ein for 2019 samanlikna med 2018 har ein vekst i samla skatteinntekter på 9,6 prosent, medan landet elles har ei auke på 4,0 prosent. Pr. innbyggjar (inkl. skatteutjamning) er veksten på 5,9 prosent, medan landet elles har ei auke på 3,1 prosent.
- Ved utgangen av 2019 hadde Aukra eit rammetilskot som var 2,3 mill. kr. høgare enn budsjettert. Årsaka er auka inntektsutjamning i forhold til revidert budsjett. Ved økonomirapportering pr. 31.08.19 vart det meldt om ei venta auke i rammetilskot i forhold til vedteke budsjett med kr. 2,8 mill. Inntektsutjamninga var i opphaveleg budsjett fastsett ut frå ei forventning om at kommunen sin skatteinngang ville ligge på om lag 92 prosent av landsgjennomsnittet. Endeleg skatteinngang viste at skatteinngangen vart på 94,2 prosent av landsgjennomsnittet, og dermed noko lågare inntektsutjamning enn føresett i opphaveleg budsjett, men likevel noko høgare enn etter endring i 2. tertial. I tillegg mottok kommunen eit skjønstilskot grunna bortfall av eigedomsskatt med kr 1 mill. som ikkje vart teke omsyn til ved budsjetteringa av rammetilskotet.
- Refusjon sjukeløn og fødselspermisjon er 6,2 mill. kr. høgare enn budsjettert.

## Sum driftsinntekter

Tal i heile 1000 kr



## Kommunen sine frie inntekter frå statlege overføringar og eigendomsskatt

	2017	2018	2019	Pst.
Rammetilskudd	101 823	111 825	114 355	24
Skatt på inntekt og formue	102 416	97 066	106 388	21
Eigendomsskatt	228 649	258 822	257 802	55
<b>Sum</b>	<b>432 888</b>	<b>467 713</b>	<b>478 545</b>	<b>100</b>

Tal i heile 1000 kr

- Andre statlege refusjonar og tilskot er auka med kr. 7,2 mill. Eininga Innvandring og integrering har den største reduksjonen medan Kultur, Institusjon og busteneste og Helse har motteke større statlege overføringar enn det som er teke med i sine detaljbudsjett.


Frå 2018 til 2019 har inntektene auka med kr. 16 mill. og dette skriv seg hovudsakleg frå auke i andre sals- og leigeinntekter, rammetilskot og inntekt frå skatt på inntekt og formue.

# Driftsutgifter

Sum driftsutgifter var i 2019 på kr. 469,7 mill. som er 25,5 mill. kroner høgare enn budsjettet. Dette skuldast auke i fastløn, vikarutgifter og utbetaling av overtid ved sjukefråvær som er vesentleg høgare enn budsjettet nivå. Motteke sjukerefusjon dekkjer deler av denne auka. Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen og kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjonen har og ei vesentleg auke i forhold til det som er budsjettet. Frå 2018 til 2019 har sum driftsutgifter auka med 9,8 mill. kroner, tilsvarande 4,3 pst. Dette er ei høgare auke enn i 2018 på 2,3 pst.

## Sum driftsutgifter


Tal i heile 1 000 kr



## Brutto driftsutgifter på tenesteområda

	2017	2018	2019
Politisk styring og beslutning	4 384	4 391	5 211
Administrasjon og styring	26 805	26 450	27 211
Barnevern	27 034	7 647	7 208
Grunnskole	90 008	89 376	93 127
Barnehage	41 453	40 538	42 439
Kultur	12 211	13 798	15 755
Pleie og omsorg	104 675	110 101	114 699
Kommunehelse	16 191	19 943	19 851
Sosialteneste	19 450	39 078	33 667
Fysisk planlegging, kulturminne, natur, nærmiljø	11 147	8 761	8 671
Vatn, avløp og renovasjon	19 832	19 934	17 816
Kyrkja	4 135	6 627	4 613
Samferdsel	11 368	11 010	12 557
Kommunale bustader	3 938	3 421	3 417
Brann- og ulukkesvern	5 653	6 079	6 815
Næring	6 011	6 186	4 245
Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	33 593	39 063	38 998
Fellesutgifter (diverse fellesutg., premieavvik og premiefond)	-3 203	-6 936	-5 657
	434 684	445 467	450 644

Innanfor det enkelte tenesteområde samsvarar det nødvendigvis ikkje med rammenivået i Aukra kommune.

**Brutto driftsutgifter på tenesteområda, i pst.**

# Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapen viser investeringar i anleggsmidlar som er 19,6 mill. lågare enn budsjettet. Årsaka er forsinka framdrift i nokon av dei store investeringsprosjekta. Dei små investeringsprosjekta har og eit vesentleg mindreforbruk som hovudsakleg kan forklarast med at fleire av dei enno ikkje er sett i gang, og at framdrifta for andre er forsinka.

Det var for 2019 planlagt ei investering i anleggsmidlar som var kr. 85,9 mill. lågare enn i 2017.

Reduserte investeringar i forhold til budsjett førte til mindre inntekter frå momskompensasjon, som er redusert med kr. 3,2 mill. Sal av driftsmidlar og fast eigedom er kr. 3,9 mill. lågare enn det som var lagt til grunn i budsjettet. Samtidig er det motteke statlege overføring med kr. 2,9 mill. knytt til bustad Bergtun som ikkje var budsjettet i 2020. Samla er det ei


mindreinntekt til finansiering av investeringar på kr. 4,2 mill. som er kompensert gjennom auka bruk av disposisjonsfondet.

Mottekne ekstraordinære avdrag på forvaltingslån er avsett til bunde fond for utbetaling i 2019.

Investeringane i 2019 vart hovudsakleg finansiert ved statleg tilskot, momskompensasjon og bruk av disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit resultat utan udekkka/ udisponerte løyvingar.

## Utvikling i investeringsutgifter frå 2014-2019



## Balansen – diverse nøkkeltall

### Arbeidskapital

Seier noko om kommunen sin evne til å betale for sine forpliktingar etter kvart som dei forfell. Blir berekna som differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Likviditeten målt som arbeidskapitalens driftsdel bør minst utgjere 5 % av kommunens driftsinntekter. Oversikta viser at Aukra kommune har svært god likviditet.

Tal i heile 1 000 kr

Arbeidskapital	2017	2018	2019
Arbeidskapital	438 868	545 818	679 669
Arbeidskapital i % av sum driftsinntekter	78,0	91,1	110,5




### Disposisjonsfond inkl. fastlandsløysing

Seier noko om kor mykje kommunen har i frie reserver, dvs del av frie inntekter som ikkje er brukt i drifta. Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss storleik for å møte ikkje venta kostnader, svikt i dei frie inntektene og finansieringa av framtidige investeringar. Kommunen sitt generelle disposisjonsfond er på kr. 95,1 mill., tilsvarande 15,47 prosent av sum driftsinntekter. Det er eit mål i kommunen sine økonomiske handlingsreglar at dette er på minimum 8%.

Tal i heile 1 000 kr

Disposisjonsfond	2017	2018	2019
Disposisjonsfond	411 846	524 792	654 305
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	73,2	87,6	106,3






**Netto lånegjeld i pst. av driftsinntektene**

Seier noko om kommunens soliditet dvs. fordeling mellom gjeld og egenkapital. I lånegjelda er formidlingslån og pensjonsforpliktingar halde utanom. Aukra kommune hadde pr. 31.12.2019 ei langsiktig gjeld på kr. 881,4 mill., av dette utgjorde pensjonsforpliktingane kr. 492,6 mill. og formidlingslån kr. 38,9 mill. Netto lånegjeld utanom pensjon og formidlingslån har blitt redusert med kr. 35,3 mill. frå 31.12.2018.

Tal i heile 1 000 kr


Netto lånegjeld	2017	2018	2019
Netto lånegjeld	420 457	385 169	349 938
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	118 272	108 285	99 726
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	73,2	87,6	106,7

**Netto eksterne finansutgifter**

Viser kor stor del av kommunens driftsinntekter som blir nytta til å betale renter og avdrag.

Tal i heile 1 000 kr

Netto eksterne finansutgifter	2017	2018	2019
Netto finans og avdrag	27 397	38 962	16 115
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	4,9	6,5	2,6



# Etikk

*«Etikk er grunnlaget for våre moralske vurderingar og går ut på å ta stilling til om dei reglane tilsette og politikarar nyttar er riktige eller gale.»*

Aukra kommune vedtok etiske retningslinjer i 2018. Desse skal, saman med kommunen sine verdiar, setje ein standard for korleis tilsette skal gjennomføre oppgåvene sine på ein måte som gir tillit blant innbyggjarane. Tillit er ein viktig føresetnad for demokratiet og for kommunen sitt omdømme saman med openheit og respekt. Ytringsfridomen står sterkt, og med dei nye kanalane som den digitale utviklinga opnar opp for, har kommunen for ei stund tilbake etablert ei Facebook-side som gjeld for heile den kommunale verksemda. Ansvar for publisering og vedlikehald av denne sida ligg til serviceavdelinga. I tillegg har einingane eigne Facebook-sider. Det er etablert ein overordna strategi for korleis tekst og bilete skal bli publisert for å ivareta personvernet og kommunen sine saksbehandlingsreglar, samt korleis tilsette kan svare på innlegg frå publikum.

Aukra kommune stiller høge krav til habilitet, rettferdig og upartisk behandling. Akt på nære relasjonar er viktig for arbeidsmiljøet og arbeidsgjevars ønske om ikkje å sette tilsette og kollegaer i vanskelege situasjonar. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å sikre ordningar som gjer at nære relasjonar ikkje får konsekvensar for verksemda, og at den eine part i eit nært forhold ikkje kan kontrollere den andre part sitt arbeid/data i ein kontrollkjede. Dei tilsette har ei plikt til å opplyse om relasjonar som kan påverke det psykososiale miljøet på arbeidsplassen.

# Likestilling

Aukra kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass og fordelinga av kvinner og menn på stillingskodene er veldig kjønnsdelt. Både Oppvekst og kultur og Helse, omsorg og velferd har 82 pst. kvinner, mens Sentraladministrasjonen har 71 pst. og Tekniske tenester har 43 pst. kvinnedel. I undervisningssektoren er dei med kortast eller utan utdanning kvinner, mens det ved høgare utdanning er ei jamnare fordeling.

I leiargruppa er det 4 menn og 13 kvinner. Kommunedirektøren og teknisk sjef er kvinner. Det er og mest kvinner blant mellomleiarane.

Ved rekruttering blir det underrepresenterte kjønn valt når dei elles står likt kvalifikasjonsmessig. Over tid ser ikkje dette ut til å bidra til utjamning av kjønnsforskjellane.

## Kjønnsfordeling etter område

	2017		2018		2019	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Sentrale styringsorgan	5	14	5	13	5	13
Oppvekst og kultur	38	153	39	159	37	168
Helse, omsorg og velferd	28	156	31	154	35	155
Tekniske tenester	34	21	33	20	27	18
Total	105	344	108	346	104	354
I prosent	23 %	77 %	24 %	76 %	23 %	77 %
Leiargruppa	6	13	3	14	4	13

## Oversikt over tilsette i Aukra kommune fordelt på einingar, kjønn, heiltid/deltid

	Tot. tal på tilsette	Totalt antall tilsette		Full stilling		Deltid		Europeiske arb.takere		Ikkje Europa
		Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
Sentraladministrasjonen	18	5	13	5	9	0	4	0	1	0
Gossen barne- og ungdomsskole	60	12	48	9	36	3	12	2	0	0
Julsundet skole	39	11	28	9	19	2	9	0	2	2
Bergetippen barnehage	22	2	20	2	9	0	11	0	1	0
Barnebo barnehage	33	0	33	0	22	0	11			
Innvandring og integrering	24	8	16	8	15	0	1	0	0	4
Kultur	20	6	14	2	4	4	10	2	4	1
Pleie og omsorg	158	23	135	11	57	12	78	1	1	9
NAV	4	0	4	0	2	0	2	0	2	0
Helse	23	8	15	5	8	3	7	0	0	0
Tekniske tenester	53	33	20	17	4	16	16			
<b>Totalt</b>	<b>454</b>	<b>108</b>	<b>346</b>	<b>68</b>	<b>185</b>	<b>40</b>	<b>161</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>16</b>

## Deltid

Stillingsbrøk	Menn			Kvinner			Andel av tilsette (%)		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2017	2018	2019
100	66	68	66	150	185	194	56	57	60
80-99,9	3	6	3	61	69	64	15	16	16
60-79,9	2	2	2	39	31	30	8	7	7
50-59,9	4	4	4	25	16	12	4	4	4
25-49,9	3	4	7	31	23	22	6	6	7
<24	28	24	18	35	21	16	9	10	8

Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen.

60 pst av alle tilsette arbeider heiltid og 16 pst. mellom 80-99,9 pst stilling. Dette er gode tal. Det er ikkje muleg å sette tal på kor mange som har nedsett stillingsprosent på grunn av helse, men ein stor del av dei med deltid under 80 pst. har valt dette av helsemessige eller om-

sorgsmessige årsakar. I tillegg har kommunen tilsette som går i deltidstilling samtidig som dei studerer. Mange av desse er potensielle arbeidstakarar etter utdanninga. Gjennomsnittleg stillingsstorleik i Aukra kommune er no på 84,5 pst.

## Lønn for kvinner og menn

SSB sin statistikk viser at lønnsnivået for menn i kommunal sektor ligg 5,4 pst. høgare enn for kvinner.

Lokalt ligg lønnsnivået for menn høgare både i leiargruppa og blant tilsette elles. Det blir ikkje gjort forskjell på kjønn for dei som har tariffbe-

stemt lønn. Forskjellane kjem der det gis personleg lønn. Dette er på mellomleiarnivået og blant ingeniørar og individuelle stillingstyper med særleg fagansvar. Td har menn 7,9 pst. høgare lønn for ingeniørar med stillingskode 8084 mens forskjellen er 17,8 pst. i favør menn i mellomleiarstillingar med krav om høgskole.

## Gjennomsnittleg årsløn

Tal i heile 1000

	2017			2018			2019		
	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør	Menn	Kvinner	Differanse i menns favør
Leiargruppa	796	783	1,70 %	879	799	10,00 %	883	838	5,4 %
Andre	467	442	5,7 %	483	446	7,3 %	479	445	7,1 %

## Utdanning

Tal i %

	Ufaglært			Fagutdanna			Høgskole/universitet		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Menn	32	31	33	21	19	21	48	49	46
Kvinner	25	28	25	27	26	27	48	44	48
<b>Totalt</b>	<b>26</b>	<b>26</b>	<b>20</b>	<b>25</b>	<b>23</b>	<b>28</b>	<b>48</b>	<b>51</b>	<b>52</b>

Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen

## Likestillingsindeksen 2018

	Kommunen		Heile landet	
	2017	2018	2017	2018
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	90,60	89,00	91,30	91,70
Andel menn blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	61,90	61,90	61,00	61,00
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	38,10	38,10	39,00	39,00
Andel menn med høyere utdanning (prosent)	19,60	19,10	29,50	30,00
Andel kvinner med høyere utdanning (prosent)	31,20	32,30	37,20	38,00
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	80,10	80,20	79,00	80,00
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	75,50	75,30	74,60	75,40
Gjennomsnittlig bruttolinntekt, menn (kr)	524 700	567 200	533 900	550 300
Gjennomsnittlig bruttolinntekt, kvinner (kr)	335 000	344 900	369 600	382 000
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	17,30	15,70	19,60	18,80
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	45,10	43,70	42,70	41,30
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengeperioden	73,40	73,80	69,80	70,60
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,44	0,43	0,60	0,60
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	20,10	21,50	29,90	29,90
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	79,90	78,50	70,10	70,10
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	70,70	70,30	63,40	63,20
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	29,30	29,70	36,60	36,80
Andel menn blant ledere (20-66 år) (prosent)	65,30	62,30	64,10	63,70
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	34,70	37,70	35,90	36,30
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,65	0,60	0,67	0,67

